

Årsrapport 2008

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Innhold

Kapittel 1 - Om embedet	Side 3
Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer	Side 6
Kapittel 3 - Resultatområder	Side 11
Kongehuset	Side 11
Miljøverndepartementet	Side 12
Landbruks- og matdepartementet	Side 19
Kunnskapsdepartementet	Side 27
Barne- og likestillingsdepartementet	Side 35
Justis- og politidepartementet	Side 38
Kommunal- og regionaldepartementet	Side 42
Arbeids- og inkluderingsdepartementet	Side 46
Helse- og omsorgsdepartementet	Side 48
Statens Helsetilsyn	Side 62
Samferdselsdepartementet	Side 63
Utenriksdepartementet	Side 64
Kultur- og kirkedepartementet	Side 64
Fornyings- og administrasjonsdepartementet	Side 65

Kapittel 1 - Om embetet

1.1 Tilstanden i embetet og fylket – generelt

Stabilisering av folketalet

Sogn og Fjordane har hatt ein liten, men gledeleg auke i folketalet dei siste to åra. Framleis er det slik at sentra veks. Sterkast har veksten vore i Førde, Sogndal, Stryn og Flora. Fleire av kystkommunane våre har ein urovekkjande stor nedgang i folketalet. Unntaka her er Bremanger og den minste kommunen i fylket, Solund.

Frå vekst til krise

Dei siste åra har næringslivet i Sogn og Fjordane hatt ein uvanleg god vekst. Tilgang på nok arbeidskraft har vore største utfordringa for mange verksemder. Nedgangen i verdsøkonomien har også råka Sogn og Fjordane. Frå desember 2007 til desember 2008 auka talet på heilt ledige i fylket med 64 prosent. 781 personar var heilt ledige, og dei utgjorde 1,4 prosent av arbeidsstyrken. Mot slutten av året opplevde fleire bransjar, mellom anna bygg og anlegg, sterkt nedgang. Sogn og Fjordane har ein relativt høg andel sysselsette i industrien, og ligg i landstoppen når det gjeld eksportverdi pr innbyggjar. Mange kommunar er svært avhengige av desse konkurranseutsette arbeidsplassane. Medan vi skriv årsrapporten, går følgsmeden Fundo i Høyanger konkurs. Tek vi med konsekvensar for underleverandørane, betyr det 400-500 tapte arbeidsplassar i ein kommune med vel 4300 innbyggjarar.

Rekruttering framleis ei utfordring

Etterkvart har leiarar både i offentleg og privat sektor erkjent at det må satsast meir på rekruttering, og betre profilering av moglegitene fylket vårt har å by på. Sjølv om mange bransjar melder om redusert arbeidskraftbehov i tida som kjem, er det ingen grunn til å tone ned innsatsen for å auke tilflyttinga til fylket. Ei kartlegging utført av KS Sogn og Fjordane, viser store rekrutteringsutfordringar i offentleg sektor framover. Ein firedel av dei tilsette i dei vidaregåande skulane i fylket er over 57 år. Eit samla oversyn for kommunane viser at 20 prosent av dei tilsette i grunnskulen og 25 prosent i pleie og omsorgstenesta er over 57 år.

Lågare realvekst

Kommunal økonomi har i mange år vore krevjande i Sogn og Fjordane. Det var ei betring i åra 2004 til 2006, men vart svekka igjen i 2007 og 2008. Statsbudsjettet for 2008 la opp til ein realvekst i frie inntekter, men mykje av veksten kom alt i 2007. Endringa fra rekneskapstal 2007 til budsjett 2008 vart derfor negativ med -0,4 %. Tilsvarande tal for landet var - 0,7 %. I løpet av året auka skatteinntektene meir enn det som vart lagt inn i statsbudsjettet. Men fordi løns- og prisveksten vart mykje sterkare, førte dette til lågare realvekst.

I 2008 var 7 av dei 26 kommunane i fylket i Robek-registeret. Av dei 7 kommunane er Bremanger og Vik i registeret pga. Terra-saka. Ein aksjemarknad som stupte i 2008 vart spesielt merkbar for kommunar som hadde basert seg på slike inntekter i drifta.

Fleire av kommunane har nedgang i folketalet, eller veksten er under landsgjennomsnittet. Dette fører til at desse kommunane får ei svakare utvikling i frie inntekter. Kommunane i fylket kom samla sett betre ut enn landet i omlegging av inntektssystemet som skal gjelde frå 2009.

Best i matematikk

Dei elevresultata som får størst merksemd, er nasjonale prøvar på 5. og 8. årstrinn og grunnskulepoeng, som er summen av alle eksamens- og standpunkt-karakterane. Elevane på 5. årstrinn ligg på landsgjennomsnittet. På 8. årstrinn er vi blant dei beste fylka. I rekning er Sogn og Fjordane klart best i landet. Fylket er også klart best når det gjeld grunnskulepoeng. På mange måtar er grunnskulepoeng ein betre målestokk på kva elevane har lært enn nasjonale prøvar, fordi dei femner breidda i læreplanane i langt større grad enn dei nasjonale prøvane.

God barnehagedekning

I 2008 vart det vedteke å lovfeste rett til barnehageplass frå august for alle barn som har fylt eitt år innan utgangen av august. Retten trer i kraft i 2009. Sogn og Fjordane har god barnehagedekning. Alle kommunane i fylket svarte i

2008 at dei i 2009 vil kunne oppfylle retten til barnehageplass dersom søkera held seg på om lag same nivå som i 2008.

Viktig satsing på entreprenørskap

Satsinga på entreprenørskap held fram. Samfunnsutviklinga gjer at entreprenørskapshaldninga og -kunnskapar vert stadig viktigare. Partnarskapen som arbeider med entreprenørskap ønskjer ei evaluering av denne satsinga. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil finansiere ein omfattande vitskapleg studie. Kunnskapsparken i Bodø er engasjert til dette arbeidet. Både skuleeigarar, rektorar, lærarar og elevar skal intervjuast tidleg i 2009, og det er første gong i Noreg at ein slik studie og fokuserer på kvalitative forhold.

Satsing på kulturlandskap i verdsarvområda

For 2008 vart det for første gong sett av om lag 4,4 milionar kroner i statsbudsjettet i eit spleislag mellom Landbruks- og matdepartementet og Miljøverndepartementet til oppfølging av tiltaksplanen for kulturlandskap i Vestnorsk Fjordlandskap (Nærøyfjorden og Geirangerfjorden).

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Romsdal fylke tildelte midlane etter avtale med brukarane som er knytte til Vestnorsk Fjordlandskap. I avtalen ligg arealbidrag til å pleie prioriterte kulturareal, og beitebidrag for å sikre nok beitedyr til å ta vare på dei viktigaste kulturlandskapsområda. Alle som bur i verdsarvområdet er vitja, og har formidla synspunkt på korleis ein kan oppretthalde eit aktivt landbruk i området. Første byggjesteinen kom på plass i 2008, og no er det viktig å vidareutvikle arbeidet i verdsarvområda.

Eit klima i endring

Det er ikkje tvil om at folk i fylket er opptekne avvêret. Eit oppslag om uvêr i januar, illustrert med Petter Øgar sitt biletet av bølgjene som slo over Esso-stasjonen på Leikanger, var den mest lesne saka på nettstaden til NRK Sogn og Fjordane i 2008.

Fylkesmann Oddvar Flæte vart i desember oppnemnt som leiar av eit offentleg utval som skal sjå på samfunnet si sårbarheit for klimaendringar og føreslå tilpassingstiltak. Utvalet skal levere ein rapport (NOU) til regjeringa i løpet av hausten 2010. Rådmannen i Sogndal, Jostein Aanestad, er medlem i utvalet, og fylkesberedskapssjef Haavard Stensvand er knytt til sekretariatet.

Arbeidet med ny fylkesdelplan for klima og miljø er snart ferdig, og planen kan verte ein god rettleiar i arbeidet med både å redusere klimagassutslepp i fylket og å tilpasse oss klimaendringane.

1.2 Rapportering på ressursbruk

Økonomiske forhold hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i 2008

Embetet si tildeling i 2008 over kap.post 1510.01 var på kr 59.558.765,-. Dette er inkludert tildeling til landsdekkande oppgåver som Trippelnett og Fri rettshjelp.

I tillegg til dette fekk vi inn refusjon sjuke- og foreldrepengar på totalt kr 1.579.036,- og inntekter teknisk divisjon samt refusjon for reinhald på kr 175.263,-.

Sum tildeling og refusjon over kap. 1510.01 var på kr 61.313.064,-. Av dette vart kr 58.395.464,- nytta til ordinær drift. Embetet hadde difor eit mindreforbruk på kr. 2.917.601,- i 2008.

Mindreforbruket skuldast mellom anna at vi i 2008 hadde ei innsparing på kr 1.440.000,-. Vi fekk fullt ut refusjon for husleigeutgiftene over kap.post 1510.01 i tillegg til at vi fakturerte Skatteopplysningne for det arealet dei leiger av embetet.

Vi mangla også ein faktura frå Skatt Vest på utgifter i samband med kontortelefonen. Denne er truleg på ca kr 400.000,-. Utgifta vil kome i 2009. Ca 1 million av mindreforbruket skuldast tilbakebetaling av pengar frå huseigar som vi betalte i 2005, auke i løns-, reise- og overheadrefusjon i frå prosjektmidlar samt auke i sjuke- og foreldrepengrefusjon.

Embetet finansierer ein del av si ordinære drift gjennom inntekter frå andre etatar samt løns-, reise- og overheadrefusjon i frå prosjektmidlar. Dette utgjer ca kr 20 millionar eller 25% av ordinære drifta. Samla inntekter for den ordinære drifta inkl. landsdekkande oppgåver i embetet var i 2008 på kr 81.132.961,

embetet i 2008 har inntektsført prosjektmidlar i frå FAD, Direktoratet for naturforvaltning og Statens forureiningstilsyn som skal nyttast i 2009.

1.2.1 Embetet som helhet

Embete har fleire landsdekkjande oppgåver, mellom anna Trippelnett, partistøtteordninga og fri rettshjelp. Ressursane som er knytte til desse tenestene, er definert som administrative ressursar. Vi reknar med at om lag 5 årsverk er direkte knytte til desse landsdekkjande tenestene.

Departement	FMSF	Sum	
	1510 Fagdep. 1510 Fagdep.		
Kongehuset	12	0	12 0
Fornyings- og administrasjonsdepartementet	17		17 0
Arbeids- og inkluderingsdepartementet	30	69	30 69
Barne- og likestillingsdepartementet	80		80 0
Helse- og omsorgsdepartementet	216	91	216 91
Statens Helsetilsyn	149	41	149 41
Justis- og politidepartementet	177	0	177 0
Kommunal- og regionaldepartementet	189		189 0
Kultur- og kirkedepartementet	10		10 0
Kunnskapsdepartementet	208	85	208 85
Landbruks- og matdepartementet	901	45	901 45
Utenriksdepartementet	2		2 0
Samferdselsdepartementet	1		1 0
Miljøverndepartementet	609	128	609 128
Administrasjon	1013	0	1013 0
Embetsledelse	66	0	66 0
Sum:	3680	459	3680 459

1.2.2 Det administrative området

Embetsleiinga:

Fylkesmannen hadde i november og desember 2008 studiepermisjon. Studiepermisjonen heldt fram to månader inn i 2009. Assisterande fylkesmann fungerte i stillinga i denne tida. Også på grunn av sjukdom og vakanse har embetet vore utan eigen ressurs som assisterende fylkesmann i tilsvarende 7 månader.

Område	FMSF	Sum	
	1510 Fagdep. 1510 Fagdep.		
Embetsledelse (FM og ass. FM)	66	0	66 0
Administrativ ledelse (adm sjef el. tilsvarende)	40	0	40 0
Arkiv	203	0	203 0
Regnskap og lønn	102	0	102 0
Personal	71	0	71 0
IKT	183	0	183 0
Informasjon	46	0	46 0
Ekspedisjon/forværelse	62	0	62 0
Statens hus (vaktmester, kantinge, sentralbord, renhold mm)	90		90 0
Landsdekkende oppgaver på administrativt område	216		216 0
Sum:	1079	0	1079 0

1.3 Andre forhold

Grøn stat - miljøleiing i staten

Fylkesmannen innførte Grøn stat - miljøleiing i staten som eit embetsprosjekt i 2008. Følgjande målsetjingar ligg til grunn for miljøtiltak hos Fylkesmannen (er nærmare spesifisert i eit vedlegg til handlingsplanen):

- Fylkesmannen skal føreta mest mogleg miljøvenlege innkjøp
- Transport i tenesta skal så langt det er praktisk mogleg føregå på mest mogleg miljøvenleg måte
- Transport til og frå arbeidsplassen skal så langt det er praktisk mogleg føregå på ein mest mogleg miljøvenleg

måte

- Energibruken i lokal til Fylkesmannen skal vere på eit lågast mogleg nivå.

Det er utarbeidd ein konkret miljøhandlingsplan for miljøleiing hos Fylkesmannen. Planen skal vidare sikre at ansvaret for å gjennomføre tiltaka vert klårt fordelt. Det er sett opp fristar og ansvar for dei ulike aktivitetane.

Då handlingsplanen først vart ferdig i desember 2008, er det 2009 som vil vere første året der vi kan måle korleis dei ulike måla vert følgde opp.

Vi har likevel starta opp nokre tiltak alt i 2008:

- Registrering av andel tilsette som går/syklar/reiser kollektiv/køyrer i lag til og fra arbeid
- Innsamling av data fra den årlege gå-/og sykkelaksjonen
- Registrering av tal video- og telemøte
- Gjennomført ny avfallssortering Statens Hus
- Starta opp registrering av papirforbruk
- Personlege miljømål som eige punkt i medarbeidarsamtalane
- Registrering av årleg energiforbruk i bygningsmassen

Kunnskapsdeling og -lagring

Eit avdelingsovergripande prosjekt i 2008 såg på kunnskapsdeling og -lagring. Målet er å sikre og å utnytte betre den samla kunnskapen i embetet. Då tenker vi først og fremst på korleis vi deler kunnskapen om verksemdområde, kommunar og institusjonar med kvarandre slik at embetet kan gjere ein god og stadig betre jobb. Tilgang på slik kunnskap er òg viktig for å redusere sårbarheit ved fråvær og jobbskifte. Det første prosjektet vart avslutta hausten 2008. No er vi i gang med neste fase i prosjektet der vi tek i bruk nye digitale verktøy for å sikre god kunnskapsdeling, samstundes som vi jobbar med å innføre gode haldningar for korleis vi deler kunnskap med kvarandre og også sikrar at kunnskap ikkje går tapt.

Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer

2.1 Generelle samordningsoppgåver. Fornying av offentleg sektor

Fylkesmannen har som mål å besøke alle kommunane i løpet av ein valperiode. Det er gjennomført 8 kommunebesøk i 2008. Utveljing av kommunar for kommunebesøk vert heretter i større grad gjort på grunnlag av ROS-vurderingar. Arbeidet starta hausten 2008, og vil halde fram i 2009.

Arbeidet med samordning av det statlege tilsynsarbeidet vart vidareført i 2008. Det vart gjennomført ein intern dag og eit dagsmøte saman med andre statlege tilsynsetatar.

Kommunane si finansforvaltning var tema på fleire av Fylkesmannen sine møteplassar i 2008, m.a. på den årlege kommunekonferansen og møte i økonomintverket for kommunane.

Fornying og omstilling har også vore eit prioritert område i 2008. Vi har informert om fleire fornyingsprosjekta i form av artiklar på nettstaden vår. Fleire av prosjekta er presentert på Fylkesmannen sine møte og konferansar. Nokre av prosjekta har også hatt innlegg på konferansar med heile landet som målgruppe. Fleire av prosjekta er også av nasjonal interesse.

Oppfølging av i dei bilaterale samarbeidsavtalane har vore tema på drøftingsmøte mellom KS og Fylkesmannen.

Fylkesmannen ser til at universell utforming er teke inn som tema i alle kommuneplanar og kommunedelplanar. Spesielt er det viktig i høve til tilgjenge i offentlege bygg og ved regulering av tettstader. Fylkesmannen ser svært positivt på at Flora kommune har lagt fram planprogram for kommunedelplan for universell utforming.

2.2 Velferd, helse og personleg tenesteyting

Fylkesmannen og Helsetilsynet i Sogn og Fjordane har gjennomført pålagde landsomfattande tilsyn. Det er

gjennomført 6 tilsyn med tilbodet til heimebuande barn som har behov for tenester regulert i barnevern-, helse- og sosiallovgivninga. Helsetilsynet i Sogn og Fjordane har delteke i eit regionalt tilsynslag som har ført tilsyn med distriktspsykiatriske senter (DPS) i heile helseregionen. Det vart gjennomført tilsyn ved eit DPS i Sogn og Fjordane.

Fylkesmannen og Helsetilsynet i Sogn og Fjordane har gjennomført to fellestilsyn med kommunale helse- og sosialtenester til eldre i omsorgsbustadar. Vidare er det gjennomført eitt tilsyn med legemiddelhandsaming i spesialisthelsetenesta, og to tilsyn der temaet var om pasientane får dekt sine grunnleggande behov.

Fylkesmannen har kome med innspel til revisjon av kommuneplanar og kommunedelplanar i 7 kommunar i 2008. I 2008 er det oppretta ei tverrfagleg gruppe som skal kome med innspel til kommunane sine planar, der helse- og sosialavdelinga deltek saman med dei andre fagavdelingane. I handsaming og innspel til kommunane har vi peika på krav om helsekonsekvensutgreiingar og krav om plan for universell utforming.

Fylkesmannen har eit tett samarbeid med fylkeskommunen om partnerskapet for folkehelse. 20 av 26 kommunar i fylket har underteikna partnerskapskontrakt med fylkeskommunen. Det vert arrangert faste samlingar for koordinatorane i partnerskapskommunane fire gonger per år, i 2008 vart den eine samlinga avlyst grunna litra påmelding. Dessutan var alle kommunane inviterte til å delta på eit vekes kurs på høgskulen for folkehelse i Göteborg i april. Det er oppretta tverrfaglege folkehelsegrupper ved alle dei vidaregåande skulane i fylket. Sosiale skilnader i helse var eit av fleire tema på samlinga.

Alle kommunane har oppfylt vilkår for utbetaling av øyremerka tilskot i Opptrappingsplanen for psykisk helse, men vi har halde tilbake mindre delar av beløpet til 3 kommunar i 2008. Årsak til dette er overføring av ubrukte midlar / tiltak som ikkje er sett i verk. Det er gjennomført erfaringsutveksling med kommunane med fokus på innhald, kvalitet og kompetanse i psykisk helsearbeid. Psykisk helsearbeid er kopla mot folkehelsearbeid og Opptrappingsplanen for rusfeltet gjennom felles møtepunkt og plan for samarbeid. Vi har etalbert eit samarbeid med NAV fylke om Nasjonal strategiplan for arbeid og psykisk helse 2007 - 2012. Vidare er det gjennomført lokale møte mellom NAV og teneste for psykisk helsearbeid. Satsinga Psykisk helse i skolen 2007/2008 er avslutta, jf. artikkel i Helse- og sosialmelding 2008.

Fylkesmannen har oppretta ei eiga gruppe som har ansvaret for arbeidet med Omsorgsplan 2015. Vi arrangerer samlingar for helse- og sosialleiarane i kommunane to gongar i året. I dette forumet vert det mellom anna tatt opp tema som gjeld Omsorgsplan 2015.

Fylkesmannen bad kommunane om rapportere om behov for nye/ombygging av omsorgsbustader og sjukeheimar fram til 2015. Uforpliktande er det meldt behov på over 600 plassar. Husbanken har ein "kvote" på ca. 300 til Sogn og Fjordane for same periode.

Det knyter seg framleis stor usikkerheit til personellstatistikken i pleie- og omsorg og om veksten i talet på årsverk som KOSTRA-tala tyder på er reell. Talet årsverk for tilsette med fagutdanning aukar i fylket. Det er størst andel ufanlærde innan tenestene til psykisk utviklinghemma. 8 av 26 kommunar har likevel reduksjon i talet på årsverk frå 2006 - 2007. Kommunane samla rapporterer om planlagd vekst i talet på årsverk 2008 og 2009.

Sjølv om det er oppretta ulike desentrale utdanningstilbod både for vaksne og ungdom i fylket, går søkjartalet til helsefagarbeidarutdanninga ned. Den største utfordringa i dette fylket framover vil vere å rekruttere ungdom til denne utdanninga. Søknad til fagskuleutdanninga i psykisk helsearbeid har til no våre låg, medan det er tilfredstillande søknad til høgskuleutdanningane innan desse fagområda.

Både kommunane og dei ulike utdanningsinstitusjonane syner stor interesse for tilskotsmidlane knytta til Kompetanseløftet 2015. Kommunane seier at sjølv om tilskotet ikkje er stort, er det likevel eit viktig bidrag i kommunane sitt arbeid med rekruttering og kompetanseheving.

Kommunane i fylket har rapportert lokal norm for legedekning i sjukeheimar. Det har vore ei utfordring for Fylkesmannen å innhente denne rapporteringa. Fleire runder med etterspurnad og purring måtte til. Resultata syner at kommunane i dette fylket legg opp til lågare legedekning på sjukeheimane enn resten av landet. Ny norm varierer mellom 0,12 legetime per veke per plass til 1,13 legetime per veke per plass. Om lag halvparten av kommunane i fylket har planlagt auke i timetalet.

Etableringa av NAV-kontor har gått etter planane med 11 nye kontor i 2008. Dei fleste kommunane har lagt oppgåver ut over minstekravet inn i NAV, særleg ansvaret for rusomsorga.

Arbeidet med kvalifiseringsprogrammet og -stønaden har hatt stor fokus særleg andre halvår. Dei fleste kommunane oppnådde målkrav og samla for fylket vart det gjort vedtak om kvalifiseringsstønad for fleire enn måltalet for fylket. Med dei omfattande opplæringsbehovet på statlege dataløysingar og nye tilskotsordningar, har implementeringa av

dei øvrige sosiale tenestene i NAV-kontora hatt lite fokus dette året.

Vi har handsama 20 % fleire klagesaker i 2008 en året før. 95 % av sakene var handsama innan 2 månad og alle var ferdig innan fristen på 3 månader.

2.3 Oppvekst, barnehagar, utdanning og likestilling

Barnevern

Det vart gjennomført landsomfattande tilsyn med kommunale helse-, sosiale og barneverntenester til barn, eit samarbeidsprosjekt mellom Barne- og likestillingsdepartementet og Statens helsetilsyn. Tilsynet vart gjennomført i 6 kommunar. Fem av seks kommunar fekk avvik på grunn av brot på regelverket. Eit hovedfunn var at kommunane ikkje sikrar tilstrekkeleg samordning av tenester til utsette barn og unge.

Rapportane frå kommunane syner at meldingar og barn med tiltak berre auka. Barn med hjelpe tiltak har auka med 77,5 % sidan 1997. Meldingar til barnevernenesta har auka med 66,5 % dei siste 10 åra. I same periode har kommunale årsverk auka med berre 25,5 % (10 årsverk sidan 1997.) Frå 2007 til 2008 var det ein reduksjon på 2,9 årsverk. Ni kommunar har mindre enn 2 årsverk i barnevernenesta. Sju kommunar har etablert interkommunalt samarbeid.

Kompetansemidlar frå BLD blir brukt i eit større opplæringsprogram for tilsette i den kommunale barnevernstenesta og tilsette i institusjonane. Opplæring går over 5 samlingar i 2008 og 2009 og er eit samarbeid med Bufetat, fagteamet. Totalt er det 100 deltakarar.

Det har vore utført 25 tilsyn med barneverninstasjonane, både individtilsyn og systemrevisjonar. Dette er 7 fleire enn kravet. Eigen rapportering på barnevernområdet vert send Barne- og likestillingsdepartementet.

Utdanning og barnehage

Utdanningsavdelinga disponerte tilsaman 280,3 vekeverk/6,23 årsverk i 2008, fordelt på 8 personar. Av dette var 57 vekeverk på barnehageomr. og 223,3 på utd.omr.

På utd.omr. vart ressursbruken knytt til tilsyn auka frå 19,6 % til 25,3 % av samla ressurs på utd.omr., sjølv om budsjettstyrkinga ikkje ga høve til å auke bemanninga. Det vart m.a. brukt ein dag meir på kvart tilsyn, for å få ein betre kvalitet på konklusjonane. Nasjonalt tilsyn vart gjennomført etter planen. Etter ei risikovurdering valde ein å fokusere det øvrige tilsynet på §5-7 i opl. og på spesialundervisning/tilpassa opplæring, jf og kap 13-10 i opl.

På barnehageområdet har Fylkesmannen ført tre tilsyn med kommunen som barnehagemyndigkeit og kravet om politiattest. To kommunar fekk eit avvik kvar, ein kommune fekk merknad. 25 av 26 kommunar i fylket opplyser, at dei under gjeldande tilhøve, vil kunne oppfylle kravet i barnehagelova § 8 andre ledd om at kommunen har plikt til å tilby plass i barnehage til barn under opplæringspliktig alder som er busett i kommunen. Selje kommune vil truleg ikkje klare å oppfylle denne plikta i år. Kommunane har i det vesentlege tilrettelagt sitt kompetanseutviklingsarbeid regionvis i fire regionar. Arbeidet i regionane blir frå Fylkesmannen si side følgt nøye opp. Prosjekt- og FOU-arbeid for den einskilte barnehage kan vi gjere oss kjente med ved å gå inn på www.skuleutvikling.no. Dette er inn portal der skolar og barnehagar i fylket kan legge ut sine satsingsområder.

Utdanningsavdelinga organiserer saman med KS tre årlege møte i samarbeidsorganet Forum for skule- og barnehageutvikling og tre samlingar for dei kommuneansvarlege på skule- og barnehageomr. Partnarskapen i Forum (KS, kommunane, fylkeskommunen, utdanningsforbundet, høgskulen og FM) arrangerer tre årlege konferansar; for skuleleiarar, barnehagestyrarar og for barnehagetilsette elles. Fokus i alt dette arbeidet er korleis ein skal få ein kvalitativ god og effektiv innføring av Kunnskapsløftet, der ein får god koordinering både horisontalt og vertikalt i utdanningssystemet, barnehage inkludert. Det vert og lagt vekt på bruk av resultata frå nasjonale prøver og elevundersøkelsen. Slike resultat er og presentert for ordførarane og rådmennene.

Likestilling

Likestillingsaspektet har stått sentralt i det lokale arbeidet med rekruttering/bemannning, kompetanseutvikling og lønnsutvikling.

I arbeidet utad har ein prioritert barnehage- og til ein viss grad skuleområdet. Det er eit nært samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane om m.a. rekruttering av mannlege studentar til forskulelærarutdanninga (22 % ved opptaket i 2008.) FM engasjerer ein person med spisskompetanse på likestilling i barnehagesektoren i 20 % stilling.

2.4 Arealdisponering og byggjesaker

Arealsaker

Fylkesmannen formidlar aktivt nasjonal arealpolitikk og nyttar motsegner og klager mot dei mest alvorlege tilfella. Dei fleste konflikttema vert avklart gjennom synfaring og eventuelt mekling.

Fylkesmannen har i 2008 gjeve fråsegn til 544 kommunale plan- og dispensasjonssaker. Det vart nytta motsegn til 21 planutkast. Det vart ikkje sendt saker vidare til avgjerd i Miljøverndepartementet i 2008. Vi har påkla 6 dispensasjonssaker, dei fleste av desse gjeld dispensasjonsvedtak frå § 17-2 (byggje- og deleforbodet i 100-meters beltet). Vi fekk medhald i alle sakene som vart ferdighandsama av setjfylkesmann i 2008.

Vi fokuserer også på å formidle gode planprinsipp på kommunesamlingar, opplæring for folkevalde og i samband med kommunebesøk. Dei rikspolitiske retningslinene vert aktivt nytta ved formidling av nasjonal arealpolitikk, likeeins miljødata som i stor grad er allment tilgjengelege over Internett (Miljøstatus, Fylkesatlas og fylkesmannen.no). Vidare brukar vi fylkesplanen sine signal og retningsliner aktivt når vi gjer innspel til plan- og dispensasjonssakene.

Omsynet til å sikre ei arealforvaltning som gir trygge og robuste lokalsamfunn, har vore ei prioritert oppgåve. Mange kommunar er framleis for lite medvitne om at omsyn til risiko og sårbarheit må vere ein grunnleggjande premiss for alt arealplanarbeidet. På grunn av manglende synleggjering av risiko- og sårbarheitsvurderingar, har vi nytta motsegn mot så å seie alle kommuneplanar som har vore til høyring,

Det er også ei utfordring at ROS-analysane ofte er for avgrensa i tema. Kommunane er gjerne medvitne om skred- og flaumproblematikk, men er mindre flinke til å la analysane omfatte tema som t.d. stormflo, trygg vassforsyning og brannberedskap.

Fylkesmannen er aktiv deltakar i Planforum. Dette er ein nyttig møteplass for kommunar med planutkast, fylkeskommunen og regionale sektorstyresmakter. Fylkesmannen deltek også i Kystsonenettverket. Skjerpa fokus på strandsonevernet har ført til at dette er tema i eit aukande tal byggjesaker vi har som setjfylkesmann for Fylkesmannen i Hordaland.

I samarbeid med fylkeskommunen arrangerte vi i 2008 ei samling for kommunane om den nye plan- og bygningslova.

Byggjesaker

Fylkesmannen registerer eit relativt stort kompetansebehov i kommunane. Vi brukar vesentlege ressursar på rettleiing på plan- og bygningsretten sitt område, og har inntrykk av at den generelle kommunale kompetansen på området varierar mykje frå kommune til kommune. Enkelte kommunar slit med å rekruttere og halde på nok kompetente medarbeidarar til å handsame byggesakene på god nok måte.

2.5 Landbruksbasert næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern

Landbruksbaser næringsutvikling

Vi tok ein årleg justering av BU-strategien i samråd med Innovasjon Norge, fylkeskommunen, kommunane og næringsorganisasjonane i landbruket. Hovudsatsingsområda er i samsvar med den nasjonale strategien for landbruksrelatert næringsutvikling. Vi har også revidert det regionale miljøprogrammet. Samarbeidet mellom oss og dei andre aktørane er godt.

Landbruksnæringa i Sogn og Fjordane er prega av ein småskala struktur, på godt og vondt. Problema er ofte knytt til lønsemd i dei småskala husdyrproduksjonane, men samtidig gir dei mange småbruka ofte rom for andre produksjonar og inntekter ved sida av landbruket. Samspelet mellom landbruket og andre næringar er derfor svært viktig for både landbruksdrifta, busetnad og kulturlandskapet. Bygder med variert næringsliv, eller som ligg nær kommunesentra, greier seg gjennomgåande betre enn andre bygder. For vår del er det derfor viktig å sjå på heilskapen som ligg i omgrepene landbruk- og bygdeutvikling.

I det tradisjonelle jordbruket var det ei merkbart auke i investeringslysta for sau, ofte i form av

samarbeidsløysingar, noko vi synest er gledeleg fordi sauetalet og beitebruken har gått jamnt nedover dei siste 10 åra. I hagebruket skjer det framleis ei modernisering av drifta innan bær og noko meir forsiktig satsing på frukt. Skogbruket starta året med gode prisar, men krisa i byggenæringa slo raskt inn og førte til delvis leveringsstopp på sagbruka. Det gledelege er den auka interesse for bioenergi, ikkje minst frå aktørar utanfor næringa, og auken i interessa for andre utmarksnæringar som jakt og fiske. Skogeigarlaget gjer ein god jobb på dette området med både betre grunneigarorganisering og rådgjeving på sal og marknadsføring.

Vi har satsa på informasjon og opplæring innan grøn omsorg. Pr idag er det fleire tilbydarar enn kjøparar av desse tenestene, så vi samarbeidar også med nokre kommunar om å utvikle tilbod tilpassa deira behov og interesse.

Vi har saman med Hordaland ein felles handlingsplan for økologisk landbruk, som skal reviderast i 2009. Vi har enno ikkje fått auke i areal og volum, så dette tek tid å bygge opp.

Den nye **veterinærordninga** er gjennomført i alle kommunar, og så vidt vi kjenner til har dette fungert greit.

Vi har gjennomført første året med meir systematisk **forvaltningskontroll** i landbruket i fire kommunar og eigne kontrollar på 6 føretak. Hovudintrykket er at kommunane gjer ein god jobb med tilskotsforvaltninga, men mange slit med kapasitet og kunnskap på nokre av ordningane.

Beiteinteresser og freda rovvilt

Tal beitedyr har gått ned dei siste åra og både i absolutte tal og prosentvis har det vore ein nedgang i tap av dyr på beite for fylket sett under eitt. Tap av beitedyr grunna freda rovvilt gjekk dessverre opp siste året, i all hovudsak gjeld dette Indre Sogn. Der påla også Mattilsynet tidleg nedsanking i eit beiteområde. Tap å grunn av rovvilt er dramatisk for dei som blir råka, men samtidig er summen av alle andre tap i fylket langt høgre. Det vart betalt rovvilterstatning for ca 550 beitedyr, medan det samla tapstalet i fylket var på ca 9100 dyr. Vi legg vekt på begge desse forholda i vårt arbeid med beitebruk og freda rovvilt.

Nasjonalparkarbeidet: Vi har i samarbeid med Fylkesmannen i Oppland slutført eit omfattande utgreiingsarbeid for Verneplan Breheimen-Mørkridsdalen. I tråd med signal frå sentralt hald vart eit framlegg til verneplan sendt ut på lokal og sentral høyring 1. desember. Tilråding frå FM om nye verneforskrifter og revidert forvaltingsplan for Jotunheimen og Utladalen er oversendt DN. Forvaltingsplan for verdsarvområdet i Nærøyfjorden er godkjent av DN, trykt og sendt ut.

Forvalting og naturoppsyn i verna område: Forvaltinga har i store trekk følgt opp dei føringane som låg til grunn for bestillingsdialogen med SNO. Ein person er tisett for å utarbeide forvaltingsplanar for 20 naturreservat (sjøfugl og våtmark). Oppstartvarsel er sendt ut. For myrreservat er berre ein forvaltingsplan vedtatt, ligg litt etter skjema her.

Kartlegging og overvakning av biologisk mangfold: Alle kommunar har gjennomført første generasjons kartlegging, og resultata er digitaliserte og tilgjengelege for FM. Men for tre kommunar manglar kvalitetssikring og innsending til Naturbasen. Lister over aktuelle bekkekløfter er utarbeidde og sende til DN.

Klimapolitikk: Fylkesmannen har eit godt samarbeid internt i embetet (miljøvern, beredskap og landbruk) innan klimaområdet. i 2008 har vi hatt eit felles avdelingsprosjekt innan klimarelaterte oppgåver. Vi har arrangert klimasamling for kommunane, delteke i referansegruppe og gitt innspel til fylkesdelplan for klima og elles lagt vekt på å vere meir offensive i innspel til kommunale arealplanar (spesielt innan beredskapsområdet). Prosjektet ser også spesielt på utlepp fra landbruksdrift i fylket. Ressurspersonar på embetet blir brukt ein del i nasjonale prosjekt/foredrag og arbeidsgrupper.

2.6 Samfunnstryggleik og beredskap

Rettleiing og kontroll i arealplansaker er ei dominerande arbeidsoppgåve ved beredskapseininga. Det er framleis for mange kommuneplanar og reguleringsplanar der det ikkje vert synleggjort godt nok korleis omsynet til risiko og sårbarheit er tenkt ivaretake. Vi har difor måttå gå til motsegn mot relativt mange planar i løpet av året.

Det har vore stor aktivitet med øvingar i løpet av året. Vi har øvd den kommunale kriseleiinga i 8 kommunar. Nesten alle kommunane i fylket deltok på den store pandemiøvinga i november, der og Helse Førde og Fylkesmannen vart øvd. I september deltok vi, saman med Forsvaret og ei rekke sivile etatar og instansar, på øvinga "Mørejarl". I den sivile delen av øvinga vart det over tre dagar øvd fleire ulike scenario.

Klimatilpassing har vore ei viktig arbeidsoppgåve innanfor samfunnstryggleiksområdet i 2008. Beredskapseininga har delteke med ressursar i referansegruppa for fylkesdelplanen for klima og miljø, og vi har delteke i DSB si ressursgruppe for klimatilpassingsportalen.

Kommunane har ei heilt sentral rolle i det offentlege sitt arbeid med klimaspørsmål, m.a. med å ha ei aktiv rolle for å handtere tilpassingstiltak som vedrører den enkelte innbyggjar og nærmiljøa. Fylkesmannen og fylkeskommunen samarbeidde om ein eigen temadag om klimaendringar for kommunane. Her vart det m.a. teke opp kva utfordringar/truslar for kommunane si handteringsevne som eit endra klima kan representerer, og det vart drøfta kommunale strategiar for å bidra til reduksjon av klimagassutslepp.

Den auka vektlegginga av klimaspørsmål har kome svært tydeleg til uttrykk i vår oppfølging av den kommunale arealplanlegginga. Når vi gir tilbakemelding etter at ein kommune har varsla oppstart av ein planprosess, er det no fast rutine at vi ber om at klimaendringar skal inngå som eit vurderingstema i planarbeidet. For fleire av arealplansakene der Fylkesmannen har nytta motsegn, har manglande omsyn til klimaendringar vore eit av grunnlag for motsegna.

Det vart i løpet av året starta opp eit 3-årig internasjonalt prosjekt om klimatilpassing - "Clim-ATIC" - der også Fylkesmannen deltek. Vår oppgåve er å demonstrere korleis det kan etablerast eit moderne og kostnadseffektivt system for varsling av publikum, t.d. ved klimarelaterte naturhendingar (skred, flaum m.v.). I dette demonstrasjonsprosjektet vil varslinga i hovudsak verte basert på bruk av mobil- og fasttelefonnettet som varslingsmedium.

Fjellskred har vore ei viktig arbeidsoppgåve. Vi deltek i styringsgruppa for NGU og fylkeskommunen sitt kartleggingsprosjekt, og i referansegruppa for Aurland kommune og NGI sitt prosjekt knytt til dei ustabile fylittområda i Aurland og Flåm. Begge prosjekta viser at vi har fjellområde som har potensiale i seg til å kunne forårsake omfattande materiell og menneskeleg skade.

Vi har vidareført samarbeidet med DSB og Mattilsynet om rettleiingsmøte med kommunane. I tre kommunar har vi hatt vårt rettleiingsmøte samtidig med DSB sitt brannverntilsyn, og i fire kommunar samtidig med Mattilsynet sin revisjon av kommunal drikkevassforsyning. Hovudkonklusjonen er at begge desse samarbeida har vore nyttige for både kommunane, tilsynsorgana og oss.

Kapittel 3 - Resultatområder

Kongehuset

Resultatområde 00.1 Kongelige besök

Sogn og Fjordane har hatt to kongelege besök i 2008. H.M. Dronning Sonja besøkte Røde Kors Nordisk United World College 17. og 18. april 2008. Dronninga er beskyttar for skulen i Fjaler, og har vore på besök ei rekke gonger.

DD.HH.KK. Kronprins Haakon og Kronprinsesse Mette-Marit opna fabrikken til NorSun på Årdalstangen onsdag 11. juni 2008. Kronprinsparet fekk vere med på ein folkefest på torget, deltok under fabrikkopninga, og fekk lunsj og omvisning inne på fabrikkområdet før dei reiste vidare.

Resultatområde 00.2 Tildeling av ordener og medaljer

Vi har vidareformidla 11 søknader om Kongens fortenestmedalje i 2008 (9 sølv og to gull). Av desse sakene er sju medaljar overlevert i 2008, dei andre vil bli overleverte i 2009.

Ressursrapportering

1510 Fagdep. 1510 Fagdep.

Resultatområde 00.1 og 00.2	12	0	12	0
Sum:		12	0	12

Miljøverndepartementet

Resultatområde 01 Naturens mangfold og friluftsliv

01.1 Bærekraftig bruk og beskyttelse av leveområder

Fylkesvise verneplaner - barskog: Verneframlegg for Krakksfjellet blei sendt på lokal og sentral høyring 28.8., med frist 1.11. Solund kommune bad om utsetjing, og kom med uttale like før jul. Tilråding til DN ikkje utarbeidd.

Fylkesvise verneplaner - edellauvskog: Ekstrahøyring gjennomført etter at tidlegare ukjende grunneigarar dukka opp. Oppsummering sendt DN 26.9.

Utvida skogvern: Frivillig vern dreg ut i tid som følgje av at skogeigarlaget har kompliserte drøftingar med grunneigarane. Ingen tilbod har kome inn om utviding av eksisterande verneområde. Registreringar av OVF-eigedomar gir ikkje grunnlag for nye verneframlegg.

Nasjonalparkar og større verneområde: Breheimen har halde framdrifta, med høyingsframlegg klart i desember. Tilråding frå FM om nye verneforskrifter og revidert forvaltingsplan for Jotunheimen og Utladalen er oversendt DN. Forvaltingsplan for verdsarvområdet i Nærøyfjorden er godkjent av DN, trykt og sendt ut.

Marin verneplan: Områda i fylket er ikkje blant dei som blir tatt i første pulje, og arbeid har såleis ikkje blitt prioritert.

Forvalting og naturoppsyn i verna område: Forvaltinga har i store trekk følt opp dei føringane som låg til grunn for bestillingsdialogen med SNO. Ein person tilsett frå 1.8. for å utarbeide forvaltingsplanar for 20 naturreservat (sjøfugl og våtmark). Oppstartvarsel er sendt ut. For myrreservat er berre ein forvaltingsplan vedtatt, ligg litt etter skjema her.

Kartlegging og overvaking av biologisk mangfold: Alle kommunar har gjennomført første generasjons kartlegging, og resultata er digitaliserte og tilgjengelege for FM. Men for tre kommunar manglar kvalitetssikring og innsending til Naturbasen. Lister over aktuelle bekkekløfter er utarbeidde og sende til DN.

INON: Nokre manglar i innsendt materiale frå kommunane.

Ivaretaking av viktige areal for biologisk mangfold: Sogn og Fjordane har ein høvesvis stor del av vasskraftutbyggingane i Noreg, og mykje ressursar går med til løpende sakshandsaming på dette feltet. Dette trengs i den perioden vi no er inne i med inngrep/utbygging av mange små, og nokre store, vasskraftverk i ein stor del av elvane i fylket. Dette grip inn i artsforvaltning, arealforvaltning, naturtypeforvaltning, friluftsliv og i nokre tilfelle støy og vasskvalitet. Det skal sendast kopi til DN i dei tilfella Fylkesmannen rår i frå konsesjon etter vassressurslova eller vassdragsreguleringslova. Av dei sakene vi handsama i 2008 vart det rådd i frå utbygging av Tvinna (Stryn kommune), Breidalselva, Timbervadelva og Sandalsfossen (Gloppen kommune), Eitreelvi (Vik kommune), Finnebuvatn i Lærdal kommune og Kvamselva (Yndestad) i Gauldal kommune. Det kom inn ca 40 meldingar og søknader om kraftutbygging i 2008. Fylkesmannen skal også bidra til utarbeiding av kommunale eller regionale planar for småkrafverk, basert på dei nye faglige retningslinjene for utarbeiding av fylkesplanar for småkraftverk. Sogn og Fjordane fylkeskommune har under utarbeiding fylkesdelplan for vasskraft, og det er utarbeidd kommunal plan for Luster kommune, Lærdal kommune og delar av Sogndal kommune. Fylkesmannen er involvert i referansegrupper og som høyingspart i samband med planprosessane.

Akvakultur

To frårådingar:

-Ei fråråding for søknad om mellombels utviding av akvakulturanlegg i nasjonal laksefjord. Vårt syn vart støtta av Fiskeridirektoratet, klage frå søker, endeleg avslag på søknad frå Fiskeridirektoratet sentralt.

-Ei fråråding for søknad om etablering av akvakulturanlegg 150 meter frå havørnreir. Ikkje støtta av Fiskeridirektoratet, vi protesterte på denne avgjerda (innan klagefristen). Protesten vart ikkje oversendt frå regionkontoret til klagehandsaming hjå Fiskeridirektoratet sentralt i tide, og vart difor ikkje realitetshandsama. Fiskeridirektoratet sitt opphavlege vedtak om å gje løyve vart ståande.

01.2 Bærekraftig bruk og beskyttelse av arter, bestander og genressurser

Generell viltforvalting og tilskuddsforvalting - vilt: Gjennomført i høve til embetsoppdraget. Mykje fokus på arealbruk relatert til villrein. Elektroniske søknader blir brukt noko når det gjeld førebyggande tiltak mot rovviltskade og erstatning for rovviltskade, ser ut som systemet fungerer bra.

Forvalting av hjortevilt: Rekordstor felling av hjort i 2007, 10548 dyr. Vi oppmoda kommunane til å gjennomføre ei enkel høyring på endring og utviding av hjortejakta, og ut frå denne blei jakta utvida til 23.12. i 23 kommunar og til 31.01.09 i ein kommune. Uttaket må truleg aukast med 2000 dyr. Resultatet vart om lag 11200 dyr.

Rovviltforvaltninga er eit område med mykje merksemd, også i vårt fylke i Region 1. Vi har brukt både midlar og tid på å redusere konfliktnivået i høve til det største problemet hjå oss som er jerv i delar av Indre Sogn. Godt samarbeid både internt i embetet og med andre etater som t.d. Mattilsynet.

Forvaltning av anadrom fisk og innlandsfisk; Gjennomført i forhold til embetsoppdraget. Prosessen med nytt fem-årig reguleringsregime for fisket i vassdrag for perioden 2008 til 2012 er fullført.

01.3 Fremmede arter og GMOer

Fylkesmannen har sett i gang systematisk fjerning av framande treslag i sjøfugl- og våtmarksreservat i samarbeid med SNO. Særleg gran er eit trugsål mot verneverdiane i desse områda.

Kartlegging av kanadagås blir gjennomført som ein del av årlege teljingar i sjøfuglreservata.

Informasjon om framande artar og Svartelista er lagt ut på Miljøstatus.

01.4 Friluftsliv

Ferdselshinder i strandsona: Vi har informert om ordninga med juridisk hjelp frå DN på heimesida vår. I tillegg fokus på temaet i samband med kommuneundersøkinga 2008.

Vi deltek i **kystsonenettverket for Vestlandet**. Strandsona var deltema på plansamlinga for kommunane hausten 2008. Strandsona er elles prioritert i vår handsaming av plansaker.

Det er oppnemnt **fylkeskontakt for forum for friluftsliv i skulen**, som er knytt opp til ressursgruppa for fysisk aktivitet under folkehelsearbeidet i fylket.

Betre miljø i byar i tettstader/markaområde: Berre aktuelt for eit par kommunar i fylket. Både Førde og Flora har plankart/temakart for markagrense/grønstruktur.

Kartlegging/verdivurdering av grøntstrukturen: Dette har ikkje vore prioritert utover innspel om å ivareta grønstruktur i plansaker.

Kartlegging/verdsetjing av friluftsområde: Dette har ikkje vore prioritert utover innspel om å ivareta grønstruktur i plansaker.

Forvalningsplanar friluftsområde: Vi manglar Friluftsråd i fylket, men det er utarbeidd enkle planar for einskilde område av enkeltkommunar.

Friluftsområde i Naturbasen: Her gjenstår det framleis noko arbeid, andre oppgåver har vore prioritert.

Resultatområde 02 Bevaring av kulturminner

Dette resultatområdet er uaktuelt.

02.3 Kulturmiljø

Uaktuelt.

Resultatområde 03 Rent hav og vann og giftfritt samfunn

03.1 Helhetlig hav- og vannforvaltning

Overvaking

FM har gjennomført eigen overvaking av tilstand i ferskvatn. Informasjon om tilstanden vert formidla mellom anna på Miljøstatus og Fylkesatlas Sogn og Fjordane. SESAM er ikkje blitt oppdatert med overvakingsresultat for 2008 pga. problem med leveranse frå firmaet som gjennomfører analysane.

FMSF har i dag svært få rapportar registrert i SESAM, registrering av desse i Miljøreferanser er ikkje gjennomført. Vi har imidlertid ei rad uregistrerte rapportar som bør registrerast i Vannmiljøsystemet når det kjem på plass.

Vassforskrifta

Vassområde Stryn/Indre Nordfjord er ein av dei 30 vassområda som er valt i første planfase og sorterer under vassregion Vetslandet. I januar 2008 blei Stryn vassutval formelt oppretta gjennom vedtak i kommunen. Stryn kommune har leiar (politisk valt) og sekretærstillinga i utvalet. I utvalet sit ulike sektormyndigheter og interesseorganisasjonar saman og det har blitt halde tre møter og to synfaringar i samband med utarbeiding av tiltaksanalysen for vassområde Stryn. Tiltaksanalysen for vassområde Stryn er skriven av Stryn kommune, men alle sektormyndigheter og interesseorganisasjonar har hatt høve til å kome med innspel til tiltaksanalysen. Tiltaksanalysen blei nytta som grunnlag for utarbeiding av tiltaksprogrammet og forvaltningsplanen som VRM/fylkesmannen i Hordaland har ansvar for. Vi har bidrige med kvalitetssikring og innspel til forvaltningsplanen og tiltaksprogrammet.

Tiltaksovervaking i vassområde Stryn/Indre Nordfjord vart sett i gong i 2008. Tilsaman har vi hatt eit budsjett på kr 685 000 der 500 000 kr er tilskot frå DN og kr 185 000 i ekstern finansiering. Innanfor vassområdet har vi sett i gong overvaking av vasskjemi, botndyrfauna og begroingsalgars i elvar for å kartleggje vasskvaliteten i forhold til påverkand frå landbruk og kloakk. Dataene vil og gi grunnlag for klassifisere vassførekomstane der datagrunnlaget var mangelfullt. Resultata frå desse granskingane ligg ikkje føre enno. Vidare er miljøgifter i sediment i sjø undersøkt og det er påvist ekstreme verdiar av TBT i cruiseskiphamna i Olden. Konsvensar av vegfylling lagt i sjø dvs der rv 15 har avsnørt ei bukt ved Stryn sentrum, blir vurdert nærmare. Rapport frå granskingane ligg ikkje føre enno.

03.2 Overgjødsling og nedslamming

Avløp

Generelt

I tillegg til å svare på direkte spørsmål om forskrifta, har FM også i 2008 delteke på fagsamling og gitt generell rettleiing om kommunane sine oppgåver og plikter etter avløpsregelverket.

Det vart utført tilsyn ved større avløpsanlegg i 4 kommunar i samband med kontrollaksjonen. Resultata av kontrollen er rapport særskilt til SFT.

Fylkesmannen har tett oppfølging av kommunane med større avløpsanlegg, dvs. anlegg omfatta av kapittel 14 i forskrifta. Nokre har framleis ei stor utfordring med omsyn til å oppfylle krava. Fristen 31.12.08 er i nokre tilfelle overskriden.

Akvakultur

Ein del saker på vent. Saksbehandlar har vore utleigd til SFT (arbeidsgruppe for forskriftsbehandling av akvakultur) delar av tida.

03.3 Oljeforeurensning

FM har oversikt over viktige naturressursar langs kysten som er sårbare for oljeforeining, og kan på kort varsel gje råd om prioritering og lokalisering av innsats. Men arbeidet med ferdigstilling av MOB-sjø er ikkje gjennomført pga. kapasitetsproblem. Ajourføring av vinterdata ikkje gjort i år, fordi SNO kyst var opptatt med skjøtsel i verneområda.

03.4 Miljøgifter

Vi har ingen lokaliteter der det er konkludert med behov for fysiske tiltak etter grunnforeurensingsprosjektet.

Dei fire prioriterte skipsverfta i fylket har fått pålegg om undersøking. Eit verft har sendt inn rapport. To verft har grunna forseinkingar hos konsulenten fått forlenga frist til 15.02.09. Det siste verftet har grunna økonomiske problem, permitteringar og fare for konkurs fått forlenga frist til 31.12.09.

03.5 Avfall og gjenvinning

Nye løyve: Arbeidet ferdig i april for dei fire plassane som ønskjer å halde fram, og kopi send SFT. Eit vedtak påklaaga, klage oversend SFT, men ikkje avgjerd per 1.1.09.

Attstar: Ein plass har søkt om løyve til inert avfall. Oppfølging av løyva vil krevje mykje ressursbruk. Fleire av plassane vil ha problem med å tilpasse seg nye krav.

- Gjennomført råd og rettleiing om avfallspolitikken via nettoppslag (fylkesmannen.no og Miljøstatus), halde kurs og delteke på fagopplæring med kommunane
- Vi har svart på alle førespurnader frå tollregionen vedrørande arbeidet med sluttbehandlingsavgifta på avfall.
- Vi har følgd opp arbeidet med avfallsforskrifta kap.9 med kravsetting og tilsyn. Vi er også med i eit europeisk nettverk med mål om betra forståing og gjennomføring av utvalde delar av vedlegg II
- Framleis mange oppgåver att kring oppfølging av kommunane innan avfalls- og forsøplingsområdet. Var eitt av to tema i Kommuneundersøkinga 2008. Mange kommunar kan betre eigen praksis.
- Delteke i landsomfattande kontrollaksjon retta mot EE-avfall. Gjennomført og særskild rapportert og orientert om nytt regelverk.
- Kontroll med hamnar: Utsett oppdrag til 2009
- Innhente avfallsplanar frå hamnar der dette manglar: Utsett oppdrag til 2009
- Gjennomført ferdigstilling av nye løyve til avfallsdeponi.
- Formelle avslutningskrav for deponi som skal avsluttast må vente til formelle vedtak om avslutting er gjort i 2009
- Kvalitetssikring av eksisterande avfall- og deponidata i "Forurensning": Gjennomført, dels som løpende oppgåve
- Kursing av kommunane vedrørande obligatoriske avfallsplanar i byggjesaker gjennomført, 2 mogelege kurs. Orientert om til kommuneleiing, godt spreidd lov- og infomateriale til kommunale sakshandsamarar og via våre nettstader
- Kommuneundersøkinga: Gjennomført etter plan for tre kommunar i 2008
- Rapportering vedrørande resultat for avfall frå skip i dei større hamnane: Utsett opprdrag til 2009
- Rapportere status for avfalls forbrenningsanlegg: Er sendt i førebels årsrapport til SFT
- Rapportert status for deponiarbeidet.

Resultatområde 04 Et stabilt klima og ren luft

04.1 Klimaendringer

Fylkesmannen har eit godt samarbeid internt i embetet (miljøvern, beredskap og landbruk) innan klimaområdet. I 2008 har vi hatt eit felles avdelingsprosjekt innan klimarelaterte oppgåver. Vi har arrangert klimasamling for

kommunane, delteke i referansegruppe og gitt innspel til fylkesdelplan for klima og elles lagt vekt på å vere meir offensive i innspel til kommunale arealplanar (spesielt innan beredskapsområdet). Prosjektet ser også spesielt på utløpp frå landbruksdrift i fylket.

Embetet har i 2008 hatt nykje fokus på klima, og vi har m.a. teke initiativ til ein eigen klimaskule der kommunane er hovudmålgruppe. Vidare oppfølging av dette initiativet er no lagt til Vestlandsforsking og Høgskulen i fylket.

På miljøvernombordet har vi delteke på SFT sin klimaopplæring.

Ressurspersonar på embetet blir brukt ein del i nasjonale prosjekt/foredrag og arbeidsgrupper.

04.4 Lokal luftkvalitet og støy

Fylkesmannen har i brev datert 07.04.2008 til SFT gitt tilbakemelding vedr resultata frå anleggseigarane sine forpliktingar i samband med kartlegging og tiltaksutgreiing om støy .

Skytebanebøye: Ingen aktivitet i 2008.

Resultatområde 05 Internasjonalt miljøsamarbeid og miljø i nord- og polarområdene

05.1 Miljøsamarbeid i internasjonale miljøfora, herunder EUs miljøsamarbeid og UNEP

Ein medarbeidar har vore nytta av SFT til kontaktpunkt mot EU's miljøsamarbeid, spesielt innan avfallsområdet.

05.2 Geografisk rettet miljøsamarbeid, herunder miljøbistand

Ingen medarbeidrarar har vore nytta i miljøbistandsarbeidet.

05.3 Miljøsamarbeid i nord- og polarområdene

Lite aktuelt for Sogn og Fjordane.

Resultatområde 06 Panlegging for en bærekraftig utvikling

06.1 Ansvar for at nasjonal politikk formidles og ivaretas

Fylkesmannen deltek i planforum og formidlar/ivaretokk elles nasjonal politikk gjennom løpende rettleiing og handsaming av plansaker.

Totalt kom det inn 580 plansaker i 2008 (inkludert restansar frå året før), mot 601 i 2007. Det har altså vore ein liten nedgang, men talet plansaker held seg på same høge nivå som dei siste åra. Det er totalt handsama 544 saker i år, mot 570 i fjor.

Vi har i 2008 fremja motsegn mot 21 planar (når det gjeld arealdelen til kommuneplanen er det ofte fleire motsegner mot ein og same planen) og påklaga 6 dispensasjonssaker. Bakgrunnen for motsegnene er i hovudsak arealbruk i konflikt med strandvern, verna vassdrag eller manglande/mangelfull ROS-analyse. Klagane gjeld bygging/bruksendring/frådeling i strandsona.

Ingen motsegn-saker er sendt vidare til MD i 2008. Vi har fått medhald i dei klagesakene som til no er handsama av settefylkesmann.

I samarbeid med fylkeskommunen arrangerte vi ein to dagars plankonferanse med overskrifta "Ny planlov - kva er nyt?" hausten 2008, med svært god deltaking frå kommunane.

FM er representert i gruppa som er sett ned av Sogn og Fjordane fylkeskommune for å utarbeide fylkesdelplan for vindkraft.

Fylkesmannen har tett samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune i arbeidet med universell utforming. Vidare har Fylkesmannen saman med fylkeskommunen og Flora kommune samarbeida om å arrangere ein dagskonferanse om universell utforming og heilskapstenking i april 2008. Målgruppe var planleggjarar, kommunetilsette, arkitektar, entrepenørar og andre interesserte både i offentleg og privat sektor. Det var 60 deltagarar på konferansen.

Fylkesmannen ser til at universell utforming er teke inn som tema i alle kommuneplanar og kommunedelplanar. Spesielt er det viktig i høve til tilgjenge i offentlege bygg og ved regulering av tettstader. Fylkesmannen ser svært positivt på at Flora kommune har lagt fram planprogram for kommunedelplan for universell utforming.

Arbeidet med universell utforming er integrert i alt folkehelsearbeid. Det er ei målsetting å skape mest mogeleg levande og inkluderande lokalsamfunn.

Fylkesmannen forvaltar ulike ordningar for å gi støtte til ulike aktivitetstiltak for rørslehemma og andre utsette grupper.

06.2 Fylkesmannen som styringsmessig bindeledd og rettssikkerhetsgarantist

Fylkesmannen har aktivt bidratt med innspel til kommunale planar. Jf elles merknader under 06.1.

Vi bidrar til at viktige datasett er oppdaterte, men ligg nok likevel noko på etterskot i kvalitetssikringa av Naturbasen pga avgrensa kapasitet.

Fylkesmannen fekk inn 25 klagesaker på reguleringsplanar og handsama 20 saker i løpet av året. Restansen var nedarbeidd i løpet av januar 2009. I dei sakene Fylkesmannen har oppheva kommunen sitt vedtak, har opphevinga hatt grunnlag i sakshandsamingsfeil.

Det er gjennomført fire meklingar av motsegn til reguleringsplan. Motsegnene har retta seg mot fiskeriinteresser, jordvernomsyn, strandsoneomsyn og omsyn til kyrkja.

06.3 Samordning av statlige interesser

Fylkesmannen har eit nært samarbeid og kontakt med andre regionale statsetatarar. Tilhøvet til fylkesplanlegginga vert ofte teke opp når Fylkesmannen har møte med dei andre statsetatane.

Vi har i samarbeid med fylkeskommunen arrangert samling for kommunane når det gjeld ny plan- og bygningslov.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er ikkje regional vassregionstyresmakt.

06.4 Kart og geodata

Vi har framleis felles GIS-koordinator med fylkeskommunen.

Fylkesmannen v/fylkesmiljøvernsjefen er leiar i Fylkesgeodatautvalet. Vi deltek elles aktivt i utvalet, m.a. gjennom arbeidet med geodataplanen for fylket.

Fylkesmannen har delteke i Plan- og temadataprosjektet for Sogn og Fjordane saman med Statens kartverk. Det er gjennomført fire kommunebesøk i 2008 og eitt sosi-kurs for kommunane med spesiell fokus på plan.

Når det gjeld geovekstsamarbeidet i 2008 har Fylkesmannen v/landbruksavdelinga

leia fagutavlet for basisdata i Norge Digitalt. Dette arbeidet er utført i nært samarbeid med Statens kartverk. Fylket har no dekning av ortofoto anten i bildemålestokk 1:15000 eller i bildemålestokk 1:35000 og vi er byrja med ny runde med oppgradering av ortofoto. I tillegg har vi så smått byrja å ta del i kostnadene med laserskanning. Grunnen til dette er at Statens vegevsen investerer i dette produktet og det er då rimlegare for dei andre partane å utvide område der ein ønskjer nøyaktige data.

Dei avdelingane som brukar kart mest er miljøvernnavdelinga, beredskapsavdelinga og til dels landbruksavdelinga. Kart vert brukt i alt arbeid som t.d arealplanar, jordlovsaker, verneplanarbeid, konsesjonssaker for vasskraft og vindkraft, kraftliner m.v. og beredskapsarbeid.

I tillegg har vi lagt ut tema på embetet sitt kartprogram, www.fylkesatlas.no som er eit samarbeid med Fylkeskommunen.

Vi er berre delvis i stand til å følge opp krava i embetsoppdraget når det gjeld leveransar til Naturbasen, m.a. kvalitetssikring av naturtypekartlegging og viltkartlegging. Dette pga liten kapasitet når det gjeld bruk av programvaren FYSAK.

På andre felt, m.a. tilgjengeleggjering av miljøinformasjon til kommunar og andre, klarer vi stort sett å følge opp dei førespurnadane som kjem inn relativt raskt.

Resultatområde 07 Tverrgående virkemidler og oppgaver

07.2 Kunnskapsoppbygging og miljøinformasjon

Miljøstatus

FM har vidareutvikla og oppdatert all informasjon i Miljøstatus. Det er lagt vekt på dei kriteria som ligg til grunn for kåring av beste fylkesmiljøstatusrapport i arbeidet med å oppdatere sidene. Vi har og arbeidd for å gjere Miljøstatus betre kjend hos viktige målgrupper gjennom marknadsføring av nettstaden. Vi har innarbeidde rutiner for årlege oppdateringer i tillegg til at viktige endringar vert gjort fortløpende. Vi har i 2008 hatt ei eiga faggruppe for miljøinformasjon med m.a. ansvar for Miljøstatus. Vi legg likevel vekt på at alle medarbeidarane skal bidra på sine fagområde.

Fylkesmannen.no På miljøvernombordet har vi hatt totalt 130 oppslag på heimesidene i 2008. Dette er monaleg meir enn andre fagområde på embetet.

Forurensning

Alle oppdrag utført. Superbrukar har også vore med på uttesting av løysingar for eigenrapportar i Forurensning.

I eit livskraftig fellesskap: Vi har vore lite etterspurde i det 5-årlege programmet for miljø- og samfunnsutviklinga i kommunane. Deltakinga har avgrensa seg til deltaking på tema som gjeld klima og energi.

Kunnskapsoppbygging og formidling: Vi har formidlar statleg miljøvernpolitikk på samlingar for ordførarar/rådmenn, sakshandsamarar, på kommunebesøk (6 i 2008) og elles i den daglege kontakten med kommunane.

Skjønnsmidlar Det er ikkje brukt miljøkriterium som grunnlag for fordelinga av skjønnsmidlar i 2008.

07.3 Virkemidler og prosesser

Status er gjort opp under kvart av oppdraga innan tilsynsverksemda Detaljert årsrapport for tilsyn på ureiningsområdet i 2008 vil bli sendt SFT innan 15.mars.

Vi har i 2008 gitt 12 nye løyve etter ureiningslova og endra 8 løyve.

Vi har delteke i 4 landsdekkande/regionale kontrollaksjonar i 2008. I PCB-aksjonen gjennomførte vi 18 kontrollar, i flyplassaksjonen 1 kontroll, i avlopsaksjonen vart det gjennomført 4 kontrollar og i EE-aksjonen kontrollerte vi 31 verksemder. Vi har i tillegg gjennomført 14 eigeninitierte tilsyn og 3 revisjonar.

Tilsynsplan for 2009 er oversendt innan fristen. Vi skal delta både i landsdekkande aksjonar, regionale aksjonar og i

forprosjekt i 2009. Vi har planlagt ca. 30 egeninitierede tilsyn og 3 revisjoner i 2009.

Registrering av planane for 2009 i "Forurensning": Stort sett ajour med registreringa.

Vi deltok med to personar på opplæringskurset 1.-4. september 2008. Kommuneundersøkinga vart gjennomført i november/desember med formøte og to revisjonsdagar pr. kommune i dei tre kommunane, Stryn, Førde og Gulen. Fylkesmiljøvernsjefen deltok på delar av undersøkinga (formøta og eit sluttmøte). Rapportane vart sendt kommunane (med kopi til SFT og DN) på nyåret.

Ressursrapportering

Miljøvernnavdelinga har 20 tilsette per 31.12.2008. Dette talet inkluderer ei stilling som er finansiert av vassdragsregulantane i fylket. Ein person er leigd ut til DN, men har kontor nær miljøvernnavdelinga. Tal årsverk finansiert over kap. 1510 eller fagmidlar frå direktorata er om lag 17. På grunn av utelege og ekstra innsats på utarbeiding av forvaltningsplanar, har vi for tida eitt eittårig engasjement og ein vikar.

I tillegg kan vi ta med at vi har brukt 1,6 årsverk til tilsyn i 2008 (forventinga frå SFT var 1,4 årsverk).

Resultatområde	FMSF	Sum	
1510 Fagdep. 1510 Fagdep.			
Resultatområde 01	205	83	205
Resultatområde 02	0	0	0
Resultatområde 03	74	0	74
Resultatområde 04	6	0	6
Resultatområde 05	4	0	4
Resultatområde 06	118	0	118
Resultatområde 07	202	45	202
Sum:	609	128	609
			128

Landbruks- og matdepartementet

Resultatområde 21 Landbruksbasert næringsutvikling

21.1 Jordbruk

Utfordringane i fylket

Vi har ein småskala bruksstruktur med mindre areal og dyretal pr bruk enn dei fleste andre fylke, og dette gjer oss sårbar ved stram driftsøkonomi. Det er derfor viktig å styrke og skape arbeidsplassar og inntekter utanom det tradisjonelle landbruket.

Kumjølk

Sogn og Fjordane har minste gjennomsnittskvoten i landet - og den er på 74 000 kg. Vi ser likevel at det er tydeleg tru på framtida i deler av produksjonsmiljøet med satsing og utviding på både samdrifter og enkeltbruk. Vi får derfor ein meir variert bruksstruktur enn tidlegare, også innanfor mjølkeproduksjonen. Tal mjølkebruk gjekk ned med 116 siste året. Det totale mjølkevolumet er også redusert med 3,3 mill kg samanlikna med 2007. Den vidare utviklinga i mjølkeproduksjonen er viktig for både primærlandbruket og foredlingsindustrien her i fylket. Vil dei mange små og middels store brukha halde frammet mjølkeproduksjon ved generasjonsskifte? Vil vi greie å halde det totale mjølkevolumet på om lag same nivå? Ordninga med fylkesvise grenser for omsetting av mjølkekvote er eit viktig verkemiddel i denne samanheng.

Geit

Geitmjølkproduksjonen er stabil i høve til 2007 og syner ein liten oppgang. Frå 2007 til 2008 har levert mengde til TINE auka frå 3,109 mill liter i 2007 til 3,156 mill liter i 2008. Men tal bruk som driv med geit gjekk ned frå 78 til 74. For Aurland kommune har midlar til Verdsarvområdet kome geitemiljøet i Undredal og Bakka til gode. Utfordringa er no å halde produksjonen på det omfanget vi har i dag.

Sau

Vi har småskala drift innan denne produksjonen. Sauen har alltid vore eit "attåtdyr" og det er slik framleis. Tal sau og lam på beite er ca 190 000 i 2008. Men i 2000 var dette talet ca 232 000. Vi har eit eige prosjekt som går på

stimulering og mobilisering innan sauhaldet. Dette har gjeve resultat så langt i form av fleire finansierte sauebygningar i Innovasjon Norge, 11 driftsbygningar i 2008 mot 8 året før og berre to i 2006. Fleire bønder snakkar om samdrift også i denne produksjonen, men førebels har vi berre ein driftsbygning med samdrift for sau. Utfordringa er å få stoppa nedgangen i tal sau på beite.

Hagebruk

Innafor hagebruket vert det satsa friskt på moreller og bringebær. Tine jobbar med utvikling av nye produkt, juice frå bringebær og pære. Dette er med og stimulerar nysatsinga i hagebruket. Utfordringa no er å satse vidare på steinfrukt og økologisk produksjon på frukt og bær.

Beitebruk og tapsstatistikk

Vi må tilbake til åra 2000 og 1995 for å finne lågare tap av sau og lam på utmarksbeite enn i 2008. Dei minste tapa finn vi i kommunane Aurland, Lærdal og Sogndal, og dei høgste tapa i Årdal og Fjaler.

Tala viser at eit tap på 2,8 % for sau og 6,7 % for lamma. I 2008 vart det slept ca 190 000 sau og lam på utmarksbeite i Sogn og Fjordane. Av desse mista 9700 eller 5,2 % livet på beite. Ca 90 % av sauene er med i organisert beitebruk og statistikken derifrå viser at dyra som beiter i låglandet eller på skogsbeite er meir utsett enn dyr som beiter på høgfjellet. Område med rovdyr har høgare tap enn område utan rovdyr. Dette gjeld særleg kommunane Årdal og Luster der jerven gjorde stor skade.

Vi har ikkje midlar til rovviltskompensasjon. Miljøvernavdelinga har midlar til forebyggande tiltak mot rovviltskott, og bruken av desse drøftar vi internt.

Status for overføring av veterinaertensta i kommunane

Dette har eigentleg gått greitt og det har lite spørsmål omkring ordninga. Vi har fordelt vakttilstskot etter oppsett fra SLF.

Vi fordele stimuleringstilstskot til ni søkjavar i 2008. Fylkesramma var på kr 600.000, og tilskota varierte frå kr 40.000 til kr 180.000. Søknadene omfatta i alt 19 av dei 26 kommunane våre. Dei resterande 7 har avstandstilhøve og dyretettleik som gjer at dei er lite aktuelle for ordninga. Det meste av tiltaka i søknadene handla om drift. I enkelte tilfelle var tiltaka meir spesifiserte i form av reiseutjamning, rekruttering og husleigesubsidiering.

Kommunane syntest å vera nøgde med tildelinga, og vi mottok ingen merknader i etterkant.

Tapsstatistikk sau på utmarksbeite

Embeter	Antall sau sluppet (innen organisert beitebruk)	% tilslutning til org. beitebruk i fylket		Tapsprosent		Total tapsprosent	
		Sau	Lam	Sau	Lam	2008	2007
FMSF	69826	104832	91,1	2,78	6,74	5,16	5,81
Sum	69826	104832	0	0	0	0	

21.2 Skogbruk

Skogeigarlaget sin aktivitet er viktig både for å halde hjula i gang i det tradisjonelle skogbruket og for betre utnytting av andre utmarksressursar. Hogsten ligg på same nivå som dei siste åra, dvs ca 50 000 m³ til skur og massevirke, pluss om lag like mykje til ved. Finanskrisa har ført til problem med avsetning på gran. Men det vart jobba med å få hogsten over på furu slik at ein har hatt arbeid til skogsentrepreneurane.

Moderne taubanedrift er ein viktig føresetnad for at vi får ut tømmeret i fylket. Skogeigarlaget har satsa på hogstmobilisering og det er svært viktig å halde oppe driftsapparatet og hogstvolumet i påvente av den store granausten. Også fylkeskommunen engasjerer seg for skogbruket, både gjennom deltaking i utgreiinga om kystsksogbruket, og ved støtte til skogsvegar. Næringsa er også oppteken av betre utnytting av jaktressursen, hovudsakleg hjort, der dei mellom anna arbeider for betre organisering, tilrettelegging og marknadsføring gjennom eigne prosjekt med tema hjortemerking og utmarksbasert næringsutvikling.

Tiplanta areal hadde ei svak auke frå 2007 til 2008, men framleis blir omlag halvparten av hogstarealet aktivt tilplanta med ny skog. Noko av arealet går ut grunna bruksending. Fylkesmannen har saman med kommunane tatt tak i utfordringane knytt til manglende forynging og vil jobbe vidare med det i åra som kjem. Vi gir råd til kommunane om vegbygging, forvaltninga av miljø- og næringsmidlane til skogbruk går greitt, likeeins skogfondordninga. Det er gjennomført resultatkontroll for skogbruk og miljø.

21.3 Bygde- og næringsutvikling

Samarbeid på fylkesnivå

Strategiplanen for bygde- og næringsutvikling i Sogn og Fjordane er utarbeidd i samarbeid mellom næringsorganisasjonane, KS, fylkeskommunen og Innovasjon Noreg. Dei prioriterte satsingsområda er dei same som i den nasjonale strategien "Ta landet i bruk". Gjennom året har det vore ein kontinuerleg dialog med Innovasjon Noreg og fylkeskommunen for å sikre ein målrettet bruk av ulike verkemiddel. Vi deltek i programarbeidet i fylkesplanen, mest aktivt dei to programområda Opplevingsnæringer og Entreprenørskap. Vi har også jamnleg fellesmøte mellom Fylkesmannen si landbruksavdeling, Regionalavdelinga i fylkeskommunen, Innovasjon Norge, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Vestlandsforskning. Tema her er aktuelle saker innan regional utvikling.

Bygdeutviklingsmidlane

Vi fekk tildelt 29,7 mill kr i BU-midlar og ca 20 % (6 mill kr) vart brukt til generell tilrettelegging og forvalta av Fylkesmannen, og ca 80 % (23,7 mill kr) vart forvalta av Innovasjon Norge til ulike bedriftsretta tiltak. Begge deler på grunnlag av den felles BU-strategien. Midlane til tilrettelegging vart fordelt mest på områda *Reiseliv og oppleveling* og til *Matproduksjon*. Dei bedriftsretta midlane vart brukt mest på tradisjonelt landbruk (ca 16 mill) og resten på andre landbruksstilknytta næringer i bygdene.

Vi leverer eigen rapport til Landbruks- og matdepartementet og til Innovasjon Norge om bruken av BU-midlane.

Bygdemobilisering

Vi har eit eige bygdeutviklingsprogram som har gått kontinuerleg sidan 1992 og der tilsaman 32 bygder har delteke. Bygdene har hatt mest fokus på fellestiltak, bumiljø som er viktig for trivsel, men slik mobilisering bidreg også til auka fokus på lokal etablering og næringsutvikling. Fylkeskommunen deltek i finansiering og gir uttrykk for at dette er ei verdifullt program som vi i fellesskap bør halde fram med.

21.4 Verdiskapingsprogrammene

Vi har eit godt samarbeid med Innovasjon Norge i arbeidet med verdiskapingsprogramma, og for vår del gjeld dette i all hovudsak matprogrammet.

Vi arbeider med lokal mat også i andre samanhengar og i samarbeid med ulike aktørar. Vi har i mange år hatt samarbeid med organisasjonen *Norsk Bygdeturisme og Gardsmat* innan kompetansbygging og produktutvikling, og vi støttar og deltek i markeringar som Matfestivalen i Bergen og Bondens Marked i Førde. Slike torg- og møteplassar er viktig for både marknadsføring og profilering av lokal mat.

Vi nemner også at Økoringen har fått støtte for å fremje lokal mat på ferja i Verdsarvområdet i Nærøyfjorden, og det er mykje positivt på gang innan konsum og foredling av frukt og bær (konsumbringebær, morellar, bringebærjuice).

Vi har også informert om verdiskapingsprogramma for tre og bioenergi, men finansiering av utviklingstiltak på desse områda er også handtert og støtta gjennom andre kjelder enn VSP-midlane, jamfør kap 22.5.

Resultatområde 22 Miljøtiltak i landbruket

22.2 Tiltak for å redusere forurensninger

Ureining frå gjødsel

Som før har vi gått ut med faglege råd og påminningar til kommunane, og bede om årleg rapport på kva kontrolltiltak og praksis dei har hatt med til dømes dispensasjon frå reglane om gjødselspreiing og silopressaft. Tilbakemeldingane tyder på at brukarane i all hovudsak etterlever regelverket, men det er framleis trøng for oppfølging og påminning.

Totalt er det 17 av 26 kommunar som har utarbeidt lokal forskrift for spreiing av husdyrgjødsel, til erstatning for

den generelle fristen 1. september. 7 av dei har 15. september, 7 har 20. september, 2 har 30. september, og 1 kommune har 1. oktober.

Vi ber om rapport på praktisering og det viser at det var vesentleg færre dispensasjonssaker i 2008 enn åra før. Dette kan tyde på at innføring av lokal forskrift om spreiefrist har ein effekt. Tendensen er likevel noko usikker då store variasjonar i vertilhøva frå år til år verkar inn på spreietidspunktet i høve til lengde på vekstsesong, slått- og beiteforhold og spreieforhold. Dei vanlegaste årsakene til at kommunane gjev dispensasjon er maskinhavari, sjukdom, problem med lagringa og verforhold. Nokre kommunar oppgjev gode veksttilhøve og lageleg ver som grunngjeving for utsett spreiling. Andre kommunar har gjeve avslag på søknad om spreing etter 3. slåtten grunna at vekstsesongen nærmar seg slutten. Tala tyder også på at færre kommunar kontrollerer bekkar, elver og enkeltbruk, utan at vi kan sjå nokon spesifikk årsak til dette.

Plantevernmiddele

Interessa for å få testa åkersprøyte verkar liten blant brukarane. I alt er det testa 30 åkersprøyter hausten 2008. Vi har distribuert handbok plantevern som planlagt og det er halde 2 kurs for ca 60 nye plantevernmiddebrukskarar. I tillegg er det halde 5 kurs for fornying av ca 90 plantevernbevis i fylket. Det er viktig og ønskeleg at brukarane samarbeider om bruken av plantevernmiddele og utstyr fordi dette er kunnskapskrevjande.

22.3 Miljøprogram og miljøplan

Det er stor interesse for Regionalt miljøprogram (RMP), og ca 77 % av føretaka søkte om støtte frå miljøprogrammet, pluss 126 beitetal. Nesten halvparten av den økonomiske ramma i programmet gjekk til drift av bratt areal, ca 24% til ulike beiteordningar og ca 27% til landskapselement og biologisk mangfald.

Hovudmålsetjinga med RMP i vårt fylke er å ta vare på og utvikla det opne og særmerkte kulturlandskapet i fylket. Tiltak som held det bratte og tungdrivne arealet i drift og som fremjar beitebruk er positivt i høve til dette målet. Særmerkte landskapselement som steingjerde, styvingstre, freda kulturminne og artsrike areal blir elles i større og betre grad teke vare på og skjøtta etter innføringa av RMP.

I høve til målsettinga for RMP-programmet er utfordringa først og fremst at føropptaket på beite stadig minkar grunna den totale nedgangen i tal beitedyr.

Vi har informert og rettleia om miljøplan, og nasjonale og regionale miljøutfordringar gjennom rettleiingsmateriale for RMP. Rullering av RMP er gjennomført i 2008.

Tilskudd fra regionalt miljøprogram utbetalt 2008 etter søknadsomgang 2007 - kroner utbetalt til hovedområder

Embeter	Gjengroing	Avrenning til vassdrag	Kulturminneverdier	Tilgjengelighet og friluftsverdier	Verdifulle kulturlandskap	Plantevernmiddele	Avfallsinnsamling	Annet
FMSF	15381560	0	3164765	0	4599503	0	0	0
Sum	15381560	0	3164765	0	4599503	0		

22.4 Økologisk landbruk

Fylkesmennene i Sogn og Fjordane og Hordaland har felles handlingsplan for økologisk landbruk for 2006 – 2009. Strategiane i handlingsplanen er i stor grad retta mot satsing på auka produksjon og omsetnad innan grovförbasert kjøtproduksjon, mjølk, frukt og bær. Statistikken viser at det framleis er langt fram til målet om 15 % økologisk produksjon, men nokre satsingsområde har ei meir positiv utvikling enn andre. Interessa for økologisk fruktdyrking er aukande som mellom anna skuldast betre økonomiske, driftsmessige og marknadsmessige føresetnader. Gode avtalar mellom produsentar og omsetnadsledd, samt utstrakt rettleiing og oppfølging har vore viktige faktorar. Vi har også registrert interesse for omlegging innan mjølk og kjøt, og det har vore jobba på fleire hald for å fjerne ein del flaskehalsar som i dag gjer at mange bønder venter med å ta det siste steget mot omlegging til økologiske areal og husdyrhald.

Sogn og Fjordane fekk tildelt kr 400 000 til oppfølging av handlingsplanen i 2008. Kr 39 000 vart brukt til informasjons- og motivasjonsarbeid, kr 237 800 til diverse omleggingsfremjande tiltak, kr 72 000 til profilering av økologiske varer i butikk og kr 51 200 til forsøksprosjekt.

Vi er også aktiv deltakar i FoU-prosjektet Norsk økologisk frukt til forbrukar, som starta opp i 2007 der målet er å auke innanlandsk fruktproduksjon til minst 15 % økologisk innan 2015. Fylkesmennene sine landbruksavdelingar i Hordaland, Sogn og Fjordane og Telemark deltek med eigeninnsats i form av informasjon og tilrettelegging, samt finansiering via Innovasjon Noreg.

Bioforsk Fureneset deltek også i arbeidet med økologiske arbeidet. Ein del av Fagsentermidlane vert brukt på dette området.

22.5 Tre og miljø

Vi synest å registrere større aksept for skogbruket sin plass i miljø- og klimadebatten, og at fleire enn tidlegare forstår at skog og tre er viktig i denne samanhengen.

Talet på bioenergianlegg i drift har ikkje auka i 2008. Vi vurderer situasjonen som positivt avventande, det er fleire større utgreiingar i gang, medan marknaden for biovirke er under utvikling. Endring i denne situasjonen får vi venteleg ikkje før bioenergi vert meir lønsamt, enten på grunn av auka marknadsprisar, eller etter tiltak som er sett i verk politisk.

Nokre døme på planar og prosjekt innan bioenergi:

- I Førde er det søkt NVE om konsesjon til eit fjernvarmeanlegg basert på bioenergi, i konkurranse med anlegg for straum og fjordvarme.
- Skogeigarlaget har oppretta ei halv stilling innan bioenergi, delvis finansiert av BU – midlar, med vinkling bondevarme.
- Fylkesmannen er med i plangruppe for biovarmeanlegg på United World College og Hauglandsenteret i Fjaler. Ei gruppe skogeigarar har meld interesse for levering av varme.
- Vi er med i fellesprosjekt med Møre og Romsdal i ei prosjekt finansiert av LMD særleg rette mot verdikjedene for bioenergi frå skog, vegkant og kulturlandskap.
- Det går føre utgreiing, finansiert av IN, om flislager og produksjon av varme i Sogndal og på Kaupanger.
- Fylkesmannen har levert faktagrunnlag om skogen i Sogn og Fjordane si rolle i klimasamanheng i samband med utarbeiding av miljø – klimaplanar i fylket og i kommunane og har delteke med innlegg i ulike samanhengar.

Første halvår var det, som elles i landet, etterspørsel og til dels gode prisar på alt som kunne leverast av skurtømmer og skurlast. Frå tidleg haust endra dette seg brått.

Treprogrammet har vore gjort kjend og profilert på same måte som i tidlegare år.

Arbeidet med ”Prosjekt Kystsogbruket” har vore ein viktig faktor i arbeidet med trebruk, miljø og bioenergi i 2008. Gjennom denne felles satsinga har vi klart å sette fokus på ulike sider av skogbruket, spesielt trebruk og bioenergi. Treprogrammet har vore gjort kjend og profilert på same måte som i tidlegare år.

Det vart påbegynt arbeid med miljøregistrering i skogbruket (MiS) i Stryn og Gulen, og avslutta MiS i Gloppen.

Resultatområde 23 Eiendoms- og bosettingspolitikk

23.2 Eiendoms- og bosettingspolitikk

Rapport om jordfondet var sendt innan fristen 1.2.2008.

Rapport om jord- konsesjons- og odelslovsaker vart sendt til SLF innan 15.2.2009.

Fylkeslandbruksstyret har hatt 6 møte i 2008, og handsama i alt 52 saker. Dette er ein auke på 12 samanlikna med 2007. Tal klagesaker har auka med ca. 1/3. Vi viser elles til eigne rapportar med jord- og konsesjonslovsstatistikk og om Jordfondet, som alt er sendt til SLF.

Også i 2008 vart det brukt ein god del tid og arbeid på saker der spørsmålet om kva som er ein landbrukseigedom/odelseigedom var avgjerande eller svært sentralt. Stikkordet er framleis buplikt. Sivilombodsmannen tok opp ei av desse sakene, men hans uttale ligg enno ikkje føre.

Merksemda på jordvernsproblematikken er aukande, og i juni 2008 vedtok Fylkeslandbruksstyret å utarbeidast ein strategiplan for jordvern. Utkast vart sendt på høyring i oktober, med merknadsfrist 31.12.08., jamfør også kap

Resultatområde 24 Inntekts- og velferdspolitiske tiltak

Organisering av kontrollarbeidet

Ei gruppe på fem personar har hatt ansvaret for kontrollarbeidet. Av desse har tre, men berre to samstundes, delteke på forvaltningskontrollane. Det gjeld ein seniorrådgjevar (tidlegare leiar) og to medarbeidarar (avdelingsingeniør og førstekonsulent) som i hovudsak jobbar med tilskotsforvaltning. Ein fjerde person (konsulent med bygningskompetanse) i gruppa har åleine utført føretakskontrollane. Den femte personen i gruppa er avdelinga sin juridiske konsulent.

Kva kontrollar er gjennomført?

Forvaltningskontroll, antal kommunar: 6 kommunar.

Føretakskontroll, antal foretak: 7 føretak.

Kva er funne og korleis er avvik følgt opp?

I forvaltningskontrollen fann ein desse avvika: Eitt avvik (forskrift om PT §10 og forskrift for miljøplan § 6) der kommunen utan heimel hadde gitt dispensasjon frå kravet om miljøplan på søknadstidspunktet. I dette høvet er kommunen pålagt å endre rutinene sine.

I føretakskontrollen fann ein desse avvika:

Eitt avvik der heile SMIL-tilskotet var utbetalt utan at alt planlagt arbeid var utført.

To avvik der RMP-tilskot var innvilga utan at det låg føre miljøplan trinn 2 og utan at vedlikehaldsarbeid på tilskotsobjekta var utført.

i desse høva er det gjort slike vedtak:

SMIL: Forlenga arbeidsfrist.

RMP: Legg opp til omgjering av kommunale vedtak, tilskota er ikkje utbetalte.

Vi sender eigen detaljert rapport til SLF om kontrollarbeidet 2008.

Status for landbruksvikartenesta

Av 20 tildelte årsverk til fylket vårt, vart det i 2008 innvilga 14,67 årsverk fordelt på åtte avløysarlag. Desse laga omfatta 21 av dei 26 kommunane. Fleire av laga måtte først tilsetja landbruksvikarar før dei kom i gang med eit tilbod. Dermed var det mykje unyttta tilskotsmidlar att i laga då året gjekk ut.

Av dei fem kommunane som ikkje vart dekka av avløysarlag, hadde fire kommunar kommunalt tilsett landbruksvikar. Desse har frå siste årsskifte kome fram til ei ordning - i form av overgang eller utleige - med avløysarlaga. Det inneber at vi for 2009 har innvilga heile kvoten på 20 årsverk til 10 avløysarlag som i prinsippet dekkar heile fylket. Men nokre av laga strevar med å få tak i vikarar. Det betyr at Solund som er ein liten kystkommune med 20-30 gardsbruk, og nokre få andre bygdelag framleis ikkje hadde eit oppegåande tilbod om landbruksvikar då året gjekk ut.

Oversikt over behandling av klager og dispensasjonssøknader 2008 - antall

Klagebehandling

Embeter	Produksjonstilskudd		Miljøvirkemidler			Andre tilskuddsordninger		
	Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått		
FMSF	102	3	8	0	48		2	
Sum	102	3	8	0	48		2	

Dispensasjonssøknader

Embeter	Produksjonstilskudd			Miljøvirkemidler			Andre tilskuddsordninger		
	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått
FMSF	44	0	1	6	0	1	15	0	1
Sum	146	3	9	6	48	3			

Resultatområde 25 Kommunene som landbrukspolitiske aktør

25.1 Kompetansesenter

Kompetansesenter

Vi gjennomfører faste årlege kurs, konferansar innan jordbruk og skogbruk der kommunane er målgruppe. I 2008 har vi hatt kurs og samlingar på fagområda tilskot, næringsutvikling, arealforvaltning pluss ei felles samling med ulike tema om hausten. I tillegg er det mykje kontakt som er knytt til prosjektarbeid t.d. innafor hagebruk. Vi har fast innarbeidd samarbeid med Innovasjon Norge. Dei viktigaste samarbeidstiltaka er BU-midlane, SMIL/NMSK forvaltninga og produksjonstilskot.

Tiltak for kommunane, kurs m.m.

- a) Nye folkevalde i kommunane der temaet var landbrukslovene (felles med miljøavdelinga)
- b) Kystskogbruket, fylkesmøte for kommunar og andre interesserte i januar
- c) BU-strategi i februar, saman med IN
- d) Produksjonstilskot, kurs i januar januar og august
- e) Gjeve tilskot til kurs for kommunane i tema skjøtsel av kulturlandskap, beitemark, bygningsmiljø.
- f) Felleskurs for landbruksforvaltninga i kommunane i okt/nov (Loen)
- g) Gardskart, kurs i april for kommunar som er i gang, 5 stk

Bruk av midlar over kap 1144 post 77: (kommuneretta innsats og miljøarbeid)

Diverse kurs for kommunane:	kr 58 603,-
Revidering av Reg miljøprogram	kr 8 206,-
Kulturlandskap, sluttført prosjekt	kr 33 191,-
SUM	kr 100 000,-

25.2 Landbrukspolitisk dialog med kommunene

Kommunebesøk og opplæring.

Landbruksavdelinga deltek på alle kommunemøte i embetet sin regi der det er naturleg at avdelinga deltek, alt etter saklista på møtet. I 2008 deltok vi på 4 kommunebesøk saman med embetsleinga, pluss at vi hadde fem eigne møter med kommunane der temaet var meir spesifikt landbruk slik som til dømes gardskart. I samband med forvaltningskontrollen besøkte vi seks kommunar, sjå kap 24.

Avdelinga gjennomførte fleire kurs for den kommunale landbruksforvaltninga med tema innafor skogbruk, jordbruk og hagebruk, pluss ei to-dagars samling for heile landbruksforvaltninga. Målgruppa er kommunane sine fagfolk /leiing. Desse kursa skjer delvis i samarbeid med miljøvernavdelinga. Sjå også kap 25.1.

Avdelinga er aktive deltakarar i Planforum som er møteplass for kommunar med planutkast, fylkeskommunen og regionale sektorstyresmakter. Sameis gjeld dette Kystsonenettverket som har strandvern som arbeidsområde. Avdelinga har over lang tid hatt eit aktivt bygdeutviklingsprogram der vi føreset at kommunane deltek. Dette har også bidrege til gode samarbeidsforhold mellom kommunane og avdelinga.

Landbruksforvaltninga

Kommunane gjer stort sett ein god innsats på landbruksforvaltning, men både vi og Innovasjon Norge merkar at det er mindre kapasitet i det kommunale tiltaksapparatet på nærings- og bygdeutvikling. Fylkeskommunen har hatt eit prosjekt på dette i 2008, i samarbeid med oss og Innovasjon Norge. Vi kjem til å følgje dette vidare opp i 2009.

Samarbeidsavtalen med KS hadde vi fokus på i 2007 og har vi ikkje hatt spesiell aktivitet på dette i 2008. Men vi konfererer med KS ved oppnemning av medlemmar i utval, til dømes ved revidering av BU-strategien, og inviterte ein ordførar som innleiar på den årlege to-dagars samlinga for landbruksforvaltninga. Embetet har også nær kontakt med KS ved til dømes større konferansar for kommunane, arrangement der også landbruk kan vere tema.

25.3 Miljøvirkemidlene i jordbruket og de økonomiske virkemidlene i skogbruket

Det er sendt **forbruks- og behovsrapport** til SLF innan 1.12.2008.

Skogbruksplanlegging og Mis-registrering:

I Sogn og Fjordane har vi eit etterslep når det gjeld første omdrev av områdetakst. I år vart det utført etterregistering av miljøregistrering (MiS) i tre kommunar og oppstart av områdetakst med MiS i ein kommune.

Forvaltning av miljø- og næringsmidlane i jord- og skogbruk går greitt både i kommunane og på fylkesnivå. Vi har hatt møte med kommunane om forvaltninga, og direkte rådgjeving pr telefon. Det er langt større søknadsmasse enn tilskotsmidlar til disposisjon, men vi opplever likevel relativt få klagesaker. Dei kommunale strategiane og prioriteringane synest å bli respektert. For skogbruksmidlane synest vi det er meir effektivt og målretta å forvalte midlane til vegar og taubane på fylkesnivå, og vi ser dette i samanheng med ekstra fylkeskommunale skogsvegmidlane på 1 mill. kr pr år.

Resultatområde 26 Jord- og landskapsressurser

26.1 Jordvern og kulturlandskap

Arbeidet med **jordvern** skjer delvis gjennom dialog med kommunane og delvis ved handtering av enkeltsaker og arealplanar. Jordvern har vore tema ved både den generelle folkevaldopplæringa i regi av Fylkesmannen og i eit eige kurs på landbruks- og miljøområdet. Det er behov for politisk engasjement på dette området, på alle nivå, og vi starta også eit eige arbeid med ein jordvernstrategi for Fylkeslandbruksstyret. Planen var på høyring hausten 2008 og blir behandla av styret tidleg i 2009 og vil ligge som føringar framover. Vi kjem ikkje utanom at i enkeltsaker må jordvernet markerast ved bruk av motsegn, og har hatt fire slike saker i 2008, derav ein kommuneplan. Det er også ei utfordring at mange av kommunane har for gamle arealplanar, kombinert med dårlig planfagleg kapasitet, noko som fører til auka bruk av dispensasjonar og manglande overordna planlegging. Det kan vere aktuelt å satse meir på planfagleg opplæring og hjelp til ressurssvake kommunar, men det må skje i forståing med kommunane og dei rollene vi alle har i planprosessen.

Vi har prioritert, og fått gjennomslag for, **to område med spesielt verdifulle kulturlandskap**; Hoddevik - Liseth i Selje kommune og Grindsalen i Leikanger kommune. Vi har så langt hatt ein god prosess saman med grunneigarane, kommunane og fagmiljøet hjå Høgskulen, fylkeskommunen og miljøvernavdelinga.

Kulturlandskapet i fylket er for ein stor del skapt og prega av husdyrhald og beitebruk. Dei siste 10 åra har vi hatt ein merkbar nedgang i sauetalet, noko som heldigvis ser ut til å betre seg i 2008. Men det er klart at vidare nedgang i husdyrhaldet vil føre til sterkare attgroing og tap av både landskapsverdiar og biologisk mangfald. Regionalt miljøprogram skal motverke denne attgrionga, og i større grad bidra til å prioritere dei mest verdfulle områda.

Verdsarvområdet i Nærøyfjorden

Vi fekk tildelt 1,225 frå SLF og 1,0 mill kr frå DN til ekstra støtte til landbruket i dette verdsarvområdet. Midlaner er fordelt på i alt 41 gardsbruk, derav 9 bruk i Hordaland.

Midlane er forvalta på grunnlag av ein tidlegare utarbeidd tiltaksplan for landbruket i verdsarvområdet, og i nært samarbeid med Verdsarvrådet med representantar frå både Geirangerfjorden og Nærøyfjorden.

Det vart betalt ut ca 1,92 mill kr og restbeløpet blir overført og fordelt i 2009. Det var vanskeleg å dimensjonere støtteordningane første året, så derfor fekk vi litt pengar til overs, men dette blir altså etter avklaring med SLF overført til 2009.

Støtta for 2008 vart fordelt slik:

- støtte til jordbruksareal i aktiv drift inne i verdsarvområdet
 - støtte til beitedyr i verdsarvområdet, gjeld både dei som bur innanfor og utanfor verdsarvområdet
- Ved tildeling av støtta har vi brukt areal og dyretal frå vanleg produksjonstilskot og frå regionalt miljøprogram, og det er utforma ein avtale med kvart enkelt bruk som får slik støtte. Opplegget vil bli ført vidare etter om lag same mal i 2009 og med oppfølging av dei brukta det gjeld.

26.2 Samfunnsplanlegging

Arealplanlegging

Vi viser til kap 26.1 der det står om jordvern.

Fylkesmannen er ansvarleg for verneplanar etter naturvernlova, med tilhøyrande forvaltningsplanar. Her samarbeider vi mellom miljøvern- og landbruksavdelinga, både i tematiske verneplanar for til dømes myr og skog, og for store landskapsvernområde og nasjonalparkar. Største verneplanarbeidet i 2008 var Breheimen - Mørkridsdalen i Luster, der vi også samkjørde verneplanarbeidet med lokal mobilisering for næringsutvikling.

Geovekstsamarbeidet i 2008

Landbruksavdelinga har leia fagutavlet for basisdata i Norge Digitalt. Dette arbeidet er sjølvsagt utført i nært samarbeid med Statens kartverk. Fylket har no dekning av ortofoto anten i bildemålestokk 1:15000 eller i bildemålestokk 1:35000 og vi er byrja med ny runde for oppatnying av ortofoto. I tillegg har vi så smått byrja å ta del i kostnadene med laserskanning. Grunnen til dette er at Statens vegevsen investerer i dette produktet og det er då rimelgare for dei andre partane å utvide område der ein ønskjer nøyaktige data.

Fylkesmannen har også delteke i Plan- og temadataprosjektet for Sogn og Fjordane saman med Statens kartverk. Det er gjennomført 4 kommunebesøk i 2008 og eitt sosi-kurs for kommunane med spesiell fokus på plan.

Det er miljøvern- og beredskapsavdelinga i tillegg til landbruksavdelinga som brukar kart mest. Landbruksavdelinga har mest samarbeid med miljøvernavdelinga. Kart vert brukt i alt arbeid som t.d arealplaner, verneplaner, beredskapsplaner, jordlovsaker og tilskotsforvaltning.

I tillegg har vi lagt ut eigne tema og statistikk på embetet sitt kartprogram, www.fylkesatlas.no som er eit samarbeid med fylkeskommunen.

Ressursrapportering

Resultatområde	FMSF	Sum	
	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.	
Resultatområde 21	347	45	347
Resultatområde 22	95	0	95
Resultatområde 23	31	0	31
Resultatområde 24	121	0	121
Resultatområde 25	164	0	164
Resultatområde 26	143	0	143
Sum:	901	45	901
			45

Kunnskapsdepartementet

Resultatområde 31 Tilsyn og forvaltningsoppgaver på utdanningsområdet

31.1 Tilsyn

På grunnskuleområdet og vidaregående opplæring brukte utdanningsavdelinga totalt 55 vekeverk på tilsyn i 2008. Dette utgjorde 25,3 % av tilgjengelege ressursar på skuleområdet, som er ein vesentleg auke frå 2007 då tilsvarande tal var 19,6 %

Hausten 2008 gjennomførte utdanningsavdelinga 4 tilsyn etter same opplegg som for det nasjonale tilsynet (våren 2008), dvs. kap. 5 og § 13-10.

Alle tilsyna som vart gjennomført i 2008 var generelt meir omfattande enn i 2007. Dette innebar ma. at vi nytta meir tid både til førebuing og gjennomføringa av tilsyna.

Tilsyna om hausten vart også gjennomført med opningsmøte og intervju på dag 1 og sluttmøte neste føremiddag. Under sluttmøtet la vi også vekt på positive observasjonar. Etter sluttmøtet hadde kommunen frist på ei ca. veke på seg til å kome med innseiingar til våre funn (avvik/merknader). Rapporten vart deretter gjort ferdig og sendt til kommunen, samstundes vart rapporten lagt ut på våre heimesider.

Kommunen hadde ein frist på ca. 1 månad for å kome med ein plan for å rette opp avvik. Vi vurderer alle kommunane si oppfølging etter tilsyna til å vere god. Det vart ikkje gjeve pålegg til nokon av tilsynskommunane i

2008.

Når det gjeld organisering av sluttmøte, hadde vi gode erfaringar med å samle alle rektorane i kommunen på sluttmøtet, dvs. også dei som ikkje vart intervjua. På denne måten fekk alle same informasjonen og kommunen kunne såleis kome raskare i gang med tiltak. Under tilsynet la vi elles vekt på å sjå på tilsynet som ein læringsprosess, dvs. ein måte å forbetre kommunen sin kvalitet/prakis innafor tilsynsområdet. Vi vart godt mottekte i alle kommunane.

Det vart gjennomført postalt tilsyn med alle kommunane i forhold til frukt og grønt i skulen. I første omgang var det fire kommunar som fekk avvik. Etter dialog med kommunane vart avvika retta opp.

I samband med tilsyna i 2008, nytta vi ei risikovurdering og konkluderte med at kap. 5 og § 13-10 var aktuelle tema for tilsyn. Ved utveljing av kommunar vurderte vi tidlegare tilsynsrapportar, andel (%) av elevar med spes.undervisning og kommunen sine grunnskulepoeng i KOSTRA.

Tilsynsoversikt utdanningsområdet

	Tilsynsobjekt	Tema/Myndighetskrav	Avvik	Merknad	Pålegg	Metode	Kommenter
FMSF					<input checked="" type="checkbox"/>		
FMSF	Balestrand kommune	§§ 5-7 og 13-10	Avvik nr. 1: Balestrand kommune har ikkje eit forsvarleg system som sikrar retten til spesialpedagogisk hjelp for barn under skolepliktig alder. Avvik nr. 2: Balestrand kommune har fatta vedtak som ikkje er i samsvar med opplæringslova.		<input checked="" type="checkbox"/>	Systemrevisjon	Det vart føreteke risikovurdering i samband med tilsynet.
FMSF	Vågsøy kommune	Kap. 5 og § 13-10	Avvik nr. 1: Vedtak om spesialundervisning er ikkje i samsvar med krava i opplæringslova. Avvik nr. 2 Vågsøy kommune har ikkje eit forsvarleg system for å sikre at lova sine krav til tilpassa opplæring og spesialundervisning vert ivaretakne.		<input checked="" type="checkbox"/>	Systemrevisjon	Det vart føreteke risikovurdering i samband med tilsynet.
FMSF	Fjaler kommune	Kap. 5 og § 13-10	Avvik nr. 1: Vedtak om spesialundervisning er ikkje i samsvar med krava i opplæringslova.	Merknad nr. 1: Rektorane i Fjaler kommune har i liten grad fått tilført forvaltningskompetanse, jf opplæringslova § 13-10.	<input checked="" type="checkbox"/>	Systemrevisjon	Det var føreteke risikovurdering i samband med tilsynet.
FMSF	Gulen kommune	§§ 5-7 og 13-10	Avvik nr. 1: Gulen kommune har ikkje eit forsvarleg system som sikrar retten til spesialpedagogisk hjelp for barn under skolepliktig alder. Avvik nr. 2: Gulen kommune har fatta vedtak som ikkje er i samsvar med opplæringslova.	Gjennom intervju kom det fram at barnehagepersonalet har opplevd at dei ikkje har tilstrekkeleg kompetanse i høve til dei utfordringar einskilde barn har.	<input checked="" type="checkbox"/>	Systemrevisjon	Det vart føreteke risikovurdering i samband med tilsynet.
FMSF	Skular	§ 8-2	Ingen	Ingen	<input checked="" type="checkbox"/>	Kontroll av GSI-rapportering	Vi følgte opp dei 8 skulane som fekk varsel, men varsle skuldaft feilrapportering.

31.2 Klagesaksbehandling

Grunnskulen - spesialundervisning

Seks av 18 klagesaker på spesialundervisningsområdet fekk anna utfall enn medhald/avslag. I tre av sakene var det påpeika at kommunen er pålagt å ha eit system som sikrar at elevane får det tilbodet dei har lovmessig krav på jf. opplæringslova § 13-10. Den fjerde saka vart sendt attende til kommunen med krav om ny sakkunnig vurdering. Den femte saka vart avslutta ved at føresette trekte klagen og den sjette saka var sendt attende til underinstansen for

klagehandsaming.

Barnehage - skyss

Fylkesmannen hadde ei klagesak på vedtak om skyss i barnehage for barn med rett til teiknspråkopplæring etter opplæringslova § 2-6 tredje avsnitt. Saka vart sendt attende til underinnstansen for ny handsaming.

Klage på standpunktakarater

Det er totalt behandla 41 klager på standpunktakarater. Av desse vart 12 avslégne og 29 sendt tilbake til skulen for ny handsaming.

		Type klage	Medhold/Delvis medhold	Avslag	Sum
FMSF	Klage i forbindelse med spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder	test	1	0	
FMSF	Klage i grunnskolen	Klage på barnehagetilbod	1		1
FMSF	Klage i grunnskolen	Klage på avslag om gratis skyss grunna særleg trafikkfarleg skuleveg, jf. § 7-1 i oppl.	2	3	5
FMSF	Klage i grunnskolen	Klage på logopedertilbod skuleåret 2007-2008, jf. §4a-2 i oppl.	1		1
FMSF	Klage i grunnskolen	Klage på vedtak om teiknspråkopplæring, jf § 2-6 i oppl.		1	1
FMSF	Klage i grunnskolen	Klage på val av grunnskule, jf § 8-1 i oppl.		1	1
FMSF	Klage i grunnskolen	Klage på avslag om skulegang i anna kommune jf. § 8-1 i oppl.		1	1
FMSF	Klage i grunnskolen	Klage på spesialundervisning jf. § 5-1 i oppl.	4	8	18
FMSF	Klage i videregående opplæring	Klage på uhaldbar praksis i handsaminga av eksamensklagar		1	1
FMSF	Klage i private skoler	Refusjon for spesialpedagogiske ressursar til Montessoriskulen i	1		1
FMSF	Klage i forbindelse med spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder	Klage på spesialpedagogisk hjelp, jf § 5-7		1	1
FMSF	Klage i forbindelse med spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder	Klage på vedtak om skyss i barnehagen, jf. §§ 2-6 tredje avsnitt og 7-6 i oppl.			1
FMSF	Klage i grunnskolen	Klage på standpunkt	29	12	41
FMSF					

31.3 Grunnskolens informasjonssystem, GSI

8 grunnskular i fylket fekk varsel om at dei hadde brote Stortinget sin førestnad om pedagogisk forsvarleg opplæring (gruppestorleik). Fylkesmannen følgde opp skulane som hadde fått varsel. Ved gjennomgang av data viste det seg at ingen skular braut lova på dette området i 2008.

I samband med GSI-innsamlinnga planla eit dagsmøte for alle kommunane, men pga for lite påmelding vart samlinga avlyst.

31.4 Informasjon og veiledning

Det er ikkje rapporteringskrav på dette resultatområdet

31.5 Eksamens og nasjonale prøver

Ved tilsyna i 2008 nytta vi informasjon frå GSI om andel elevar med spesialundervisning og informasjon i KOSTRA om grunnskulepoeng som grunnlag for å velje ut dei kommunane som skulle ha tilsyn. Vi meiner at grunnskulepoeng gjev eit breiare bilet av skulane si verksemd enn nasjonale prøver og meiner såleis at denne indikatoren er best eigna. Eksamens inngår i grunnskulepoeng.

Den totale ressursbruket på resultatområde 31.5 Eksamens og nasjonale prøver var 39 vekeverk, som tilsvasar 17,8 % av tilgjengelege ressursar på skuleområdet.

31.7 Tilskuddsforvaltning

Det er ikke rapporteringskrav i årsrapporten, slik vi forstår det. Rapporteringa vert fanga opp i tertialrapporteringa.

31.8 Koordinering av sensur for sentralt gitt eksamen i videregående opplæring

31.9 Forvaltning av private skoler i utlandet

Oppdraget gjeld berre Fylkesmannen i Oslo og Akershus.

31.10 Pedagogisk-psykologisk tjeneste for elever ved norske private skoler i utlandet

Oppdraget gjeld Fylkesmannen i Oslo og Akershus.

Resultatområde 32 Oppgaver tilknyttet Kunnskapsløftet og annet utviklingsarbeid

32.2 Kompetanseutvikling

Det vart utført 22 vekeverk på dette resultatområdet. Det tilsvrar 10,2 % av tilgjengelege ressursar på skuleområdet.

Vi har tildelt skuleeigarane kompetansemidlar i samsvar med føresetnadane.

Vi har lagt mykje arbeid i koordinering. Dette har m.a. følgjande element:

- Engasjement av førtelektor Knut Roald på høgskulen i 20 % stilling, som skal arbeide for samarbeid og koordinering horisontalt og vertikalt i utdanningssystemet.
- Støtte med kr. 100 000 til kvar av dei fire skuleregionane og til fylkeskommunen for arbeid knytt til kompetanseutvikling på regionalt nivå og samarbeid med vgo.
- Saman med KS gjennomføring av tre møte i Forum for skule- og barnehageutvikling (fire regionar, ein rådmann, høgskulen, utdanningsforbundet, fylkeskommunen, KS) og tre skule- og barnehagemøte for alle kommunane.
- Årleg skuleleiarkonferanse
- Drift av basen www.skuleutvikling.no som inneheld utviklingsplanane til skular og barnehagar

I samband med styringssamtale med Utdanningsdirektoratet i september vart det gjort greie for ein del prinsipp som er lagt til grunn i strategiar for kvalitetsutviklingsarbeidet. Det gjeld m.a. i) Gjere bruk av prinsipp for lærande organisasjonar - læringssløyfer, jobbe systemisk og berre lineært osb ii) Legge vekt på å få med alle alle skular framfor nokre få som skriv gode søknadar iii) Stimulere regionsamarbeidet mellom kommunane. Dette kompenserer eit stykke på veg at mange av kommunane er svært små iv) Stimulere resultatorientert leiing.

32.3 Skoleporten

Den totale ressursbruken på embetet på resultatområde 32.3 Skoleporten var 10 vekeverk. Det tilsvrar 4,4 % av tilgjengelege ressursar på skuleområdet.

Vi nyttar grunnskulepoeng i tilsynsarbeidet

32.4 Nasjonale strategiplaner, program og utviklingsoppgaver

Vi utførte 21 vekeverk på dette resultatområdet. Det tilsvrar 10 % av tilgjengelege ressursar på skuleområdet.

Fylkesmannen har særleg arbeidd med følgjande område:

Et felles løft for realfagene - strategi for styrking av realfagene 2006-2009: FM sentral i vidarføringa av realfagsprosjektet for grunnopplæringa ["Naturfag til glede og nytte"](#).

Strategi for entreprenørskap i utdanningen(...): FM deltek i styringsgruppe for fylkessatsing på entreprenørskap og nyskaping i skule, lokalsamfunn og næringsliv. Det skal gjennomførast ein omfattande kvantitativ og kvalitativ FoU-studie på entreprenørskap i grunnopplæringa i fylket. FM koordinerer på vegne av [programstyret i Sogn og Fjordane](#) kontakten mot forskingsmiljøet ved Kunnskapsparken i Bodø .

Likeverdig opplæring i praksis!(...): Eige avdelingsprosjekt i 2008. Oversyn over alle oppdrag til Fylkesmannen på området er laga og lagt fram for leiinga. Fungerer som grunnlag for samordning av innsatsen til FM. [Gjennomført konferanse i samarbeid med NAV](#).

Opplæring i [ny norskplan for språklege minoritetar](#) 14. og 15. mai.

Når det gjeld minoritetsspråklege barn i barnehage, har Fylkesmannen saman med høgskulen delteke i NAFO sitt kompetanseutviklingsprosjekt innan språk og kulturelt mangfold i barnehagen 2008-2009.

Program for digital kompetanse : [Konferanse for grunnopplæringa 4. og 5. desember](#)

Strategi for likestilling i barnehage og grunnopplæring: Framleis forkus på strategiplanen. Fylkesmannen representert i ressursgruppe for handlingsplanarbeidet. Strategien har vore tema på møte med kommunane.

32.5 Tiltak innen tilpasset opplæring og spesialundervisning - kap. 230.01

1. Fylkesmannen tok saman med fylkeskommunen i slutten av 2006 initiativet til eit 3-årig prosjekt med tittel "Tilpassa opplæring for alle": Deltakarar er fylkeskommunen/tre vidaregåande skular og seks kommunar. Arild Kvernevik, Statped Vest er engasjert som prosjektleiar i 50 % ,rådmannsutvalet i fylket er styringsgruppe for prosjektet.. Prosjektet vert finansiert av Fylkesmannen (Skjønnsmidlar til fornyingsprosjektet kap. 571 post 64) og fylkeskommunen.

Hovudmåla for arbeidet i prosjektet.

Identifisere forhold som kan påverke grad av tilpassa opplæring i høve til bruk av spesialundervisning etter einskildvedtak på nivå skule og kommune/fylkeskommune. i samarbeid med deltagande kommunar/fylkeskommune vurdere desse, og iverksette tiltak som vil ha effekt og som vil føre til større grad av tilpassa opplæring for elevane. Gje støtte til involverte skuleigar i gjennomføring av tiltaka. Vurdere effekten av tiltaka ved ny kartlegging i skular/kommune/fylkeskommune. Sikre at prosjekteresultata kjem heile fylket til gode.

2. Fylkesmannen stiller på fylkessamlingar for PPT.

3. Val av eigendefinerte tilsynstema: spesialpedagogisk hjelpe for opplæringspliktig alder og spesialundervisning/tilpassa opplæring - begge i forhold til Kap 13-10 i opl.

4. Fylkesmannen har innleia samarbeid med Statped Vest om kompetanseheving i alle regionar for PPT.

32.6 Utviklingsarbeid – Urfolk og nasjonale minoriteter

Oppdraget er lagt til dei tre nordlegaste embeta.

32.7 Opplæring innenfor kriminalomsorgen

Oppdraget gjeld Fylkesmannen i Hordaland.

Resultatområde 38 Tilsyn og forvaltningsoppgaver på barnehageområdet

38.1 Tilskuddsforvaltning

Det er ikke rapporteringskrav i årsrapporten. Dette blir fanga opp i tertialrapporteringa.

Det gjekk med 30 vekeverk til tilskotsarbeidet

38.2 Klagesaksbehandling

Ei klagesak i forbindelse med spes.ped hjelp til barn under opplæringspliktig alder - klage på spes.ped. hjelp jf. § 5-7 og ei klagesak på vedtak om skyss i barnehage for barn med rett til teiknspråkopplæring etter opplæringslova § 2-6 tredje avsnitt (saka vart sendt tilbake til kommunen for ny handsaming). Sakene er tabellførte under resultatområde 31 Tilsyn og forvaltning på utdanningsområdet 31.2 Klagebehandling

Klagesaksbehandling barnehageloven med forskrifter

	Type klage	Mehold/delvis mehold	Avslag
FMSF			
FMSF			
FMSF			

38.3 Informasjon og veiledning

Tre skule- og barnehagemøte for kommunane med følgjande tema-barnehagefeltet:

- "Ny innrapporteringsløysing for årsrekneskap for ikkje-kommunale barnehagar"
- Ot.prp. nr. 52 Rett til barnehageplass.
- Ot.prp. nr 57 finansiering av ikke-kommunale barnehagar.
- Ot.prp.nr 47 Om formålet med barnehagen.
- Handlingsplan for likestilling i barnehagen og grunnopplæringen 2008-2010. Nyare undersøkelser av kvalitet i norske barnehager v/Lars Gulbrandsen NOVA.
- Samarbeid barnehage-skole, presentasjon av prosjekt i Klepp kommune v/ pedagogisk konsulent S.J.Johannessen
- Årlig informasjonsskriv til kommunane med mål og strategiar.
- Javnleg lokal og sentral informasjon på Fylkesmannen sine sider.
- E-post og telefon.
- To møte i "Forum" som er møtestad for KS, Utdanningsforbundet, Høgskulen i Sogn og Fjordane, fylkeskommunen, dei fire kompetanseregionane i fylket, representert ved leiar i regionen og Fylkesmannen. Møtet handsamar aktuelle saker på skule- og barnehageområdet, avgjer samhandling i saker , informerer og er ein svært viktig møteplass for sektoren.

38.4 Tilsyn

Det gjekk med 8 vekeverk til tilsyn.

Kopi av 3 tilsynsrapportar frå kommunane Vågsøy, Jølster og Aurland er sendt Kunnskapsdepartementet og lagt ut på Fylkesmannen sine heimesider.

Fylkesmannen gav 2 kommunar eit avvik . Dei to kommunane vart bedne om å gje Fylkesmannen skriftleg

tilbakemelding innan 1. februar 2009 der kommunen skulle gjere greie for kva tiltak som skulle gjennomførast i kommunen for å rette opp avviket.

Fylkesmannen vil følgje opp rapporteringa frå kommunane.

Tilsynsoversikt barnehageområdet

	Tilsynsobjekt	Tema/Myndighetskrav	Avvik/Funn	Frist for lukking av avvik	Pålegg	Merknad	Ressursbruk	Kommentar
FMSF	Vågsøy kommune - barnehageadministrasjonen	Kommunen sitt tilsyn med barnehagar jf. Barnehagelova § 16 og kommunen som godkjenningsmynde jf. Barnehagelova § 10 og 11 jf Barnehagelova 1 og 2	1 merknad		<input checked="" type="checkbox"/>	Merknad: Vågsøy kommune har ikkje god nok rutine for rapportskriving etter kvart tilsyn	3 personar - oml. 12 %	
FMSF	Jølster kommune - barnehageadministrasjonen	Kommunen sitt tilsyn med barnehagane jf. barnehagelova § 16. kommunen som godkjenningsmynde jf. barnehagelova §§ 10 og 11 jf. barnehagelova §§ 1 og 2. Politattest jf. barnehagelova § 19	Avvik: "Jølster kommune fører ikkje eit fullstendig tilsyn slik barnehagelova krev". Fylkesmannen ber kommunen innan 01. februar 2009 om skriftleg tilbakemelding der kommunen gjer greie for tiltak som skal gjennomførast for å rette opp avviket		<input checked="" type="checkbox"/>		2 personar - oml. 8 %	
FMSF	Aurland kommune - barnehageadministrasjonen	Kommunen sitt tilsyn med barnehagane jf. barnehagelova § 16. Kommunen som godkjenningsmynde jf. barnehagelova §§ 10 og 11 jf. barnehagelova §§ 1 og 2. Politattest jf. barnehagelova § 19.	Avvik: "Aurland kommune fører ikkje eit fullstendig tilsyn slik barnehagelova krev". Fylkesmannen ber om skriftlig tilbakemelding innan 01. februar 2009 der kommunen gjer greie for tiltak som skal gjennomførast for å rette opp avviket.		<input checked="" type="checkbox"/>		2 personar - oml. 8 %	
FMSF					<input type="checkbox"/>			
FMSF					<input type="checkbox"/>			
FMSF					<input type="checkbox"/>			

Resultatområde 39 Opgaver tilknyttet Barnehageløftet og annet utvikling

39.1 Utbygging

Fylkesmannen har i kommunesamlingar, info på heimesida, e-postar og telefon fokusert på informasjon om lov om rett til barnehageplass som trer i kraft frå 01. januar 2009. Fylkesmannen har i møte med alle kommunane (skule- og barnehagemøte) orientert om :

- Ot.prp. nr. 52: Rett til plass i barnehage,
- Ot.prp. nr 57 Finansiering av ikkje-kommunale barnehagar
- Ot.prp. 47: Om formålet med barnehagen
- Informasjonsbrev til kommunane om aktuelle barnehagesatsingar sentralt og lokalt, mål og strategiar, oppdrag og aktivitetar

Fylkesmannen er i dialog med kommunane om kravet for kommunane til å oppretthalda tilbodet om full barnehagedekning i kommunen. I informasjonsbrevet frå Fylkesmannen til kommunane heiter det m.a.: "Kommunane har i dag plikt i barnehagelova (§ 8a, andre ledd) til å sørge for at det finnes eit tilstrekkeleg tal barnehageplassar for barn under opplæringspliktig alder. Utbyggingsmønster og driftsform skal tilpassast lokale forhold, men ta hensyn til nasjonale føringer. Alle kommunar må ha ein plan for full barnehagedekning, og planane

må vere forankra i politiske vedtak og økonomiplanar. Regjeringa har varsla at den vil innføre lovfesta rett til barnehageplass frå 2009".

25 kommunar melder at dei, under gjeldande tilhøve, vil kunne oppfylle kravet i barnehagelova § 8 andre ledd: "Kommunen har rett til å tilby plass i barnehage til barn under opplæringspliktig alder som er bosatt i kommunen, jf. § 12a (dette gjeld også for Naustdal kommune som står på barnehagekartet ved utgangen av 2008 med ei venteliste på 3 barn, Selje kommune står med ei venteliste på 2 barn på kartet og seier at dei ikkje vil greie å oppfylle kravet i 2009). Sogn og Fjordane har pr. 01. januar 2008 ein barnehagedekning på 97,7 % for aldersgruppa 3-5 år; 25 kommunar har ein dekning på over 90 % og Hornindal kommune har den legste dekningen med 84,3 %. Dekningsprosenten for fylket i aldersgruppa 3 år er 96,3; 10 kommunar har 100 % dekning, 13 kommunar har 90 % dekning og meir. Kommunane Solund har 88,9, Vik har 89,3 og Flora har 89,5 % dekning i aldersgruppa 3 år. I aldersgruppa 2 år er dekningsprosenten for fylket på 84,4 %; 10 kommunar har ein barnehagedekning over 90 % for denne gruppa og 11 kommunar har ein dekning på over 80 %.

39.2 Kvalitetsutvikling

Ressursbruk 11 vekeverk I tillegg kjem innsatsen til innleid person frå høgskulen, sjå nedanfor.

- Dei fire kompetanseregionane Sunnfjord, Nordfjord, Hafs og Sogn arbeider i nettverk og får oppfølging av Svein Ole Sataøen, førsteamannen ved HSF som er engasjert av Fylkesmannen i 20 % stilling. Kompetanseregionane blir etter søknad tildelt midlar frå Fylkesmannen sine kompetansemidlar til dette arbeidet. Region Sogn arbeider i hovudsak med "*styrarnettverk*", i Hafs er hovudsatsinga "*barnehagevurdering*", i Nordfjord oppjusterer og omarbeider dei ein "*Kvalitetsperm*" for barnehagen inkl. ei større undersøking omkring kvalitet i barnehagen-foreldre og tilsette er med i undersøkinga, i Sunnfjord arbeider tre kommunar med *styrarnettverk* og ein kommune med *skule- og barnehageutvikling*. Fylkesmannen held seg orientert om barnehagane sine satsingar og prioriteringar på kompetanseutvikling gjennom utviklingsplanar i www.skuleutvikling.no Skular og barnehagar i fylket nyttar denne basen til å leggje inn sine planar for kompetanseutvikling.
- Fylkesmannen har etter søknad tildelt FOU-midlar til tre barnehagar og ein region; HAFS.
- Samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane, KS og Utdanningsforbundet om årlig *barnehagekonferanse* for barnehagetilsette, kommuneadministrasjonen og politikarar
- Samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane, KS og Utdanningsforbundet om årlig *leiarkonferanse* for styrarar og pedagogisk personale og kommuneadministrasjon
- Samarbeid med HSF om m.a. likestilling, tiltak for minoritetsspråklige barn, kvalitetsutvikling i barnehagen og rekruttering til forskulelærutdanninga
- 4 regionsamlingar om betre kosthald i barnehagen des.-07/jan-08

39.3 Nasjonale strategiplaner og særskilte satsingsområder

Ressursbruk 10 vekeverk.

- **Universell utforming og tiltak retta mot barn med nedsett funksjonsevne :** Seminar i Florø med fokus på ulike element knytt til tema universell utforming. Målet var å synleggjere omfanget og mangfaldet i universell utforming, døme: Universell utforming og heilskap, arealplanlegging og universell utforming med utgangspunkt i plan- og bygningslov, universell utforming og deltaking for alle-om diskriminering av personar med nedsett funksjonsevne, kva utfordringar møter byggebransjen i høve planlegging og bygging etter prinsippa for universell utforming, eksempel på gode løysingar for å få til universell utforming og tilgjenge for alle. Info på heimesida.
- **Tiltak retta mot barn med nedsett funksjonsevne:** Tildele og informere i brev og på Fylkesmannen si heimeside om øyremerka midlar til tiltak for nedsett funksjonsevne i barnehagen. Tema i årleg informasjonsskriv til kommunane om mål og strategiar for barnehagesektoren
- **Arbeid mot mobbing i barnehagen:** Tema er prioritert satsingsområde i fleire barnehagar. Aktuell info på heimesida.
- **Tiltak retta mot minoritetsspråklige barn:** Fylkesmannen saman med HSF deltek i NAFO sitt kompetanseutviklingsprosjekt innan språk og kulturelt mangfold i barnehagen 2008-2009. Prosjektet må sjåast i samanheng med "Strategi for kompetanseutvikling i barnehagen 2007-2010". Barnehagestyrarar, pedagogisk personale, tospråklige assistenter og assistenter frå 7-10 barnehagar deltek i prosjektet. Vi har delteke på nasjonal samling i NAFO og hatt to fylkesmøte og kommunesamlingar med prosjektbarnehagane. Arbeidet inngår også i kvalitetsutviklingsarbeid i kommunane/barnehagane. Tildele og informere i brev og på

Fylkesmannen si heimeside om tilskot til tiltak for å betre språkforståelsen blant minoritetsspråklige barn i førskolealder. Informasjon er gitt på Fylkesmannen sine sider, i e-post og i telefon. Tema i informasjonsskriv til kommunane, mål og strategiar.

Ressursrapportering

Det vart utført 280 vekeverk av i alt 8 personar på utdanningsavdelinga. I tillegg vart det utført 19 vekeverk på landbruksavdelinga med tilskot på barnehageområdet. Dette er og med i tabellen. Endelig vart det utført tilsaman 6 vekeverk som er ført på resultatområda 48 og 78. Tilsaman utgjer dette 305 vekeverk eller 6,78 årsverk. Det var berre 3 av dei 8 som hadde eit fullt år. Årsaken til reduksjonane var pensjonering (2), farspermisjon (1) og redusert stilling (2).

Det vart utført 218 vekeverk på utdanningsområdet, 75 på barnehageområdet, 1 på resultatområde 48 likestilling og 5 på resultatområde 78 Innvandring og integrering.

Arbeid med tilskot i forhold til minoritetsspråklege er ikkje med i oppsettet.

Resultatområde	FMSF		Sum	
	1510	Fagdep.	1510	Fagdep.
Resultatområde 31	129	33	129	33
31.1 Tilsyn	55	0	0	0
31.2 Klagesaksbeha	25	0	0	0
31.5 Eksamensog na	20	19	0	0
31.7 Tilskuddsforv	4	0	0	0
Resultatområde 32	16	40	16	40
32.2 Kompetanseutv	0	21	0	0
32.3 Skoleporten	0	10	0	0
Resultatområde 38	51	51	0	0
38.1 Tilskuddsforv	30	0	0	0
38.4 Tilsyn	8	0	0	0
Resultatområde 39	12	12	12	12
Landsdekkende oppgaver – Kunnskapsdepartementet			0	0
Sum:	208	85	208	85

Barne- og likestillingsdepartementet

Resultatområde 42 Familierett

42.1 Ekteskapsloven og lov om registrert partnerskap

Fylkesmannen gav 210 separasjonsløyve i 2008, noko som er ein oppgang på 20 frå 2007. Det blei gitt 175 skilsmisseløyve i 2008, ein oppgang på 14 saker frå 2007.

42.2 Anerkjennelsesloven

I 2008 hadde vi 19 saker om godkjenning av utanlandske skilsmisser og separasjonar.

42.3 Barneloven

- **Foreldreansvar, dagleg omsorg og samværsrett:** Til saman fem saker; tre saker til behandling og to saker til orientering frå fylkesnemnda for sosiale saker.
- **Reiseutgifter:** Ingen saker i 2008
- **Opplysningsretten:** Ingen saker i 2008.

42.5 Veiledning og informasjon

Fortløpende rettleiing på telefon, men ingen aktive informasjonstiltak gjennomført.

Resultatområde 43 EØS-avtalens finansielle ordninger

Ikkje aktuelt.

Resultatområde 44 Familievern

Sogn og Fjordane har ikkje krav om tilsyn på dette området i 2008

Resultatområde 45 Barnevern

45.1 Tilsyn med barneverninstitusjoner og oppfølging av og tilsyn med den kommunale barneverntjenesten

Eigen rapportering til BLD 1. mars

45.2 Fritak for taushetsplikt

Fortløpende saksbehandling der alle saker blir tatt i løpet av 1-3 dagar. Dei fleste sakene gjeld teieplikt for barnevernstilsette eller tilsette i barnehage- og skulesektoren i sivile saker om barnefordeling. Vi behandla 11 saker i 2008.

45.3 Kompetansetiltak/Informasjonsvirksomhet

Fylkesmannen har i samarbeid med Bufetat, fagteam i Sogn og Fjordane starta opp med kompetansetiltak for tilsette i barnevernet. Tiltaket består av fem samlingar og vert avslutta i 2009.

Det er arrangert fylkeskonferanse med kommunane og barneverninstitusjonane i fylket i samarbeid med Bufetat, fagteam i Sogn og Fjordane . Tema for konferansen var brukarmedverknad

45.4 Biologisk opphav

Fylkesmannen har i 2008 motteke 4 saker og 3 av desse ferdig ved årsskifte.

45.5 Eidsvoll omsorgssenter for barn - tilsyn og klagebehandling

Gjeld berre Fylkesmannen i Oslo og Akershus.

45.6 Handlingsplan mot kjønnslemlesting

Fylkesmannen i Hordaland og Sogn og Fjordane arrangerte ein konferanse med tittel "I møte med helseskadelege tradisjonar". Konferansen var lagt til Bergen. Alle kommunar vart inviterte, ingen representantar frå Sogn og Fjordane møtte. Det er innkalla til samarbeidsmøte mellom alle tre fylka i 2009 for å sjå på koleis ein kan samarbeide om temaet.

Resultatområde 46 Universell utforming

Fylkesmannen ser til at universell utforming er teke inn som tema i alle kommuneplanar og kommunedelplanar. Spesielt er det viktig i høve til tilgjenge i offentlege bygg og ved regulering av tettstader. Fylkesmannen ser svært positivt på at Flora kommune har lagt fram planprogram for kommunedelplan for universell utforming.

Fylkesmannen har tett samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune om utforming. Vidare har Fylkesmannen saman med fylkeskommunen og Flora kommune samarbeidd om å arrangere ein dagskonferanse om universell utforming og heilskapstenking i april 2008. Målgruppe var planleggjarar, kommunetilsette, arkitektar, entrepenørar og andre interesserte både i offentleg og privat sektor. Det var 60 deltagarar på konferansen.

Arbeidet med universell utforming er integrert i alt folkehelsearbeid. Det er ei målsetting å skape mest mogeleg levande og inkluderande lokalsamfunn.

Fylkesmannen forvaltar ulike ordningar for å gi støtte til ulike aktivitetstiltak for rørslehemma og andre utsette grupper.

Fylkeskommunen har i 2008 jobba mykje med universell utforming i samband med transport, og fekk BRA-midlar til dette. Det har vore jobba mykje med oppgradering / universell utforming av rutebilstasjonane og venteromma i Florø og Førde . Sogn og Fjordane fylkeskommune har i samarbeid med Fylkesmannen søkt om å verte pilotfylke for universell utforming.

I april 2008 var ei gruppe frå Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal på studietur ei veke på Den nordiske høgskulen for folkehelse i Göteborg. Eit av undervisningstemaene var universell utforming, der vi fekk presentert nytige idear frå to kommunar i Sverige.

Både Fylkesmannen og Sogn og Fjordane fylkeskommune var representerte på seminar om universell utforming i fylkene i Drammen 30.- 31. oktober.

Resultatområde 48 Likestilling

Internt

Likestilling i embetet, sjå også 98.2 Kompetanseutvikling:

- Embetet arbeider aktivt for å auke prosenten av kvinnelege innleiarar på konferansar.
- Det er eit mål å gi støtte til individuell kompetanseutvikling til om lag like mange kvinner og menn.
- I 2008 tilsette embetet to nye leiarar, begge var kvinner. Prosent kvinnelege leiarar er likevel uendra fordi tilsvarande tal kvinnlege leiarar slutta eller kom frå annan leiarstilling i embetet.
- I det samla lønsoppgjøret var det 11 fleire kvinner enn menn som fekk lønsprykk. Ser vi på dei lokale lønsforhandlingane fekk kvinner 45,9 % av lønspotten i 2008. Dette er ein auke frå 44,7 % i 2006.

Eksternt

Arbeidet har først og fremst vore knytt til barnehageområdet, men og i ei viss utsrekning til skule.

Det nasjonale likestillingsprosjektet, der vi hadde eit regionalt ansvar, vart avslutta i 2007. Førsteamanuensis Svein Ole Sataøen ved HSF var prosjektleiar. Ressursgruppa for prosjektet har halde fram arbeidet i 2008. Her er kommunane Gloppe, Luster og Flora representerte. Desse kommunane arbeider no vidare i nettverk, m.a. med å motivere mannlege elevar i vidaregåande skule til å velje forskulelærarutdanning. 22 % av studentane som vart opptekne ved HSF i 2008 var gutter. I Flora er likestillingsperspektivet arbeidd inn i personalplanen. FM held fram det nære samarbeidet med høgskulen og har engasjert Sataøen i 20 % stilling, m.a. for å arbeide med likestillingsproblematikken. Han har nasjonal spisskompetanse på likestilling innafor barnehageområdet.

Fylkesmannen har organisert ei omfattande kompetanseutvikling i naturfag: Naturfag til Glede og Nytt, der det er meir enn 100 naturfaglærarar frå grunn- og vidaregåande skule som deltek. I ei fellesførelsning i samlinga i september snakka Camilla Schreiner frå Naturfagsenteret ved Universitetet i Oslo om temaet: Jenter og naturfag/Kvifor vel elevar bort naturfag?

Fylkesmannen har gått i gjennom den nasjonale handlingsplanen for barnehage og skule i kommunal samling for barnehage- og skuleansvarlege.

Ressursrapportering

Resultatområde	FMSF	Sum
1510 Fagdep. 1510 Fagdep.		
Resultatområde 42	20	20
Resultatområde 44	1	0
Resultatområde 45	56	56
45.1 Tilsyn med ba	22	0
Resultatområde 46	0	0
Resultatområde 48	3	0
Sum:	80	0
	80	80
	0	0

Justis- og politidepartementet

Resultatområde 51 Siviladministrasjon

51.1 Stiftelser

utgår

51.2 Vergemålsloven

Tilsyn med overformynderi og opplæring for overformyndarane har vore nedprioritert i 2008. Overformyndarar og hjelpeverjene etterlyser kurs og rettleiing, men vi har dette året hatt liten kapasitet til å etterkome behovet som vi meinar er stort.

Det blir gitt rettleiing til overformyndarane som har spørsmål, og tilsyn er gjennomført på bakgrunn av innspel om moglege uheldige forhold i enkeltkommunar. Vi meiner området treng meir fokus i 2009 og legg opp til både større tilsynsaktivitet og rettleiingstiltak.

Oppgaver etter vergemålsloven

Embeter	Antall saker	Antall tilsyn
FMSF	3	1
Sum	3	1

51.3 Forliksrådene

På området har det vore sporadiske spørsmål frå publikum om verksemda i enkelte forliksråd. Vi har ikkje funne grunnlag for særleg tilsynsaktivitet på området i 2008.

51.4 Tilsynsråd for fengslene

Oppdraget utført i samsvar med oppdragsbrevet.

51.5 Tomtefestelov

Området utgår, ingen aktivitet i 2008.

51.7 Kommunale politivedtekter

Oppdrag utført i samsvar med oppdragsbrevet.

51.8 Hundeloven

Fylkesmannen har ikkje hatt klagesaker til handsaming i 2008.

Resultatområde 52 Borgerrettigheter

52.1 Fri rettshjelp

Det vart handsama 708 saker på rettshjelpområdet i 2008 (inkludert saker for Kontrollkommisjonen). 98 % av sakene vart handsama innan 4 veker frå dei kom inn. Ved årsskiftet hadde embetet 26 saker i restanse. Talet på innkomne og handsama saker har gått opp frå 2007 med ca. 20 %.

Vi har arbeidd mykje med innføring av skjemaløysinga for elektronisk fri rettshjelp, noko som har krevd ressursar til intern opplæring og særskilt kurs og oppfølging av advokatane i fylket. FMSF deltek elles i fagnettverk på området.

52.3 Navneloven

Det er relativt få klagesaker på området ,og vi har dette året berre handsama 1 klagesak, der Folkeregisteret sitt vedtak vart stadfesta. Sakshandsamingstida var 8 dagar. Saka gjaldt godkjenning av namneendring utan begge foreldrene sitt samtykke.

Resultatområde 53 Forebyggende samfunnssikkerhet

53.1 Oversikt over regionale samfunnssikkerhetsutfordringer

På møtet i fylkesberedskapsrådet i november var det m.a. orientering (frå Kystverket) og drøfting om ulykker og hendingar langs kysten, orientering frå Aurland kommune om risikoutfordringa knytt til potensiell fjellskredfare i kommunen og orientering frå Statens vegvesen om utfordringar knytt til redningsberedskapen på høgfjellet.

53.2 Risiko- og sårbarhetsanalyser

Fylkes-ROS vart ferdig utarbeidd i 2007. Analysen er brukt aktivt i vår omtale av risiko- og sårbarheitsutfordringar i fylket, og fleire kommunar har sagt at dei ønskjer å bruke fylkes-ROS som ein rettleiar i arbeidet med sine eigne analysar.

Øvingsutvalet i fylket, som vert leia av politiet, brukar fylkes-ROS som eit grunnlag for vurderingar av kva tema som det bør øvast på.

Funna i fylkes-ROS har vore eit viktig grunnlag for vurderinga av kva typa uønskte hendingar vi bør lage tiltakskort for i revisjonen av embetet sin beredskapsplanverk. I møtet i fylkesberedskapsrådet orienterte vi om oppstarten av revisjonen av fylkes-ROS, som skal gjennomførast i løpet av 2009.

53.3 Arealplanlegging

Av tidsmessige årsaker har det berre vore deltaking frå beredskapseinga ved nokre få møte i planforum. Det har vore god dialog mellom avdelingane i embetet om møta, og representantar frå andre avdelingar har ivareteke fagområdet samfunnstryggleik når beredskapseininga ikkje har vore representert.

Vi varslar rutinemessig om krava til risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS-analysar) ved oppstarten av arealplanprosessane i kommunane, og vi har nytta motsegn mot ei rekke planar der vi har meint at dette ikkje har vore godt nok i vareteke. Vi har veklagt omsynet til forventa klimaendringar som ein viktig del av ROS-analysen.

53.4 Veiledning og systematisk gjennomgang og vurdering av kommunene

Vi har i samarbeid med fylkeskommunen gjennomført dagsseminar for kommunane om tilpassing til klimaendringar m.m.

Vi har gjennomført rettleiingsmøte i 7 kommunar. 3 av desse vart gjennomført samtidig som DSB hadde tilsyn med brannvernet, og 4 møte vart gjennomført samtidig med at Mattilsynet hadde revisjon av kommunal vassforsyning.

Vi samarbeider godt med Statens helsetilsyn om rettleiingsmøta, og vi gir også munnleg tilbakemelding/råd om helse- og sosialberedskapsplanane.

Resultatområde 54 Beredskapsforberedelser

54.1 Beredskapsplaner innen samfunnssikkerhet

Fylkesmannen sin beredskapsplan er revidert, og det er m.a. laga tiltakskort for dei mest aktuelle typane uønskte hendingar.

Det har i løpet av året vore ein gjennomgang og oppdatering av SBS.

Fylkesmannen har eit godt samarbeid med kraftforsyningens distriktsjef (KDS) om beredskapsarbeid.

Fylkesmannen har hatt to dagssamlingar (arbeidsmøte) for kommunane om utvikling av kommunalt beredskapsplanverk. Samlingane vart arrangert av beredskapseininger og helseavdelinga i fellesskap, og etableringa av eit mest mogleg samla og samordna planverk for all kommunal beredskap har vore veklagt.

Vi har gjennomført to møte med objekteigarar, politiet, HV m.fl., om skjermingsverdige objekt innan olje-, kraft- og ekonsektoren.

54.2 Kommuneøvelser

Det er gjennomført øvingar med den kommunale kriseleiinga i 8 kommunar. Scenarioet har vore knivstikking på ungdomsskule, og øvingane vart gjennomført ved at 4 og 4 kommunar øvde parallelt.

Av i alt 26 kommunar i fylket, deltok 24 på ei stor pandemiøving i regi av Sosial- og helsedirektoratet, Fylkesmannen og Helse Førde.

54.3 Regional samordning – øvelse

Fylkesmannen si kriseleiing deltok på pandemiøvinga i novemer. Fylkesmannen og fylkesberedskapssjefen deltok i den sivil-militære samhandlingsøvinga "Øvelse Mørejarl" i september.

54.4 Havneberedskap – øvelse

Ikkje aktuelt for Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

54.5 Samarbeid med Forsvaret – øvelse

Fylkesmannen har delteke i planlegginga og gjennomføringa av "Øvelse Mørejarl".

54.6 Regional samordning

Fylkesberedskapsrådet og atomberedskapsutvalet er slått saman til eitt felles organ. Det vart gjennomført møte i fylkesberedskapsrådet i november, og medlemene i rådet var enten aktive deltagarar, eller observatører, under pandemiøvinga dagen etter.

Det har vore jamleg kontakt med Forsvaret, m.a. ved at vi deltok på HV-09 sitt IFO-møte. Vi var vertskap for eit sivilt-militært kontaktmøte for Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Utanom Forsvaret og Fylkesmennene, var og politidistrikta og sivilforsvarsdistrikta representert her.

54.7 Utvikling av nasjonalt ressursregister for redning og beredskap (NARRE)

Vi har ikkje fått nærmare orientering frå DSB om forventningar til eventuelle gjeremål i samband med utviklinga av "NARRE", og det er difor ikkje gjort noko med dette.

54.8 Felles digitalt nødnett

Oppdraget gjeld berre utvalde embete.

Resultatområde 55 Regional og kommunal krisehåndtering

55.1 Organisering for krisehåndtering

Fylkesmannen har ein kriseorganisasjon, og denne er øvd i løpet av året, jf. raprtering på resultatområde 54.3.

Det føreligg instruksar og planar for krypto-/sambandstenesta og desse er oppdatert.

55.2 Krisehåndtering

Vidarevarsing av ekstremvêr og flaum er gjennomført når DNMI og NVE har sendt ut varsel om slike hendingar. Rapportering er gjennomført når det er funne nødvendig og føremålstenleg.

55.3 Evaluering

Det har i løpet av 2008 ikkje vore hendingar der Fylkesmannen har delteke i evaluering av krisehandtering.

Ressursrapportering

Resultatområde	FMSF	Sum
	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.
Resultatområde 51	5	5 0
51.2 Vergemålslove	0	0

Resultatområde 52	37	37	0
52.1 Fri rettshjel	37	0	0
Resultatområde 53	39	0	39
Resultatområde 54	66	0	66
Resultatområde 55	30	0	30
Sum:	177	0	177

Kommunal- og regionaldepartementet

Resultatområde 61 Samordning, omstilling og fornying i kommunene

61.1 Kommunerettet samordning

Det har vore eit mål å besøke alle kommunane i løpet av ein valperiode. I 2008 vart det gjennomført 8 felles kommunebesøk, der vi møtte politisk og administrativ leiing. Kommunebesøka er viktige for dialogen mellom kommunen og Fylkesmannen. I samband med kommunebesøka vart det m.a. utarbeidd eit eige kommunebilete for kvar kommune basert på Kostra-tal.

Utveljing av kommunar for Fylkesmannen sine kommunebesøk vil heretter i større grad bli gjort på grunnlag av ei samla ROS-analyse. Det vert no utarbeidd indiktorar for fagområda. Dette arbeidet starta opp hausten 2008, og vil halde fram i 2009.

Fylkesmannen har to faste drøftingsmøte per år med KS i tillegg til den løpende kontakten.

I 2008 arrangerte Fylkesmannen ei samling for alle rådmennene i fylket i september, og Fylkesmannen sin årlege kommunekonferanse gjekk av stabelen i mai. Finansforvaltning og etikk var viktige tema på konferansen.

Fylkesmannen har faste møte med NAV.

61.2 Omstilling og fornying i kommunene

I 2008 delte Fylkesmannen ut 7 mill. kroner av skjønnsmidlane til offentlege fornyingsprosjekt. I 2008 vart det til saman gjeve fornyingsmidlar til 13 prosjekt. Det er krav om 50 % eigenfinansiering ved tildeling. Den samla ramma utgjorde såleis 14 mill.kroner i 2008. Krav om samarbeid mellom kommunar er også viktig, og dette har gjort det mogeleg å få til større prosjekt. Tildelinga vart gjort i to tildelingar - januar og juni.

Retningslinene som Fylkesmannen har lagt til grunn for tildeling av fornyingsmidlar inkluderer også retningslinene som gjeld for Kvalitetskommuneprogrammet. Det var meiningsa at Fylkesmannen skulle ha dagsmøte med prosjektleiarene for kvalitetskommuneprogrammet før nyttår, men møtet er utsett til i slutten av februar.

I 2008 har vi lagt vekt på å spreie informasjon om ulike prosjekt som har fått fornyingsmidlar. Dette vart gjort t.d. på kommunekonferansen. Nokre av prosjekta er også presentert på nasjonale konferansar. I tillegg til dette har prosjekta presentert seg ved å skrive eigne artiklar som er å finne på våre heimesider: <http://www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=45410>

I samband med tildeling av fornyings- og RUP-midlar er det etabert eit tett samarbeid mellom Fylkesmannen, fylkeskommunen, KS og rådmannsutvalet.

61.3 Samordning av statlig tilsyn

Fylkesmannen sitt arbeidet med samording av statleg tilsyn vart vidareført i 2008.

I august vart det gjennomført ein intern dag (kommunedag) med vekt på erfaringsutveksling mellom dei ulike avdelingane. I desember vart det gjennomført eit dagsmøte i tilsynsnettverket saman med andre statlege tilsyn. Tidlegare har både Mattilsynet og Arbeidstilsynet møtt, men denne gongen deltok berre Mattilsynet.

På våre heimesider er det ein eigen tilsynskalender. Her vert også tilsynsrapportane lagt ut. På same sida finn ein lenke til Arbeidstilsynet og Mattilsynet. Lenke til tilsynsrapportar på våre heimesider er:

To gonger per år sender Fylkesmannen brev til kommunane der ein orienterer om planlagde tilsyn, dvs. for 1. halvår og 2. halvår. Lenke til tilsynskalender på våre heimesider er: <http://www.fylkesmannen.no/aktkal.aspx?m=20823>

Arbeidstilsynet sender automatisk pålegg til Fylkesmannen der ein vurderer kostnadane til å vere vesentlege.

Fylkesmannen har i 2008 delteke på eitt dialogmøte etter kommunelova, jf kap 10A.

Resultatområde 62 Kommuneøkonomi

62.1 Kontroll og godkjenning etter økonomibestemmelsene i kommuneloven

- I 2008 godkjente Fylkesmannen årsbudsjett og økonomiplan for 8 Robek-kommunar. For desse kommuane vart det i tillegg særskilt handsama 6 lånesøknader.
- Fylkesmannen handsama 2 lånesøknader for KF (kommunale føretak) og 1 lånesøknad for IKS (interkommunalt samarbeid).
- Fylkesmannen handsama 5 kommunale garantisøknader i 2008.
- Utanom Robek-kommunane har det vore gjennomgang av budsjett og økonomiplan for 18 kommunar.

62.2 Økonomiforvaltning – veiledning

I 2008 var 7 av dei 26 kommunane i fylket i Robek-registeret. Høyanger kommune vart meldt ut av registeret, medan Bremanger vart ny Robek-kommune i 2008. Av dei 7 kommunane er Bremanger og Vik i registeret pga Terra-saka.

Fylkesmannen har i 2008 hatt møte med Robek-kommunane. Dette kjem i tillegg til den løpende kontakten/rettleiinga Fylkesmannen har til desse kommunane. Bremanger og Vik har krevd mykje tid frå Fylkesmannen dette året i form av rettleiing, møte og godkjenning av budsjett/økonomiplan.

I samband med KOSTRA-rapporteringa for 2007, fylgte økonomiavdelinga tett opp kommunane sin status under rapporteringsperioden. Kommunar som hadde mangefull innrapporteringa vart purra - anten med e-post eller ved telefonkontakt. Dei ulike KOSTRA-skjemaa vart fordelt mellom avdelingar. Det var knytt kontaktpersonar til dei ulike skjema. Oversyn over kontaktane vart lagt ut på våre heimesider.

I Sogn og Fjordane har Fylkesmannen oppretta eit eige økonominettverk for kommunane. Nettverket består av økonomiansvarlege og rekneskapsmedarbeidarar i kommunane. I tillegg er kommunerevisjonen godt representert i nettverket. I 2008 hadde vi to samlingar i nettverket - mai og november. Finansreglement, pensjon og lovkrav til budsjett/økonomiplan var nokre av tema i 2008. Evalueringane frå samlingane er gode. Økonominettverket har eige område på våre heimesider: <http://fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=33569>

Resultatområde 63 Kommunalrett og valglov

63.1 Kommunalrett

Det vart mot slutten av 2007 og byrjinga av 2008 arbeidd mykje med lovlegkontroll av avgjerder om finansplasseringar gjennom Terra Securities, den såkalla Terra-saka.

Sakene gjaldt i vårt fylke Vik og Bremanger kommune og innebar vesentleg ressursbruk til undersøking av faktum, koordinering med andre fylkesmenn og eksterne sakkunnige, kontakt med KRD, kommunane og media. Det vart også arbeidd med å sikre at alle kommunane i fylket hadde gjennomgang og kontroll på sine finansplasseringar. Vedtak om oppheving vart gjort i januar 2008 og kommunane vart pålagde å avhende obligasjonar som vart underkjent som ulovlege i forhold til kommunelova sine reglar om avgrensing av risikoen ved finansplasseringar.

Oppfølging av Terra-kommunane gjennom året har krevd mykje ressursar både på økonomi og kommunalrettsleg side.

Gjennom året var det mykje diskusjon i kommunane om opne eller lukka møter i dei folkevalde organa. Fylkesmannen vurderte ei sak slik at møtet ikkje skulle ha vore lukka. I denne samanhengen har vi brukt ressursar på å informere og rettleie, både gjennom mediakontakt, politikaroplæring og ved informasjonstiltak på nettsidene våre. Informasjon om kommunalrettslege tema har vore etterspurt frå kommunepolitisk hald.

Lovlighetskontroll

Embeter	Saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i			Lovlighetskontroll initiert av fylkesmannen			Vedr. habilitet	Vedr. lukking av møter
	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig		
FMSF	1	1		4		4	0	1
Sum	1	1	0	4	0	4		

63.2 Valg

Ikkje aktuelt i 2008.

Resultatområde 64 Forvaltningsloven og offentlighetsloven i forhold til kommunesektoren

Det vart gjennomført opplæringskonferanse for kommunane om ny offentleglov i løpet av 2008. Fylkesmannen hadde også opplæring for sentraladministrasjonen i fylkeskommunen, Skatt Vest, Skatteopplysningen og eigne tilsette ved embetet.

Vi har tradisjonelt få klagesaker, men stadfestat eitt vedtak om å nekte innsyn i fylkeskommunalt dokument. Mange saker blir løyst gjennom råd og rettleiing til kommunane og media, slik at klagesaker ikkje oppstår.

Antall klager på avslag om begjæringer om innsyn, jf. offentlighetsloven § 9 tredje ledd og forvaltningsloven § 21 annet ledd

	Embeter	Antall
FMSF		1
Sum		1

Resultatområde 65 Kommuneinndeling og interkommunalt samarbeid

65.1 Kommuneinndeling

Vi har vurdert ein søknad om justering av kommunegrenser, men gjekk ikkje vidare med saka etter at kommunane hadde uttalt seg.

65.2 Interkommunalt samarbeid

Fylkesmannen registerer at kommunane etablerer fleire interkommunale samarbeid. Samstundes ser vi også at det vert etablert omfattande interkommunale samarbeid innafor nye område. I 2008 vart det m.a. etablert eit interkommunalt samarbeid om barnevernstenester for kommunane Sogndal, Leikanger og Luster. Det vart også teke

initiativ for å få etablert interkommunalt legevaktsamarbeid i Sunnfjord og Ytre Sogn. Tiltaka vart støtta med høvesvis fornyingsmidlar og RUP-midlar i 2008.

Resultatområde 66 Bolig- og bygningsrett

66.1 Byggesaker

Fylkesmannen rapporterer tertialvis på <http://rapportering.fylkesmannen.no>. I 2008 fekk vi inn 68 klagesaker frå eige fylke, og tilsaman 100 saker som settefylkesmann. 137 saker vart handsama i same periode, noko som inneber at talet på klager som ikkje er handsama ved utgangen av 2008 har auka i forhold til restansen ved forrige årsskifte. I tillegg kom det inn 25 klagesaker om reguleringsplan.

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid har gått vesentleg opp i løpet av 2008, frå 42 dagar i siste tertial 2007 til 70 dagar i same periode i 2008. Vi ligg likevel godt innanfor dei mål departementet har sett om maksimalt 3 månaders sakshandsamingstid. Kapasitetsreduksjonen har samanheng med vakanse i stillingar i påvente av nyrekrytting av juristar, samt at embetet bidrog med nær 4 månadsverk til Fylkesmannen i Hordaland i deira innsats for å redusere restansesituasjonen der.

Fylkesmannen registerer eit relativt stort kompetansebehov i kommunane. Vi brukar vesentlege ressursar på rettleiing på plan- og bygningsretten sitt område, og har inntrykk av at den generelle kommunale kompetansen på området varierer mykje frå kommune til kommune. Enkelte kommunar slit med å rekryttere og halde på nok kompetente medarbeidarar til å handsame byggesakene. Fylkesmannen ønskjer derfor at KRD, til liks med andre departement, kan vurdere om det kan vere føremålstenleg å tildele eigne informasjons- og kompetansemidlar til fylkesmennene sitt rettleatingsarbeid på denne sektoren.

66.2 Saker om ekspropriasjon

Det er handsama 4 saker om oreigning i medhald av plan- og bygningslova, der alle oreigningsvedtaket vart stadfesta i alle sakene . Det er ikkje handsama saker direkte med heimel i oreigningslova.

Fylkesmannen har også gjort vedtak om førehandsovertaking etter oreigningslova § 25. To klager på vedtak vart oversendt KRD og stadfesta der.

66.3 Klage etter eierseksjonsloven

Ingen saker.

Klage etter eierseksjonsloven - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMSF	0	0	0	
Sum	0	0		

66.4 Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård

Ingen saker.

Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMSF	0	0	0	
Sum	0	0		

Ressursrapportering

Resultatområde	FMSF	Sum
1510 Fagdep. 1510 Fagdep.		
Resultatområde 61	25	25 0
Resultatområde 62	58	58 0
Resultatområde 63	6	6 0
Resultatområde 64	12	12 0
Resultatområde 65	0	0 0
Resultatområde 66	88	88 0
66.1 Byggesaker	65	0 0
Sum:	189	0 189 0

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Resultatområde 73 Sosialtjeneste

73.1 Lov om sosiale tjenester

Fylkesmannen mottok 102 klager etter lov om sosiale tenester. 102 klagesaker vart ferdighandsama i 2008. Vi hadde flest saker etter kap. 4 med 54, medan vi avgjorde 45 klager på kap. 5 og 3 på kap. 6.

Av 54 klager på kap. 4 vart 20 stadfesta, 1 avvist, medan 33 vart oppheva eller omgjort. Av klagene på kap. 5 vart 39 stadfesta, 4 omgjort og 2 oppheva. På kap. 6 vart 2 stadfesta og 1 oppheva.

Alle sakene vart handsama innan 3 månederfristen, 34 klager innan 2 veker, 63 klager mellom 2 veker og 2 månader, og 5 klager mellom 2 og 3 månader.

73.2 Arbeids- og velferdsforvaltningen og sosiale tjenester – formidlingstiltak og kompetanseutvikling

Gjennomførte kompetanse- og kvalitetsutviklingstiltak 2008:

Formål / hyppigheit / innhald / målgruppe / samarbeidspartar

- 5 faglege fora for sosialtenesta/NAV med ulike sosialfaglege tema som KIS, rus, bustadsosialt arbeid osv.
- 1 sosialleiararsamling 1. halvår, sidan leiarsamlingar i regi av NAV-fylke
- 1 tverrfagleg rettleiarkonferanse for alle som har interesse for rettleiing. Samarbeid mellom Fylkesmannen og Høgskulen i Sogn og Fjordane
- ”Møte med brukar” grunnpakken i NAV-opplæringa i samarbeid med NAV-fylke
- Kvalifiseringsprogramopplæring og kommunale og statlege tiltaksordningar for alle NAV-kontor
- Informere om og følgje opp tilskotsordningane
- Delta på NAV-fylke sine avdelingsmøte
- Legge til rette for arbeidet til kommunale rettleiarar og følgje opp desse
- Delta på ulike samlingar med SHdir og AVdir og samarbeide om fagleg utvikling

Generell vurdering er at tiltaka er gode formidlings- og læringsarenaer. Frå 2. kvartal vart samarbeidet med NAV-fylke tettare. Etter ønskje frå NAV-fylke har fokuset på sosialtenesteområdet vore noko på vent i 2008 på grunn av det massive opplæringsbehovet på statlege dataløysingar og nye tiltaksordningar. Fylkesmannen har samarbeidet med NAV-fylke i modulen ”Møte med brukar” og kvalifiseringsprogrammet med godt resultat (KVP).

Implementeringen av sosiale tenester i NAV-kontora har hatt lite fokus dette året. Kommunalt tilsette melder at det har vore lite tid til dette arbeidet, og at sosiale tenester utan tydlege måltal, lett kan bli nedprioritert i arbeidet med å nå statlege målkrav. Den kommunale leiinga har ikkje alltid tradisjon på å operasjonalisere arbeidet i målkrav, og har ofte god økonomisk styring som einaste krav.

Innrapporterte kompetansebehov:

Sosialtenestelova / saksbehandling

Rus /saksbehandling

Økonomisk rådgjeving/gjeldsrådgjeving

Enkelte NAV-leiarar melder om behov for generell kompetanse og at dei ikkje har kunnskap nok til å formulere konkret bestilling

Behov Fylkesmannen ser:

Teieplikt
Internkontrollforskrifta

73.3 Kvalifiseringsprogrammet

Vi har delteke aktivt i kvalifiseringsprogrammet med to halve stillingar + 20 % stilling av eigne ressursar. I tillegg har vi engasjert kommunale kompetanserettleiarar i 20 % kvar.

Vi har samarbeid med NAV-fylke under leiing av prosjektleiar Hanne Sæbø. Viser elles til rapporten for 3. tertial om kvalifiseringsprogrammet.

Sogn og Fjordane har som eitt av få fylke samla oppnådd dei måltala som var sett.

73.4 Gjeldsrådgivning

Det er gjennomført eit grunnkurs for sosialkontortilsette/NAV-kontortilsette med tema økonomisk rådgjeving/gjeldsrådgjeving i 2008.

I tillegg har vi gjeve råd og rettleiing og det har vore tema i faglege fora. (Sjå punkt 73.1)

73.5 Kartlegging av funksjons- og arbeidsevne

Dette har vore eit sentralt tema i arbeidet/opplæringa kring kvalifiseringsprogrammet.

Sjå under punkt 73.1.

Resultatområde 74 Levekår

74.1 Handlingsplan mot fattigdom

Mange av kommunane i Sogn og Fjordane har lagt ansvaret for bustad til vanskelegstilte til sosialtenesta/NAV-kontora. P.g.a. etableringa av NAV-kontor i 2008, har det vore lite tid til å jobbe med dette området.

Fylkesmannen har arrangert ein konferanse der Husbanken var med. Elles har vårt arbeid i år vore å informere om Husbanken sine ordningar ved alle nyetableringar av NAV-kontor, på NAV-leiarsamling og nettverkssamlingar for kvalifiseringsprogrammet.

Vi gir og råd og rettleiing til kommunane på område bustadproblematikk og korleis komme i gang med planlegging og tiltak.

I tillegg har vi delteke i planleggingsmøte med Husbanken.

Resultatområde 78 Innvandring og integrering

78.1 Statsborgersaker

Vi inviterte 94 nye statsborgarar til seremoni i Statens hus Sogn og Fjordane 26. april 2008. 22 av dei inviterte deltok på seremonien, noko som gir ein deltakingsprosent på 23.

Statsborgerseremonier

Embeter	Antall seremonier	Prosent nye statsborgere som har deltatt
FMSF	1	23
Sum	1	

78.2 Bosetting av flyktninger

Det vart gjennomført møte hjå Fylkesmannen i oktober med leiarane i UDI Vest og IMDI, samt leiar i KS-styret og leiar i rådmannsutvalet i tillegg til fylkesmann, assisterande fylkesmann, utdanningsdirektør og to andre representantar for Fylkesmannen. Busetting av flyktningar var eit sentralt tema. Det var semje om å ha årlege møte.

Vi reknar tre vekeverk på dette området.

78.3 Introduksjonsordning for nyankomne innvandrere(introduksjonsloven)

Tal klagesaker i 2008 er 4. Alle sakene gjeld stans av introduksjonsprogrammet. Ei av sakene er ferdigbehandla og utfallet vart at klagaren ikkje fekk medhald. Dei tre andre er ikkje ferdigbehandla - dei kom inn i desember.

Vi reknar to vekeverk på dette området

78.4 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere og norskopplæring for asylsøkere

Tilskota er rapportert tertialvis.

Når det gjeld introksjonslova - informasjon/klage - viser vi til resultatområda 78.2 og 78.3

Resultatområde 79 konsultatsjonsprosedyrer mellom statlige myndigheter og sametinget

Uaktuelt.

Ressursrapportering

Resultatområde	FMSF	Sum
1510 Fagdep. 1510 Fagdep.		
Resultatområde 73	14	62
Resultatområde 74	4	2
Resultatområde 78	12	5
Resultatområde 79		0
Sum:	30	69

Helse- og omsorgsdepartementet

Resultatområde 75 Habilitering og rehabilitering

75.1 Habilitering og rehabilitering

21 kommunar av 26 oppgir at dei har koordinerande eining for re/habilitering i kommunen. Organiseringa varierer, og nokre kommunar skil mellom koordinering av habilitering for barn og unge, og rehabilitering for vaksne over 18 - 20 år.

75.2 Barn med nedsatt funksjonsevne og deres familier

3 modular av TAKT programmet vart arrangert for kommunar i Sogn og Fjordane i 2008. Programmet var gjennomført i 2007 første gong, og vart tilbydd resten av kommunane i 2008. 35 deltagarar gjennomførde programmet i 2008. Tilsaman har 23 av 26 kommunar i Sogn og Fjordane gjennomført opplæringsprogrammet i 2007 og 2008.

75.3 Unge personer med nedsatt funksjonsevne i alders- og sykehjem

Tal frå Helsedirektoratet synte at det var rapportert 5 personar under 50 år i omsorgsbustader eller sjukeheimar. Fylkesmannen har vore i kontakt med alle kommunane som hadde rapportert om at det var personar i omsorgsbustad eller sjukeheim. For 2 kommunar er det feilrapportering for avlastningsbustad. Fylkesmannen har vore i kontakt med pårørande til dei øvrige 3 personane som alle opplyser at dei ønskjer det tilbodet dei no har.

Resultatområde 76 Kvalitet og samhandling

76.1 Samarbeid mellom 1. og 2. linjetjenesten

Samarbeidet mellom Helse Førde HF og kommunane er formalisert i løpet av 2008:

- Kontaktmøte mellom styret i helseføretaket og ordførarene som er regionsrådleiarar eller ordførar i vertskommune for sjukehus.
- Eit koordineringsråd med representantar for Helse Førde HF og kommunane
- Fagråd som arbeider fram saker til Koordineringsrådet.
- Samarbeidsavtaler mellom helseføretaket og kommunane

Fylkesmannen har vore med på å få det formaliserte samarbeidet på plass og har møte- og talerett i Koordineringsrådet.

Det er gjennomført ei stor pandemiøving med deltaking frå alle kommunane og Helse Førde. Dette vurderer vi som viktig i eit samhandlingsperspektiv.

Fylkesmannen har arrangert eller vore medarrangør på fleire samlingar/konferanser med ulike tema der målgruppa både har vore første- og andrelinetenesta.

I høve ikt-innføring i helsetenesta har vi ikkje spela noko nemnande rolle.

76.2 Individuell plan

Bruk av IP er følgt opp i møte med alle kommunane. Talet på IP har auka innan psykisk helsevern. Alle kommunane har prosedyre for utarbeiding av IP, men rollen som koordinator er ikkje godt nok forankra i leiinga i mange kommunar.

Fylkesmannen har gjennomført eit læringsnettverk for fire kommunar i fylket. Målsettinga med nettverket var å lære kommunane metodar for kvalitetsforbetring. Alle forebringsprosjekta hadde fokus på auka brukarmedverknad. Ein av kommunane valte IP som sitt forbetningsprosjekt. Dei jobba særskilt med å få til betre rutinar rundt det å velje koordinator samt korleis kommunene systematisk skulle følgje opp alle koordinatorane.

Erfaringane frå dette prosjektet vart formidla på eit leiarnettverk for helse- og sosialleiarane i fylket.

76.3 Nasjonal strategi for kvalitetsforbedring i sosial- og helsetjenesten

Eit to-årig nettverk i kvalitetsforbetring vart avslutta i 2008 med tema å ta brukaren på alvor. Det er ikkje starta noko nytt nettverk. Vår erfaring er at nettverka er nyttige for dei som deltek og i høve dei tema det vert arbeidd med. Problemet er at det berre er eit fåtal av kommunane, og at vi berre får teke opp einskilde tema. Det krev og mykje ressursar frå vår side. Vi kan heller ikkje seie at kommunane som har vore med på dei ulike forbettingsprosjekta vi har gjennomført dei seinare åra, har vorte sjølvhjelpte og halde fram med systematisk kvalitetsforbetringssarbeid på eiga hand. Det er grunn til å stanse opp å drøfte kva som er den beste strategien for å løfte kommunane på dette området.

Vi har begynt å nytte ein annan metode i kvalitetsforbetring ved at vi har fleire samlingar om same tema der kommunane må førebu seg før samlingane og arbeide saman under samlingene. Dette er nytta i høve arbeid med beredskapsplanar og i høve sakshandsaming og tildeling av tenester.

Internkontrollen er tema på dei fleste tilsyna våre og gjerne i etterarbeidet etter tilsyn.

76.5 Felles digitalt nødnett

Vi har informert om stoda for det nasjonale prosjektet på eit seminar for leiarar i helse- og sosialtenestene.

Resultatområde 77 Andre oppdrag

77.1 Helsemessig og sosial beredskap

På dette området samarbeider vi tett med Fylkesmannen sin beredskapsseksjon. Dei gjennomfører årleg rettleiingbesök i om lag ein fjerdepart av kommunane i fylket. På desse møta er helsemessig og sosial beredskap eit fast punkt. Fylkesmannen gir tilbakemelding på planverket og rettleiing om moglege forbettingspunkt.

I samarbeid med beredskapsseksjonen har vi i 2008 gjennomført eit opplæringsprogram for kommunane. Opplæringa bestod av to dagssamlingar. I mellomperioden skulle kommunane jobbe med konkrete forbetringar av planverket. Tema for samlingane var: ROS-analyser, tiltakskort, oppbygging av planverk og informasjon og kommunikasjon i ein krisesituasjon. Det var god deltaking på seminara, og tilbakemeldingane frå kommunane var at seminar var lagt opp på ein slik måte at dei bidrog til å betre planverket.

I tillegg til desse to seminara har vi også hatt ei eiga dagssamling om psykososial beredskap og kommunale kriseteam.

Fylkesmannen har i samarbeid med Helsedirektoratet gjennomført ei pandemiøving for alle kommunane og helseføretaket. Vi viser til eigen artikkel om dette i Helse- og sosialmeldinga for 2008.

77.2 Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Vi har ikkje hatt slike saker i 2008.

Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMSF	0	0
Sum	0	

77.3 Særfradrag

Vi har i 2008 ferdigbehandla 14 saker.

I ei av sakene er det klaga på vårt vedtak og saka blei sendt vidare til Helsedirektoratet for vidare handsaming av saka.

I ei sak har vi komme til at vi var inhabile i saka og bede om at Helsedirektoratet oppnemner settefylkesmann for vidare handsaming av saka.

Vi har i gjennomsnitt om lag ein månads sakshandsamingstid på særfrådragssaker.

Særfradrag for utgifter til behandling utenfor den offentlige helsetjenesten. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid.

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMSF	14	30
Sum	14	

77.4 Førerkortsaker

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har behandla 485 førarkortsaker i 2008. Sakene er registrert i register for førarkortsaker "Trafikk". Rapport er innsendt.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for vedtak der alle opplysningar er tilstades er 10 dagar. Ved innhenting av tilleggsdokumentasjon er reell tid 23 dagar.

Førerkort. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMSF	485	10
Sum	485	

77.5 Pasientjournaler

Pasientjournaler. Antall saker.

Embeter	Antall
FMSF	0
Sum	0

77.6 Rett til trygderefusjon

77.7 Helse- og sosialmelding

Helse- og sosialmeldinga er under utarbeiding og vil bli ferdig innan fristen 1.3.08.

77.8 Rettssikkerhet ved ytelse av helsehjelp med hjemmel i Pasientrettighetsloven kap. 4A

Vi har halde kurs for leiarar, opplæringsansvarlege/nøkkelpersonell og anna helsepersonell i fylket, ca 180 deltagarar.

Resultatområde 83 Folkehelsearbeid

83.1 Folkehelsearbeid generelt

Fylkesmannen har eit tett samarbeid med fylkeskommunen om partnerskapet for folkehelse. 20 av 26 kommunar i fylket har underteikna partnersakpskontrakt med fylkeskommunen. Det vert arrangert faste samlingar for koordinatorane i partnerskapskommunane fire gonger per år, i 2008 vart den eine samlinga avlyst grunna litra påmelding. Dessutan var alle kommunane inviterte til å delta på eit vekes kurs på høgskulen for folkehelse i Göteborg i april. Det er oppretta tverrfaglege folkehelsegrupper ved alle dei vidaregåande skulane i fylket. Sosiale skilnader i helse var eit av fleire tema på samlinga.

I mars arrangerte vi eit to dagars kurs med innføring i dei ulike handlingsplanane; fysisk aktivitet, ernæring og tobakk, og om korleis ein skal få til ein motiverande helsesamtale. Målgruppa var helsepersonell, personell som driv med helsefremjande og førebyggande tiltak, ca 70 deltakarar var svært godt nögde med kurset. På kurset for turnuslegar, -fysioterapeutar og -kiropraktorar var sosiale skilnader i helse eit tema som vart teke opp.

I september var helsestasjonen si rolle i høve til å jamne ut sosial ulikskap i helse tema for ei samling der tilsette på helsestasjon var målgruppe saman med andre. Andre tema på samlinga var: Vald i nære relasjoner, kjønnslemlesting og helsetilstand blant innvandrarar og teiepliksreglar i høve til tverrfagleg samarbeid.

Fylkesmannen har kome med innspel til revisjon av kommuneplanar og kommunedelplanar i 7 kommunar i 2008. I 2008 er det oppretta ei tverrfagleg gruppe som skal kome med innspel til kommunane sine planar, der helse- og sosial avdelinga deltek saman med dei andre fagavdelingane. I vår handsaming og innspel til kommunane har vi peika på krav om helsekonsekvensutgreiingar og krav om plan for universell utforming.

Folkehelsearbeid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMSF	0	
Sum	0	

83.2 Miljørettet helsevern

Fylkesmannen har hatt ei sak til handsaming. I samråd med klagar vart vi samde om at det var føremålstenleg at saka vart handsama etter forureiningslova, og saka vart difor overført til Fylkesmannen si miljøvernavndling.

83.3 Ernæring, fysisk aktivitet og tobakk

Som eit ledd i spreiingsarbeidet med å formidle erfaringar frå modellskulane for fysisk aktivitet og måltider i skulen, arrangerte vi saman med ressursgruppene og høgskulen seminar to stader i fylket, i februar 2008. Temaa der var korleis få til ein time fysisk aktivitet per dag, og formidling av erfaringar med frukt- og grøntordning, samt å følgje opp retningslinjene for skulemåltid. I tillegg vart gjennoomføring av FRI-programmet presentert av ein kursleiar, og diskutert blant deltakarane.

Fylkesmannen har sendt ut eit kartleggingsskjema etter modell frå Hordaland. Dessverre har vi sett svarfristen noko seint. 20.02. Vi håpar at vi kan gi endeleg rapport for deltaking i skulefruktordninga, FRI-programmet og om skulane gjennomfører ein time fysisk aktivitet seinare.

Resultata så langt er:

- I Sogn og Fjordane er det 26 kommunar, og skular frå 19 kommunar har svart. Tilsaman har 46 av 131 skular svara, til no er altså svarprosenten 35.
- Det er 19 skular med ungdomstrinn som førebels har svara på kartlegginga. Her er alle elevane med på FRI - programmet, Vi veit og at alle kommunane har skular med på programmet.
- 41 av skulane svarar at dei har skulefruktordning, det tilsvarar 89 % av dei som har svara.
- 20 av skulane seier dei har ein time fysisk aktivitet kvar dag, det tyder at 43 % av skulane som har svara har ei slik ordning.

Tobakk

FRI-programmet vert gjennomført ved alle ungdomsskulane i alle kommunane i fylket. Partnerskapsavtalen med Nasjonalforeningen for folkehelse har ført til at dei har delekte aktivt i markeringa av Verdens tobakksfrie dag, og

sameleis i å annonser og gjennomføre tobakksslutt-kurs.

Ressursgruppa mot tobakk har hatt 3 møte i løpet av 2008. Gruppa har fått fleire nye deltagarar i 2008. Kreftforeningen deltek i gruppa, og har orientert oss og fylkeskommunen om sitt engasjement og program i samband med innføring av tobakksfri skuletid i vidaregåande skule. Frå Helse Førde er leiaren i Lærings- og meistringssenteret oppnemn, og det er oppnemd ny representant for ungdomsskulane. Ssamarbeidsavtalen med Sogn og Fjordane fotballkrets er vidareført, og vert markert med banner om "Tobakksfritt på sidelinja" ved alle turneringar for aldersbestemde klassar, og med merke på overdelen til dommarar og støtteapparatet. Det var stor markering av Verdens røykfrie dag, Det var markering på dei fleste (alle) vidaregåande skulane i fylket, med god støtte og deltaking frå folkehelsegruppene, spesielt var tannhelsetenesta svært aktive. Fleire arbeidsplassar markerte og dagen, med utdeling av Gerberaer og servering av frukt og grønsaker. Vi prøvde å arrangere eit kurs om korleis leve med KOLS, saman med Høgskulen men det vart avlyst på grunn av for lite påmelding. Overlege Frode Gallefoss heldt innlegg om å leve med KOLS for Ressursgruppa sitt møte i oktober. I samband med markeringa av Verdens røykfrie dag delte vi ut fylket sin førdste "Røykfri-pris" til Venke og Kjartan Olafsson i Florø for deira arbeid både i ressursgruppa og i det tobakksførebyggande arbeidet i fylket gjennom mange år. Fylkeskommunen lagar rekneskap og rapport for alle aktivitetsmidlane som er delte ut.

Fysisk aktivitet

Fylkeskommunen har etablert dansegrupper i 8 kommunar i fylket, etter modell med Ung til ung formidling. Partnerskapet har støtta opp om etablering av lågterskeltibod i dei fleste kommunane. Spesielt er det gitt både råd og økonomisk støtte til etablering av "Aktiv på dagsid" og "Frisklivssentral" i tre kommunar ; Sogndal, Førde Flora, og Stryn i samarbeid med nabokommunar. I samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane arrangerte partnerskapet også i 2008 ein tverrfagleg konferanse om fysisk aktivitet, idrett læring, meistring og spesialisering. Ca 110 deltagarar målgruppe, skuleetaten, trenarar og andre interesserte. Sogndal kommune har også laga eit eige tiltak med fysisk aktivitet for eldre. Prosjektet tek sikte på å få eldre til å leve så aktivt som muleg, og mosjon er vorte ein del av dei eldre sin kvardag. Prosjektet tok mot diplom frå kommunalministeren i desember 2008. Fylkeskommunen lagar eigen rapport med rekneskap på tilskot til fysisk aktivitet og for tilskot til lågterskel tilbod.

Ernæring

Ressursgruppa for ernæring har hatt 3 møte, der vi har sett opp eigen handlingsplan og drøfta aktuelle program. Kursa om sunn mat i barnehagane som vart gjennomførte i 2007, vart følgde opp med informasjon og oppmoding om å verte "Mer"-barnehagar i 2008, talet på barnehagar har auka. Vidare har temaet vore oppe under aktuelle tiltak og tema, for samlingar for barnehagetilsette og leiersamlingar for skule- og oppvekstsektoren i kommunane i fylket. Tannhelsetenesta har utarbeidd ein samarbeidsavtale mellom skulehelsetenesta, helsestasjon for å styrke samarbeidet og kvalitetssikre informasjonen som vert gitt til ungdommen. Tannhelsetenesta har også teke initiativ til å markere Den internasjonale vanndagen. Samarbeidet med Sogn og Fjordane fotballkrets og det frivillege skyttarvesenet har halde fram i 2008, der dei har forplikta seg til å servere frukt og grønt på fotballkampar og på skyttarstemne.

Sunn mat i barnehagane er følgt opp gjennom deltaking i prosjektet Fiskesprell. Over 40 barnehagar i fylket deltek i prosjektet i skuleåret 2008 - 2009.

Det føreligg politisk vedtak i fylkeskommunen der kantinene i vidaregåande skule skal tilby sunn mat. Alle dei vidaregåande skulane har fått tildelt vanndispensarar. På verdens tobakksfrie dag vart vatn som tørstedrykk marknadsført, sameleis vart det servert frukt og grønt på dei fleste skulane. 4H i fylket har gitt tilbod om Matskule som eit skulefritidstilbod i eit par kommunar i fylket, dei har planar om å utvide aktiviteten, og har spesielt fokus på sunn og kortreist mat. Høgskulen har planlagt å starte opp eit etter- og vidareutdanningstilbod i ernæring frå 2009. På kurs om helsesamtale, vart handlingsplan for eit betre kosthald presentert som eit av temaene. Vidare har vi gjennomført eit to-dagars kurs om ammekyndig helsestasjon i samarbeid med direktoratet. Fylkeskommunen lagar rekneskap og rapport for alle aktivitetsmidlane som er delte ut.

83.4 Forebygging av osteoporose og osteoporotiske brudd

Fylkesmannen har ikkje hatt eigne tiltak på området, men har gjennom fleire samlingar med tema fysisk aktivitet vektlagt kor viktig det er med fysisk aktivitet for å forebygge beinbrot og å øve opp god balanse. Eige tema på koordinatorsamling / folkehelsedagane for Sogn og Fjordane på Skei hotell 21.oktober, med innlegg av professor Astrid Bergland, frå Høgskulen i Oslo om fallførebygging i eldremomsorga. På same konferansen hadde professor Lars Edgren frå Nordiska høgskolan for folkehelsevitenskap førelesning om samhandling med folkehelse og fysisk aktivitet som tiltak. 3 kommunar presenterte sine prosjekt om "Trygge eldre". Prosjektet sitt føremål er først og fremst å forebygge lårhalsbrot.

83.5 Forebygging av uønsket svangerskap og abort

Fylkesmannen har i 2008 delt ut 96.000,- til å førebyggje uønska svangerskap og abort. Fem kommunar fekk tildelt midlar. To studentsamskipnader i samarbeid med lokale helsestasjonar fekk midlar direkte frå Helsedirektoratet.

Fylkesmannen prøvde å arrangere ein konferanse med tema om kjønnslemlesting og tvangsekteskap som tema i mai, men den måtte avlysast på grunn av lite påmelding. I staden arrangerte vi ein konferanse i september, der temaet var vald i nære relasjonar, og Bufetat orienterte om sitt prosjekt om kjønnslemlesting. 60 deltagarar var med på konferansen.

20 - 21.november arrangerte Fylkesmannen i Hordaland ein konferanse med tittel, "I møte med helseskadelege tradisjonar", for både Hordaland og Sogn og Fjordane. Dessverre var det berre representanten frå Fylkesmannen som deltok der. Det vart avtala at vi skulle følgje opp konferansen og sjå på korleis vi skulle samarbeide om temaet. Det er innkalla til samarbeidsmøte mellom alle tre fylka i helseregionen i februar.

83.6 Smittevern

Fylkesmannen gjennomførte i mai 2008 smittevernkonferanse med om lag 50 deltagarar. Tema for konferansen var pandemi: Samhandling mellom kommunar og spesialisthelsetenestene, distribusjon og indikasjon for bruk av antivirale medikament, lokale smitteverntiltak i kommunane, forventingar til kommunane i samband med distribusjon og prioritering av vaksine, korleis kommunane bør førebu seg til ein pandemi og erfaringar frå samarbeid mellom Matilsyn og kommunehelsetenesta etter matbåren smitte.

Konferansen var eit ledd i førebuinga til pandemiøvinga som vart gjennomført i november 2008.

På pandemiøvinga deltok alle kommunane i fylket. Totalt var om lag 150 personar til stades. Vi viser til nærmere omtale av øvinga i Helse- og sosialmeldinga 2008.

Det er førebels ikkje planlagt ny smittevernkonferanse, men Fylkesmannen vil følgje opp kommunane i forhold til utfordringar som blei avdekte på pandemiøvinga.

Alle kommunane i fylket har infeksjonskontrollprogram. Ein kommune har ikkje samarbeidsavtale med Helse Førde. Fylkesmannen har vore i dialog med - og følgt opp denne kommunen. Vi samarbeider med hygienesjukepleiar ved Førde sentralsjukehus og får jamleg oppdatering om blant anna arbeidet med infeksjonkontrollprogram i dei enkelte kommunane.

Fylkesmannen har ikkje hatt smitteversaker til behandling i 2008.

Resultatområde 84 Primærhelsetjeneste

84.1 Allmennlegetjenesten inkludert fastlegeordningen

I følgje NAV-statistikken er fastlegesituasjonen vesentleg betra dei seinare åra slik at berre 3 % av listene er utan lege. Fylkesmannen får likevel stadig uromeldingar, og ei rundspørjing til alle kommunane viser at heile 42 % av kommunane opplever situasjonen som vanskeleg eller utfordrande når det gjeld å rekruttere og behalde fastlegar. 19 % av fastlegelistene har vikarar og 22 % av legane har vaktfritak. Situasjonen er nærmere skildra i eigen artikkel i helse- og sosialmeldinga.

- Akseptabel vaktbelastning er vanskeleg å få til fleire stader. Nokre kommunar løyser dette ved å ha eigne legar til å køyre legevakt.
- Legedekninga på sjukeheimane varierer, men vi har ikkje grunnlag for å seie at dekninga ikkje er forsvarleg.
- Fylkesmannen har ikkje systematisk kunnskap om samhandlinga mellom kommunane og fastlegane, men vi har registrert lite uro og konfliktar.
- LAR-behandling er lite utbreidd i fylket, og Fylkesmannen har ikkje motteke opplysningar om problem i høve dette behandlingstilbodet.
- Fastlegene er gjennom brev gjort kjent med retningslinjene for røykeavvenning og tilgjengelige kursleiarar i røykeslutt. Liste over kursleiarar ligg også på heimesida vår.

84.2 Turnustjeneste

Fylkesmannen har arrangert to kurs i offentleg helsearbeid for turnuslegar, turnusfysioterapeutar og kiropraktorar.

Vi har eit opplegg med grupperettleiing av turnuslegar både i kommunehelsetenesta og i spesialisthelsetenesta. Vi viser til eigne artiklar i helse- og sosialmeldinga om dette.

84.3 Lov om helsetjenesten i kommunene, klager og godkjenninger

Klagesaker handsama av Helsetilsynet i fylket er rapportert til Statens helsetilsyn.

Vi har gjennomført kurs i ny forskrift om legemiddelhandtering for helsepersonell og leiarar i sosial- og helsetenesta, spesialisthelsetenesta og tannhelsetenesta, ca 100 deltagarar.

Lov om helsetjenesten i kommunene med tilhørende forskrifter. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMSF	0	0
Sum	0	

84.4 Helsetjenesten til innsatte i fengsel

Der er eitt fengsel i fylket. Dette ligg i Vik kommune. Det er skriftleg samarbeidsavtale mellom Vik kommune og DPS i Sogndal.

Fylkesmannen har vore i møte med alle kommunane i fylket. I desse møta var det særleg fokus på psykisk helse og helsestasjonsarbeid. Eit av tema på møta var individuell plan. Frå Vik kommune møtte representant frå psykiatritenesta, som også yter helsetenester i Vik fengsel.

Fylkesmannen har også følgt opp Vik fengsel i forhold til utarbeiding av nye rutinar for medikamentshandtering og LAR-behandling.

84.5 Helsetjenestetilbud til asylsøkere og flyktninger

Fylkesmannen arrangerte smittevernkonferanse for helsestrær, legar og andre interesserte 20. mai. Konferansen hadde 56 deltagarar.

Fylkesmannen har ikkje full oversikt over kor mange som nyttar rettleiaren, *IS-1022 Helsetjenesten til asylsøkere og flyktninger*, men Fylkesmannen har orientert helsepersonellet i fylket om rettleiaren på samlingar for helsestrær og anna helsepersonell.

84.6 Helse- og sosialtjenester i et flerkulturelt samfunn

Tilrettelegging av tilbod for framandkulturelle innbyggjarar er lagt vekt på i partnerskap for folkehelse. Innvandrarar er ei viktig målgruppe både når det gjeld oppfølging av handlingsplan for auka fysisk aktivitet og betre kosthald i befolkningen. Flyktningar og asylsøkjarar er også ei viktig målgruppe, når vi tek opp tema om sosiale skilnader i helse. Om temaet kjønnsleesting og tvangsekteskap har vi eit samarbeid med dei andre fylkesmennene i regionen. Vi har ikkje lukkast i å arrangere eigen konferanse. Vi kjenner til at helsestyrgruppa i fylket har hatt oppe temaet fleire gonger på eigne fagmøte.

84.7 Helsetjenestetilbud til personer utsatt for seksuelle overgrep eller vold i nære relasjoner

Det er gjennomført kompetanseheving retta mot helse- og sosialpersonell i kommunane. Det er gjennomført regional samling i Bergen om den nye rettleiaren. Overgrepstutsette kvinner vert vist til Kvinneklinikken, Førde sentralsjukehus som har utvikla komptanse og rutinar. For overgrepstutsette menn og barn har vi samarbeid med akuttmottak i Bergen.

84.8 Helsestasjons- og skolehelsetjenesten

Det har vore gjennomført kompetanse tiltak med føredrag om sosiale skilnader i helse, og sett fokus på helsestasjonen sin rolle og eit verkty for å jamne ut skilnader i helse. Vidare vart det arrangert todagars konferanse med presentasjon av tiltak i handlingsplan for fysisk aktivitet, betre kosthald i befolkninga, og strategiplan for tobakksarbeidet og ein heil dag om endringsarbeid i helsetenesta, med vekt på korleis ein kan gjennomføre ein "helsesamtale". Målgruppa var helsestasjon, skulehelsetenesta, trenarar og andre interesserte. Ca. 70 deltakrarar på den eine konferansen, og 60 på den andre.

Helsestasjon og skulehelseteneste var også målgruppe for ein konferanse der sped- og småbarnsernæring, retningslinene for ein ammekyndig helsestasjon og implementering av desse var hovudfokus. Det vart og sett fokus på tilbodet om gratis vitamin D-tilskot til spedbarn med ikkje-vestleg innvandrarbakgrunn.

84.9 Svangerskapsomsorgen

Fylkesmannen har gjennomført kurs om gjennomføring av helsesamtale. Blant anna deltok jordmødrer og helsesøstrer.

I tillegg blei det gjennomført konferanse om sped- og småbarnsernæring og implementering av ammekyndig helsestasjon.

Kartlegging av jordmordekning og implementering av helsekort for gravide er utsett til våren 2009.

84.10 Kjønnslemlestelse

Fylkesmannen prøvde å arrangere ein konferanse med tema om kjønnslemlesting og tvangsekteskap som tema i mai, men den måtte avlysast på grunn av lite påmelding. I staden arrangerte vi ein konferanse i september, der temaet var vald i nære relasjonar, og Bufetat orienterte om sitt prosjekt om kjønnslemlesting. 60 deltakrarar var på konferansen.

20. - 21. november arrangerte Fylkesmannen i Hordaland i samarbeid med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ein konferanse med tittel, "I møte med helseskadelege tradisjonar", for begge fylka. Alle kommunane i Sogn og Fjordane og Hordaland var inviterte. Ingen representantar frå kommunane i Sogn og Fjordane møtte. Det vart avtala at vi skulle følgje opp konferansen og sjå på korleis vi skulle samarbeide om temaet. Det er innkalla til samarbeidsmøte mellom alle tre fylka i helseregionen i februar.

84.11 Tannhelse

På fylkesnivået er tannhelsetenesta representert både i ressursgruppa for ernæring og ressursgruppa for førebygging av tobakk. Sameleis er tannhelsepersonell alltid med på samlingar for dei kommunale folkehelsekoordinatorane i fylket. Tannhelsetenesta deltek i alle folkehelsegruppene på dei vidaregåande skulane i fylket.

Sjå eigen artikkel om *Tannhelsetenesta - ein aktiv partner i folkehelsearbeidet* i helse- og sosialmeldinga for 2008. Alle kommunane er kontakta om tannhelsetenesta si rolle i folkehelsearbeidet. Tannhelsetenesta har orientert kommunane om dei nye rettane for rusavhengige og psykisk sjuke med omsyn til tannhelsetenester.

Resultatområde 85 Spesialhelsetjenesten

85.1 Abortloven

85.2 Sterilisering

Ingen behandla søknader dette året.

85.3 Lov om transplantasjon

Ingen saker

85.4 Tillatelse til å rekvirere sentralstimulerende legemidler

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gitt 10 generelle løyve til spesialistar og 119 spesielle løyve til fastlegar o.a. Løyva fordelar seg på 58 legar. Av pasientane er 37 over 18 år og 82 under. Fristen er halden i alle sakene.

Tillatelser til å rekvirere sentralstimulerende legemidler. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMSF	129	21
Sum	129	

85.5 Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep

Ingen saker

Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMSF	0	0
Sum	0	

85.6 Godkjenning av private sykehus, privat medisinsk laboratorie- og røntgenvirksomhet*

Ingen saker.

85.7 Funksjonsprogram for nye offentlige sykehusbygg

Ingen saker.

Resultatområde 86 Omsorgstjenester

86.1 Omsorgsplan 2015

Organisering av arbeidet med Omsorgsplan 2015

Vi har oppretta ei eiga gruppe som har ansvar for arbeidet med Omsorgsplan 2015. Gruppa har tre faste medlemmar med helse- og sosialfagleg kompetanse. I tillegg har vi gjort avtale med fylkesmannen sin stab om å hente inn økonomifagleg kompetanse til gruppa når dette er nødvendig. Vi har også godt samarbeid med landbruksavdelinga og fylkeskommunen si opplæringsavdeling. Gruppeleiar kallar inn til møte etter oppsett møteplan og ved behov.

Som del av arbeidet med omsorgsplan 2015 har vi også oppretta ei såkalla koordineringsgruppe. Til denne gruppa kallar vi inn nokre leiarar i den kommunale pleie- og omsorgstenesta, aktuelle yrkesorganisasjonar, høgskulen si avdeling for helsefag, og avd. for samfunnsfag, fylkeskommunen si opplæringsavdeling, fagskulen i Sogn og Fjordane, KS, Aksjon helsefagarbeidar, Opplæringskontoret for offentleg sektor, Kommunal kompetanse, fylkesmannen si utdanningsavdeling, undervisningssjukeheimen i Førde og NAV. Det vert halde eit møte i året. Aktuelle tema som gjeld Omsorgsplan 2015 vert teke opp. Føremålet med denne gruppa er mellom anna å orientere kvarande om situasjonen og utfordringar i den kommunale pleie- og omsorgstenesta sett frå dei ulike aktørane sin

ståstad, og sikre innspel i Fylkesmannen sitt vidare arbeid med omsorgsplanen.

Fylkesmannen arrangerer nettverksamlingar for leiarar i helse- og sosialtenestene i fylket to gonger i året. Denne arenaen nyttar vi mellom anna til å orientere om og ta opp tema som gjeld omsorgsplan 2015.

Kompetanseløftet 2015

Alle kommunene rapporterer ikkje sine resultat- og plantal innan fristen 01.februar. Fylkesmannen legg ned mykje ekstra arbeid med å purre på denne rapporteringa slik at vi kan halde vår frist for vidare rapportering. Det knyter seg framleis stor usikkerheit til personellstatistikken i pleie- og omsorg og om veksten i talet på årsverk som KOSTRA tala tyder på er reell. Talet årsverk for tilsette med fagutdanning aukar i fylket. Det er størst andel ufaglærde innan tenestene til psykisk utviklingshemma. 8 av 26 kommunar har likevel reduksjon i talet på årsverk frå 2006 - 2007. Kommunane samla rapporterer om planlagd vekst i talet på årsverk 2008 og 2009.

Sjølv om det er oppretta ulike desentrale utdanningstilbod både for vaksne og ungdom i fylket, går søkjartalet til helsefagarbeidarutdanninga ned. Den største utfordringa i dette fylket framover vil vere å rekruttere ungdom til denne utdanninga. Kun 20 elevar melde si interesse for å vere med på konferanse om helsefagarbeidarfaget. Konferansen var planlagt som eit rekrutteringstiltak og var eit samarbeid mellom Aksjon helsefagarbeidar, Fylkesmannen og fylkeskommunen.

Søknad til fagskuleutdanninga i psykisk helsearbeid har til no våre låg, medan det er tilfredstillande søknad til høgskuleutdanningane innan desse fagområda.

Både kommunane og dei ulike utdanningsinstitusjonane syner stor interesse for tilskotsmidlane knytta til Kompetanseløftet 2015. Kommunane seier at sjølv om tilskotet ikkje er stort, er det likevel eit viktig bidrag i kommunane sitt arbeid med rekruttering og kompetanseheving. Fylkesmannen hadde til rådvelde om lag ein tredjedel i høve til storleiken på kommunane sine søknader i 2008. Tilskotsmidlane har vorte tildelt etter vurdering og prioritering i fylkesmannen si omsorgsgruppe.

Demensplan 2015

Fylkesmannen si leiarnettverksamling haust 2008 var knytta til tema aktiv omsorg og Demensplan 2015. Mellom anna presenterte kommunar i fylket fleire prosjekt knytta til Demensplan 2015. Undervisningsjukeheimen la fram sine prosjekt. Kommunar som jobbar med pårørandeskule og opplæring av pårørende, og med dagtilbod for demente presenterte sitt arbeid for dei andre kommunane i fylket. Vi ser dette som ein viktig arena for å formidle kunnskap og gje råd og rettleiing om dei ulike tiltaka i Demensplan 2015 og for å skape engasjement og interesse hjå fleire kommunar.

Investeringstilskot til sjukeheimar og omsorgsbustader

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane samarbeider med Rogaland, Hordaland og Husbanken region Vest. Det er lagt opp til to møte i året der vi drøftar saker knytt til tilskotsordninga. To representantar frå omsorgsgruppa vår har delteke på desse møta. Vurdering og prioritering av kommunane sine søknader vert fortløpende handsama i embetet si omsorgsgruppe med deretter tilbakemelding med vår tilråding til Husbanken. Om status og melde behov så langt, sjå eiga rapportering under 86.4.

Kvalitet i helse- og omsorgstenesta

Sjå rapporteringa under 86.5.

Legetenester i sjukeheimar Undervisningssjukeheimar

Kommunane i fylket har rapportert lokal norm for legedekning i sjukeheimar. Det har vore ei utfordring for Fylkesmannen å innhente denne rapporteringa. Fleire runder med etterspurnad og purring måtte til. Resultata syner at kommunane i dette fylket legg opp til lågare legedekning på sjukeheimane enn resten av landet. Ny norm varierer mellom 0,12 legetime per veke per plass til 1,13 legetime per veke per plass. Om lag halvparten av kommunane i fylket har planlagt auke i timetalet.

Fylkeslegen har delteke på møte i styringsgruppa til undervisningssjukeheimen. Undervisningssjukeheimen har også ved fleire høve presentert sine satsingsområde på fylkesmannen sine nettverksamlingar for leiarar i helse- og sosialtenesta.

86.2 Demensplan 2015

Sjå punkt 86.1

86.3 Kompetanseløftet 2015

Vi har rapportert kommunane sine resultat- og plantal per 01.mars og 01.juli.

86.4 Investeringstilskudd til sykehjem og omsorgsboliger

Fylkesmannen har både i april og november 2008 bede kommunane rapportere om behov for nye/restaurering av sjukeheimslassar/omsorgsbustader. Rapportert uforpliktande behov er i overkant av 700. Sogn og Fjordane har fram til 2015 ein kvote på ca. 300 plassar/bustader. I 2008 fekk kommunar i Sogn og Fjordane investeringstilskot til 23 bustader.

86.5 Kvalitet i helse- og omsorgstjenesten

Fylkesmannen avslutta våren 2008 eit toårig prosjekt der fire av kommunane i fylket deltok i læringsnettverk og gjennomførte eit forbetningsarbeid som fokuserte på brukarmedverknad. Målet var å hjelpe kommunane med å drive kontinuerleg forbetningsarbeid og bidra til gode styringssystem som er synlege og gjeldande i heile organisasjonen deira. Kommunane fekk opplæring i metodar for forbetring og tok i bruk ulike verktøy i dette arbeidet. Dei gjorde målingar, held dialogkonferanse, brukte flytskjema og fekk opplæring i og gjennomførde intern revisjon. Forbetningsprosjekta vart presenterte på Fylkesmannen sitt leiarnettverk for helse- og sosialeiarane. Vi viser til eigen artikkel om dette i helse- og sosialmeldinga.

Fylkesmannen har gjennomført opplæring i sakshandsaming for tilsette i pleie- og omsorgstensta for alle kommunar i fylket (om lag 160 deltarar). I tillegg til opplæring i forvaltningslova sine reglar for handsaming av saker etter kommunehelsetenestelova og sosialtenestelova, fokuserte vi også på internkontrollen knyttta til sakshandsaminga. Deltakarane fekk opplæring i verktøy til bruk i forbetningsarbeid. Det vart arbeidd med sakshandsamingsprosess, rutinar og prosedyrar i eigen kommune i tillegg til sakshandsaming. Opplæringa var lagt opp med 3 dagssamlingar over tre månader i tillegg til heimearbeid i mellomperiodane (sjå også punkt 86.7). Vi viser til eigen artikkel om dette i helse- og sosialmeldinga.

Det er gjeve informasjon om kvalitetsindikatorar i pleie- og omsorgstenesta på ulike arenaer, mellom anna nettverksamling for leiarar i pleie- og omsorgstensta.

Vi har halde kurs i ny forskrift om legemiddelhandtering for helsepersonell og leiarar i sosial- og helsetenesta, spesialisthelsetenesta og tannhelsetenesta, ca 100 deltarar.

Vi har også halde kurs om reglane i nytt kapittel 4A i lov om pasientrettar, ca 180 deltarar (sjå også punkt 77.8).

86.6 Legetjenester i sykehjem. Undervisningssykehjem

Sjå omsorgsplan 2015 punkt 86.1.

86.7 Økt forvaltningskompetanse. Saksbehandling i helse- og sosialtjenesten

Alle kommunane har fått tilbod om kurs i sakshandsaming. Vi hadde kurs fire stader i fylket. Kvart kurs gjekk over tre månader, med samling ein gong i månaden og heimearbeid før kvar saming. Målet var at det gjennom kurset skulle skje eit forbetningsarbeid på sakshandsamingsområdet i dei kommunane som var med. Vi tok derfor utgangspunkt i sakshandsamingsprosessen og slik vi elles tenkjer om kvalitetsarbeid, før vi gjekk systematisk gjennom sakshandsamingsreglane med tanke på om dei var innarbeidde i prosessen.

Alle dei 26 kommunane deltok, dei fleste med grupper på minst tre. Rundt 160 sakshandsamarar og leiarar deltok i kurset. Vi vurderer dette som god deltaking. Tilbakemeldingane frå deltakarane var også gode. Vi tenkjer at leiarnettverket for helse- og sosialtenestene i fylket kan vere ein arena der vi følgjer dette arbeidet opp.

I helse- og sosialmeldinga vår for 2008 har vi ein eigen artikkel om korleis vi gjennomførte denne opplæringa.

86.9 Rettssikkerhet ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personer med psykisk utviklingshemming

Fylkesmannen har ikkje tilbydd anna opplæring i sosialtenestelova kap. 4A i 2008, enn å yte økonomisk støtte til konferansetilbod i regi av Stiftelsen SOR.

I tillegg utfører Fylkesmannen råd og rettleiing både telefonisk og i forlenging av tilsynsbesøk.

Med unntak av ei sak, har behandlingstida vore under 3 månader. I 3 saker har Fylkesmannen måttा purre på Vaksenhabiliteringa om uttale i saka, og her har det gått over 3 månader frå kommunen sine papir vart stempla inn, til kommunen fekk svar.

86.10 IPLOS – individbasert pleie- og omsorgsstatistikk

Alle kommunar i fylket har teke i bruk IPLOS. Det er framleis kommunar som ikkje har gjeve opplæring til tilsette som arbeider innan sosialtensta. Fylkesmannen får tilbakemelding om at tilsette innan sosialtensta mellom anna har utfordringar når det gjeld rapportering og manglande tilgang til verktøy.

IPLOS har vore tema på ulike samlingar i regi av Fylkesmannen, mellom anna nettverksamlingar for leiarar i pleie- og omsorgstenesta og samlingar med tilsette i den kommunale psykiatritenesta. Psykiatritenesta gjev tilbakemelding om at IPLOS-kartlegginga ikkje er godt nok tilpassa for deira brukarar/pasientar.

Vi etterspør IPLOS-kartlegging ved vår klagesakshansaming. Fylkesmannen har delteke på Helsedirektoratet si IPLOS-opplæring.

Resultatområde 87 Psykisk helse

87.1 Tvungen undersøkelse

Ingen saker.

87.2 Behandling uten eget samtykke

Vi har handsama 26 slike saker i 2008.

87.3 Privat forpleining i det psykiske helsevernet

Kontrollkommisjonen har i dag tilsyn hjå ein privat forpleiar

87.4 Godkjenning av institusjoner som skal ha ansvar for tvungent psykisk helsevern

87.5 Vedtak om overføring

Ingen saker.

87.6 Forpleining, kontroll og tilsyn med pasienter i det psykiske helsevern

87.7 Opptrappingsplan for psykisk helse

Sammenstilling av rapportering frå kommunane er sendt, jf. rundskriv IS-24/2007. Det er gjennomført erfaringsutveksling med kommunane med fokus på innhald, kvalitet og kompetanse i psykisk helsarbeid. Psykisk helsearbeid er kopla mot folkehelsearbeid og Opptrappingsplanen for rusfeltet gjennom felles møtepunkt og plan for samarbeid. Samarbeid med NAV fylke om Nasjonal strategiplan for arbeid og psykisk helse 2007 - 2012. Gjennomføring av lokale møte mellom NAV og teneste for psykisk helsearbeid, og gjennomføring av konferanse om temaet, der også helseføretak, arbeidsmarknadsbedrifter og brukarorganisasjonar var inkludert.

Alle kommunane har oppfyllt vilkår for utbetaling av øyremerka tilskot, men vi har halde tilbake mindre delar av beløpet til 3 kommunar i 2008. Årsak til dette er overføring av ubrukte midlar / tiltak som ikkje er sett i verk.

Satsinga Psykisk helse i skolen 2007/2008 er avslutta, jf. artikkelen i helse- og sosialmeldinga.

87.8 Dispensasjon fra forskrift om faglig ansvarlig for vedtak i det psykiske helsevernet

87.9 Godkjenning av psykiatriske poliklinikker

87.10 Gjennomføring av tvungent psykisk helsevern for personer som ikke har bosted i riket

Ingen saker.

Resultatområde 88 Rusområdet

88.1 Alkoholloven

Det har vore handsama 3 klager i 2008.

Fylkesmannen har avgjort søknader om skjenkeløyve til skip, samt skjenkeavgift.

88.2 Rusmiddelarbeid

Det er gjennomført 2 rusfagleg forum i 2008. Rusfagleg forum er ei samling som går over to dagar.

Tema vår 2008 - Rus og arbeidsliv - om haldninga. Det var ca 70 deltakarar med.

Tema haust 2008 - Tvang etter sosialtenestelova, og Legemiddelassistert rehabilitering (LAR) i S og Fj. Her var det ca 40 deltakarar.

Til begge samlingane var det brei målgruppe i kommunane, Nav, spesialisthelsetenesta, rusettervernet og ulike organisasjonar. Rusfagleg forum blir arrangert i samarbeid med Bergensklinikken, Helse Førde, fylkeskommunen og Rusettervernet.

Det er halde to tverrfaglege møte i Ressursgruppe rus med representantar frå Helse Førde, Bergensklinikken, Fylkeskommunen og Rusettervernet. Det er laga ein plan for kompetanseheving og samhandling frå 2008-2010

Psykiatri/Rus- og arbeid samarbeid med NAV jf. Opptrappingsplan for psykisk helse.

Rus har vore tema i ulike faglege fora.

To kommunar er med i forsøk med bruk av tillitspersonar, det er Stryn og Bremanger. Det er tilsett personar i tiltaket i begge kommunane.

Ressursrapportering

Resultatområde	FMSF	Sum	
1510 Fagdep. 1510 Fagdep.			
Resultatområde 75	3	3	0
Resultatområde 76	27	11	27
Resultatområde 77	58	2	58
77.4 Førerkortsake	39	0	0
Resultatområde 83	62	1	62
Resultatområde 84	19	1	19
Resultatområde 85	7	2	7
Resultatområde 86	29	28	29
Resultatområde 87	9	29	9
Resultatområde 88	2	17	2
Sum:	216	91	216
			91

Statens Helsetilsyn

Resultatområde 81 Tilsyn og klagesaksbehandling etter sosialtjenesteloven

81.1 Planlagte tilsyn

Det er gjennomført 8 sosialtilsyn.

6 av desse var landsomfattande tilsyn med tilbodet til heimebuande barn som har behov for tenester regulert i barnvern-, helse- og sosiallovgjevinga.

2 tilsyn var fellestilsyn med helsetilsynet om kommunale helse- og sosialtenester til eldre i omsorgsbustader.

81.2 Områdeovertakking

81.3 Klager etter sosialtjenesteloven

Det kom inn og vart handsama 102 klager etter lov om sosiale tenester. Alle sakene hadde kortare sakshandsamingstid enn 3 månader, 97 saker var ferdig innan 2 månader.

Fylkesmannen tok også avgjerd i 4 klager etter forskrift for vederlag for opphold i institusjon, sjukeheim.

81.4 Spesielle oppgaver etter sosialtjenesteloven kap. 4A

Vi mottok 279 enkeltmeldingar.

Det vart overprøvd og godkjent 25 vedtak, 14 etter § 4-5 tredje ledd b og 11 etter same paragraf c.

Det vart utført 13 stadlege tilsyn.

81.5 Andre oppdrag

81.6 Hendelsesbasert tilsyn

Fylkesmannen har med heimel i sosialtenestelova § 2-6 i 4 saker bede om nærmere opplysningar frå kommunen. Ingen av sakene gav grunn til vidare oppfølging.

Resultatområde 82 Tilsyn og klagesaksbehandling etter helsetjenestelovgivningen

82.1 Hendelsesbasert tilsyn

Tilsynssaker etter hendingar:

Saksstatistikk vert rapportert gjennom RegRot. Helsetilsynet får kopi av sluttdokument i saker der vi konkluderer med pliktbroter.

Politisaker:

Vi har hatt ein munnleg førespurnad frå politiet der dei bad oss vurdere behovet for obduksjon.

Streik:

Vi har rapportert til Helsetilsynet i samsvar med dei fristar som vart gitt.

82.2 Planlagte tilsyn

Vi viser til eiga rapportering til Helsetilsynet.

82.3 Områdeovervåking

Vi viser til artiklar i helse- og sosialmeldinga for 2008.

82.4 Klager etter helsetjenestelovgivningen

Saksstatistikk vert rapportert gjennom RegRot direkte til Helsetilsynet.

82.5 Andre oppdrag

Ingen saker.

Ressursrapportering

Resultatområde	FMSF		Sum	
	1510	Fagdep.	1510	Fagdep.
Resultatområde 81	55	31	55	31
Resultatområde 81.1 og 81.2	55	31	0	0
Resultatområde 82	94	10	94	10
Resultatområde 82.2 og 82.3	20	10	0	0
Sum:	149	41	149	41

Samferdselsdepartementet

Resultatområde 91 Avkjørselssaker etter vegloven

Fylkesmannen handsama to klagesaker om avkjørsle i 2008.

Resultatområde 92 Konsesjon til anlegg og drift av taubaner

Ingen saker i 2008.

Ressursrapportering

Resultatområde	FMSF	Sum	
	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.	
Resultatområde 91 og 92	1	1	0
Sum:	1	0	1

Utenriksdepartementet

Resultatområde 93 Apostiller

Apostille-saker vert handsama fortløpende. Publikum kan få løyst slike saker både på Statens hus i Leikanger og ved fylkesmannen si avdeling i Førde.

Resultatområde 94 Forberedelse av saker om honorære konsuler

Ingen saker om honorær konsul i 2008.

Ressursrapportering

Resultatområde	FMSF	Sum	
	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.	
Resultatområde 93 og 94	2	2	0
Sum:	2	0	2

Kultur- og kirkedepartementet

Resultatområde 95 Tros- og livssynssamfunn

I 2008 handsama vi ein søknad om registrering av nytt trussamfunn og søknaden vart avslegen. Vi godkjende to nye forstandarar. Utbetalt statstilskot til registrerte og uregistrerte trussamfunn var på til saman 219 507 kroner, ein auke på om lag 8 500 kroner i høve til 2007. Vi mottok ingen klager over kommunale vedtak på dette området.

Vi opplever elles at enkelte trudomssamfunn har vanskar med å registrere medlemmer på ein god nok måte, og at ein derfor har utfordringar med å dokumentere medlemstalet sitt i samband med tilskotssøknader.

Resultatområde 96 Gravferdsloven

I 2008 mottok vi 12 søknader om oskespreiing mot 4 i 2007 og 15 i 2006. Vi imøtekomm 11 av søknadene.

Resultatområde 97 Lov om helligdager og helligdagsfred

I 2008 kom det inn 10 saker mot 8 saker i 2007. Sakene gjaldt dispensasjon fra opningstidene som er fastsette i lova. Dispensasjonssakene vart handsama fortløpande, og ved årsskiftet hadde vi ingen slike saker i restanse.

Ressursrapportering

Resultatområde	FMSF	Sum	
	1510 Fagdep. 1510 Fagdep.		
Resultatområde 95	4	4	0
Resultatområde 96 og 97	6	6	0
Sum:	10	0	10

Fornyings- og administrasjonsdepartementet

Resultatområde 98 Administrative oppdrag

98.1 Rekruttere og beholde medarbeidere

Embetet er IA-bedrift, og har fram til 31.12.08 avtale med bedriftshelsetenesta Frisk Bedrift AS. Det er utarbeidd retningslinjer for personalpolitikk inkl. livsfasepolitikk. Også seniorpolitikken er ein del av den samla personalpolitikken i embetet.

Gjennom fleire år har embetet hatt medarbeidarar utplassert på bakgrunn av tiltakslassar gjennom NAV. I alle tilfella har desse personane fått tilbod om å halda fram ein periode i ordinære engasjement/vikariat. I 2008 omfatta dette ein person i åtte månader.

Dørene i Statens hus blei i løpet av hausten er ombygd slik at huset no i hovudsak er tilpassa rørslehemma personar.

I 2008 var det fire personar med utanlandsbakgrunn i embetet. Ein er no slutta, og ingen nye er tilsett. Ut frå at det bur relativt få innvandrarar i vårt område, får vi ved utlysing av stillingar få søkerar med utanlandsbakgrunn som også er kvalifiserte. Det er eit mål i embetet å auka talet på tilsette med innvandrarbakgrunn til kring 5 % av arbeidsstokken i løpet av 2010.

Tilsatte med innvandrarbakgrunn

Embete	Antall 2008	% 2008	Antall 2009	% 2009
FMSF	4	3,4	3	2,6
Sum	4	0	3	0

98.2 Kompetanseutvikling

31.12.2008 hadde embetet 114 tilsette, 59 kvinner og 55 menn (51,7 % kvinner). Tilsvarande tal 31.12.2007 var 110, 51 kvinner og 59 menn (46,4 % kvinner). Kvinnedelen ved embetet er såleis auka i løpet av 2008.

Embetet tilsette to nye leiarar, begge var kvinner. Av 13 leiarar (inkludert nestleiarar og seksjonsleiarar) er det per 31.12.2008 framleis berre to kvinner, og prosenten kvinnelege leiarar er uendra fordi tilsvarande tal kvinnlege leiarar slutta eller kom fra annan leiarstilling i embetet. I leiargruppa vår er fordelinga tre kvinner og fem menn.

Gjennomsnittsløna for kvinner er per 31.12.2008 1st. 51, medan menn har gjennomsnitt 58. Snitt for embetet er 54. Snitt for saksbehandlarklasse er 1st. 52 for kvinner og 55 for menn.

Lønsforhandlingar i 2008 viser følgjande:

- Ved sentrale justeringsforhandlingar fekk 41 kvinner og 38 menn opprykk i løn.
- Ved lokale forhandlingar på særskilt grunnlag fekk 8 kvinner og 7 menn opprykk i løn (endra arbeidsoppgåver, meir ansvar).
- Ved årlege lønsforhandlingar i 2008 fekk 34 kvinner og 30 menn opprykk i løn. Av lønsmassen utgjorde kvinner 44,7 %, medan kvinner fekk 45,9 % av den summen som vart nytta ved dei lokale lønsforhandlingane.

Både ved hjelp av felles kompetansetiltak og individuelle vidareutdanninger prøver embetet å auka kompetansen. Det er eit mål å ha om lag like mange kvinner og menn som deltarar på kurs og konferansar, og som får støtte til individuell kompetanseutvikling. I 2008 ser det ut til at kvinner fekk om lag 45 % av dei kompetansemidlane som individuelt utdelt. Ved felles kompetansetiltak deltok det like mange menn som kvinner.

Fordeling menn/kvinner i lederstillinger

Embete	Kunngjorte lederstillinger	% tilsatte kvinner	% tilsatte menn	% kvinnelige ledere	% mannlige ledere
FMSF	3	67	33	2	5

Fordeling av kompetansemidler

Embete	% kompetanse kvinner	% kompetanse menn	% under 50 år	% over 50 år
FMSF	55	45	70	30

98.3 Medvirkning

Embetet har ein informasjonsstrategi som seier at viktige opplysningar skal bli kjent for dei tilsette straks informasjonen er tilgjengeleg. Embetsleiringa har difor gjeve informasjon på denne måten:

- To allmøte om forvaltningsreforma i 2008, eit møte om våren og eitt om hausten. Møta var halde på same tidspunkt som informasjonen blei frigjeve.
- Fire møte med tillitsvalde (møte etter hovudavtalen)
- Informasjon på intranettet vårt, inkl. eit diskusjonsforum på intranettet

98.5 Føringer på IKT-området

IKT tryggleik og bruk av lisensar

Vi har rapportert status på informasjonssikkerhetsarbeid og bruk av lisensar i i høve fristane.

GIS

I sakshandsaming vert webkartløysinga www.fylkesatlas.no nytta av vårt embete. Dette er ei innsynsløysing som er basert på Mapserver med Adaptive som er basert på open kjeldekode. Denne løysinga er eit samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Mange kommunar i fylket nytta også vår regionale løysing i sakshandsaming.

Internt og til meir krevjande geodata/GIS oppgåver nytta vi ArcGIS programvare som vi har tilgang til gjennom felles lisensserver.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har i 2008 vore representert i FAD sitt fagutval for kart/GIS og Temadataforum i Norge digitalt nasjonalt.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har utvikla Sjøfangstregisteret for DN som mellom anna inneheld eiga kartløysing. Vi har vidare drift og utvikling for denne løysinga i 2009.

Fylkesmannen har også delteke i Plan- og temadataprosjektet gjennom Norge digitalt for Sogn og Fjordane saman med Statens kartverk. Det er gjennomført fire kommunebesøk i 2008 og eitt SOSI-kurs for kommunane med spesiell fokus på arealplan.

98.6 FRI (Fylkesmennenes regionale informasjonsnett)

98.7 Trippelnett

Ut frå rapporteringskrav sender Trippelnett eigen rapport til FAD med frist 1. mars 2009.

98.8 Sentral drift av Fri rettshjelp-ordningen

Det er rapportert til FAD/Justisdepartementet i samsvar med rapporteringskravet pr. 1.10.2008. Vi viser til denne for utfyllende informasjon om prosjektstatus og særlege utfordringar.

Alle embata vart innfasa i løpet av året, med dei to siste i november. Alle fylka har gjennomført opplæringstiltak for advokatar og rettshjelparar, tilsaman ca. 65 kurs. Ved årsskiftet var det innkome 4781 saker via det elektroniske systemet, og det var registrert om lag 500 brukarar av tenesta. I prosjektet er det mot slutten av året også tillaga og innført ein eFaktura editor som gjer det mogleg å rette salærkrav i forhold til dei vedtaka som vert gjort. I samarbeid med SSØ har ein frå årsskiftet redusert utbetalingstida frå 30 til 10 dagar for advokatane som leverer elektroniske saker.

Fylkesmannen har løpende brukarservice på fast supporttelefon (57655100) og e-post. Sjå elles www.rettsrad.no for sjølve skjemaløysinga.

98.9 Drift av ePhorte helpdesk og ePhorte testsenter for fylkesmannsembetene

Resultatområde 99 Partistøtteordningen

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane fekk i oppdrag å lage elektronisk søknadsskjema som kommune- og fylkespartia skulle bruke etter valet 2007 for å søkje om statstilskot for registrerte politiske parti. Vi skulle også betale ut tilskot til alle kommune- og fylkesparti.

Søknadsskjema og saksbehandlingsprogram vart teke i bruk frå 1.1.2008. Søknadsskjemaet er laga i samarbeid med SSB. SSB skal ha inn økonomiopplysningar frå alle politiske parti innan 1. juli kvart år. Fylkesmennene skal også levere søknadsdata til SSB innan 1. april etter eit valår. Denne datautvekslinga kunne samordnast, men då måtte Fylkesmennene og SSB bruke ein felles nøkkel som identifiserar partia. SSB laga ein slik ID som vi og tok den inn i den elektroniske løysinga. Erfaringa er at søknadsskjemaet og saksbehandlingsprogrammet fungerte som planlagt og dei politiske partia fekk utvilsamt betre service og saksbehandlinga vart enklare.

I alt kom det inn ca 3100 søknader om statstilskot. Nokre vart avslechte og nokre søkte meir enn ein gong. I alt vart det utbetalt kr 102 593 791,80 til i alt 2879 parti. Utbetalingane vart lagt ut på nett samtidig med utbetalingane. Sjå eigen link: <http://partistotte.fylkesmannen.no/>

Vi har også laga ei side om Partistøtteordninga, sjå link: <http://www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=618>

Frå 1.10.2008 overtok vi frå Fylkesmannen Hedmark funksjonen som sekretariat for Partilovnemnda. I 2008 sette vi i gang arbeid med å lage ny heimeside for Partilovnemnda. Partilovnemnda er klageorgan for tilskotsordninga.

Ressursrapportering

Resultatområde	FMSF	Sum
1510 Fagdep. 1510 Fagdep.		
Resultatområde 99	17	17 0
Sum:	17 0	17 0

